C 539

Noregs offisielle statistikk

Official Statistics of Norway

# Standard for yrkesklassifisering

## Forkorta nynorsk versjon

Statistisk sentralbyrå

Statistics Norway

C 539

Noregs offisielle statistikk

Official Statistics of Norway

# Standard for yrkesklassifisering

## Forkorta nynorsk versjon

**Statistisk sentralbyrå • Statistics Norway**
Oslo-Kongsvinger

**Noregs offisielle statistikk**

I denne serien blir hovudsakleg primærstatistikk, statistikk frå statistiske rekneskapssystem og resultat frå spesielle teljingar og undersøkingar publiserte. Serien har først og fremst referanse- og dokumentasjonsformål. Presentasjonen skjer vesentleg i form av tabellar, figurar og nødvendig informasjon om datamaterialet, innsamlings- og bearbeidingsmetodar, samt omgrep og definisjonar. I tillegg blir det gitt ei kort oversikt over hovudresultata.

Serien omfattar òg publikasjonane Statistisk årbok, Historisk statistikk og Regionalstatistikk, samt Standarder for norsk statistikk og Veiviser i norsk statistikk.

**Official Statistics of Norway**

This series consists mainly of primary statistics, statistics from statistical accounting systems and results of special censuses and surveys, for reference and documentation purposes. Presentation is basically in the form of tables, figures and necessary information about data, collection and processing methods, and concepts and definitions. In addition, a short overview of the main results is given.

The series also includes the publications Statistical Yearbook of Norway, Historical Statistics and Regional Statistics, as well as Standards for Norwegian Statistics and Guide to Norwegian Statistics.

© Statistisk sentralbyrå, august 1999
Dersom materiale frå denne publikasjonen blir nytta, ver vennleg og gi opp Statistisk sentralbyrå som kjelde.

ISBN 82-537-4705-5
ISSN 0333-1741

**Emnegruppe**
00.90 Metoder, modeller, dokumentasjon

**Emneord**
Klassifisering
Koder
Yrkesklassifisering
Yrkesstandard
Yrkesgruppering

Design: Enzo Finger Design
Trykk: Falch Hurtigtrykk

| Standardteikn i tabellar | Symbols in tables | Symbol |
|---|---|---|
| Tal er umogleg | Category not applicable | . |
| Oppgåve manglar | Data not available | .. |
| Oppgåve manglar førebels | Data not yet available | ... |
| Tal kan ikkje offentleggjerast | Not for publication | : |
| Null | Nil | - |
| Mindre enn 0,5 av den brukte eininga | Less than 0.5 of unit employed | 0 |
| Mindre enn 0,05 av den brukte eininga | Less than 0.05 of unit employed | 0,0 |
| Førebels tal | Provisional or preliminary figure | * |
| Brot i den loddrette serien | Break in the homogeneity of a vertical series | — |
| Brot i den vassrette serien | Break in the homogeneity of a horizontal series | \| |
| Retta sidan førre utgåve | Revised since the previous issue | r |
| Desimalskiljeteikn | Decimal punctuation mark | ,(.) |

# Forord

Standarden er basert på den internasjonale standarden for yrkesklassifisering som ILO har utarbeidd (International Standard Classification of Occupations - ISCO-88). EU har utarbeidd ein versjon av denne (ISCO-88 (COM)), som dannar grunnlaget for den norske standarden. Standarden skal erstatte Nordisk Yrkesklassifisering (NYK).

Standard for yrkesklassifisering er mynta på bruk i offisiell norsk statistikk og vil og vere eit viktig verkty innanfor arbeidsformidling og yrkesrettleiing. Det fyrste hovudbruksområdet er alle typane statistikk. På dette området er det særskilt viktig å ha klassifiseringsverkty som gjer at statistikkar kan samanliknast både nasjonalt og internasjonalt. Det andre hovudområdet ligg innanfor arbeidsformidling. I det arbeidet arbeidsmarknadsetaten gjer med å kople ledige stillingar mot arbeidssøkjarar, er eit godt yrkesklassifiseringssystem avgjerande. For arbeidsmarknadsetaten er det spesielt viktig at standarden inneheld oppdaterte yrkesinndelingar og -beskrivingar. Standarden bør vere mest mogleg knytt til forholda i dagens arbeidsliv, og han bør vere så fleksibel at han lett kan tilpassast endringar.

Under arbeidet med den norske standarden har ein freista å ta omsyn til begge typar brukarbehov. Ettersom ISCO-88 (COM) i utgangspunktet er utvikla som ein statistisk standard, vil nok framleis behova på dette brukarområdet vere best dekte. Arbeidsmarknadsetaten vil arbeide vidare med ei inndeling av yrke for å dekkje behova i formidlingsarbeidet betre. Det inneber at nokre yrke kan delast inn finare, på 5-6-siffernivå, andre yrke grovare, på 2-3-siffernivå. Inndelinga vil likevel følgje ISCO-88 (COM).

Arbeidet med den norske standarden har vore organisert gjennom ei arbeidsgruppe med representantar frå Arbeidsdirektoratet og Statistisk sentralbyrå. Arbeidsgruppa la fram eit utkast til standard som vart sendt ut på høyring hausten 1997. Høyringsinstansane var ei rekkje sentrale brukarar og bransjeorganisasjonar.

Statistisk sentralbyrå,
Oslo/Kongsvinger, 30. juni 1999

Svein Longva

Olav Ljones

# Innhald

**1 Innleiing ... 6**
1.1 Bakgrunn ... 6
1.2 Internasjonale yrkesstandardar ... 6
1.3 EU-/EØS-forordningar ... 6
1.4 Tidlegare standard ... 6

**2 Definisjonar og kriterium for yrkesgruppering ... 6**
2.1 Definisjon av yrke ... 6
2.2 Kriterium for inndeling i standarden ... 6

**3 Kodesystem og struktur ... 6**
3.1 Korleis standarden er oppbygd ... 6
3.2 Tilnærmingar til enkelte tema ... 7
3.3 Kommentarar til klassifisering av spesielle grupper ... 8

**4. Bruk av publikasjonen ... 8**
4.1 Korleis publikasjonen er oppbygd ... 8
4.2 Beskriving av kodane ... 8
4.3 Bruk av standarden ... 9
4.4 Yrkeskatalogen ... 9

**Oversikt over standarden si oppbygging og inndeling ... 10**

**Oversikt over yrkesfelta**
Yrkesfelt 1. Administrative leiarar og politikarar ... 18
Yrkesfelt 2. Akademiske yrke ... 27
Yrkesfelt 3. Yrke med kortare høgskule- og universitetsutdanning og teknikarar ... 44
Yrkesfelt 4. Kontor- og kundeserviceyrke ... 62
Yrkesfelt 5. Sals-, service- og omsorgsyrke ... 67
Yrkesfelt 6. Yrke innanfor jordbruk, skogbruk og fiske ... 74
Yrkesfelt 7. Handverkarar o.l. ... 77
Yrkesfelt 8. Prosess- og maskinoperatørar og transportarbeidarar o.a. ... 92
Yrkesfelt 9. Yrke utan krav til utdanning ... 106
Yrkesfelt 0. Militære yrke og uoppgjeve ... 110

**Statistiske standardar**
Publiserte standardar for norsk statistikk ... 111
Referansar til Standard for yrkesklassifisering ... 112

**Dei sist utgitte publikasjonane i serien Noregs offisielle statistikk ... 113**

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn
Standard for yrkesklassifisering vart sist utarbeidd i 1965. I samband med Folke- og bustadteljinga i 1980 vart det utarbeidd ein ny, revidert yrkeskatalog. Nye yrke vart innplasserte etter gjeldande standard, slik at dette ikkje innebar nokon revisjon av sjølve klassifiseringsprinsippa, dvs. standarden. Over tid oppstår nye yrke og innhald og kompetansekrav vert endra. Det er difor behov for å revidere yrkesklassifiseringa. I tillegg krev internasjonale organisasjonar at yrke vert rapporterte etter ny internasjonal standard. Desse momenta har vore avgjerande for at ei ny norsk yrkesklassifisering er utarbeidd.

## 1.2 Internasjonale yrkesstandardar
Grunnlaget for Standard for yrkesgruppering (STYRK) er International Standard Classification of Occupations (ISCO-88). Eurostat har utarbeidd ein eigen versjon til bruk innanfor EU-området. Denne utgåva vert kalla ISCO-88 (COM), og det er denne som er lagd til grunn for den norske yrkesstandarden (STYRK).

Strukturen i ISCO-88 (COM) og STYRK er den same og samsvarar i store trekk ned til 3-siffernivå. På 4-siffernivå er STYRK tilpassa norske tilhøve i størst mogleg grad innanfor ISCO-88 (COM)-rammeverket.

## 1.3 EU-/EØS-forordningar
Innanfor ramma av ein avtale om Europeisk økonomisk samarbeid (EØS), har eit statistisk samarbeid vorte oppretta. Føremålet er å skape eit europeisk statistisk system som vil gje statistikk som kan samanliknast over utviklinga innanfor alle områda som er omfatta av avtalen. Gjennom EØS-avtalen har Noreg forplikta seg til å følgje EUs rådsforordning av 16. desember 1991 om å rapportere statistikk om yrke på 3-siffernivå.

Føremålet med yrkesstandarden er å utvikle eit system for å klassifisere og aggregere informasjon om yrke. Denne informasjonen er framskaffa gjennom folketeljingar, andre statistiske undersøkingar og administrative register.

## 1.4 Tidlegare standard
I 1965 kom Nordisk Yrkesklassifisering (NYK), basert på ISCO-58.

# 2 Definisjonar og kriterium for yrkesgruppering

## 2.1 Definisjon av yrke
Arbeidsoppgåver som er karakteriserte ved mange likskapstrekk, dannar eit yrke. Yrke vert vanlegvis danna utan omsyn til utdanninga, yrkesstatusen eller bransjen til yrkesutøvaren. Yrkesgruppering vil seie at ein grupperer saman einsarta verksemd, dvs. ei klassifisering av yrkesutøvarar etter yrke.

## 2.2 Kriterium for inndeling i standarden
Standarden byggjer på to klassifikasjonsprinsipp;
i) kompetansenivå
ii) spesialisering

*i) Kompetansenivå*
Ein skil mellom fire kompetansenivå baserte på ISCED (International Standard for Classification of Education). Yrke vert plasserte ut frå kva som normalt vert kravd av fagleg, formell kompetanse. Dette tyder likevel ikkje at kompetansen som vert kravd for eit yrke, må vere oppnådd gjennom formell utdanning. Han kan òg kome som eit resultat av uformell trening, opplæring og røynsle.

Dei fire kompetansenivåa er:
1. yrke som ikkje krev meir enn maksimum 9-årig grunnskule
2. yrke som normalt krev 1-3 års utdanning på nivå med vidaregåande skule (10-12 års skulegang)
3. yrke som normalt krev frå 1-3 års utdanning utover vidaregåande skule
4. yrke som normalt krev universitets- eller høgskuleutdanning på 4 år eller meir

*ii) Spesialisering*
Spesialisering vert vurdert ut frå følgjande kriterium:
1. kva kunnskap/dugleik som vert kravd
2. kva verkty/maskinar som vert nytta
3. kva materiale ein arbeider med
4. kva varer/tenester som vert produserte

Andre kriterium er sjølvstende i yrkesutøvinga og kor rutineprega arbeidet er. Direkte fysisk arbeid (kroppsarbeid) er også eit kriterium som det vert lagt vekt på ved innplasseringa.

# 3 Kodesystem og struktur

## 3.1 Korleis standarden er oppbygd
Standarden har ei hierarkisk inndeling. Han er delt inn på følgjande vis:

| | | |
|---|---|---|
| 1. siffer i koden: | 10 | yrkesfelt |
| 2. " " | 31 | yrkesområde |
| 3. " " | 108 | yrkesgrupper |
| 4. " " | 353 | yrke |

Det mest detaljerte nivået vil normalt innehalde fleire enkeltyrke og endå fleire yrkestitlar.

Standarden er sett saman av følgjande yrkesfelt:
1. Administrative leiarar og politikarar
2. Akademiske yrke

3. Yrke med kortare høgskule- og universitetsutdanning og teknikarar
4. Kontor- og kundeserviceyrke
5. Sals-, service- og omsorgsyrke
6. Yrke innanfor jordbruk, skogbruk og fiske
7. Handverkarar o.l.
8. Prosess- og maskinoperatørar, transportarbeidarar o.a.
9. Yrke utan krav til utdanning
10. Militære yrke og uoppgjevne

Inndeling av yrkesfelt etter kompetansenivå:

*1 Administrative leiarar og politikarar*
Til dette feltet høyrer alt politisk arbeid og dessutan leiararbeid på høgaste nivå både i offentleg og privat sektor. Det er ingen krav til formell kompetanse for dette feltet.

*2 Akademiske yrke*
Hit høyrer yrke som normalt krev utdanning frå universitet eller høgskule på minst 4 år.

*3 Yrke med kortare høgskule- og universitetsutdanning og teknikarar*
Hit høyrer yrke som normalt krev 1-3 års utdanning utover vidaregåande skule.

*4 Kontor- og kundeserviceyrke*
*5 Sals-, service- og omsorgsyrke*
*6 Yrke innanfor jordbruk, skogbruk og fiske*
Dei fleste yrke på desse yrkesfelta krev dugleik tilsvarande 10-12 års skulegang.

*7 Handverkarar o.l.*
*8 Prosess- og maskinoperatørar, transportarbeidarar o.a.*
Dei fleste yrke i desse yrkesfelta krev dugleik tilsvarande 10-12 års skulegang.

Dei fleste yrke under yrkesfelt 7 og 8 ligg under lov om fagopplæring og krev utdanning på nivå med vidaregåande skule. Det vil likevel vere personar som utøver desse yrka utan å ha fagbev, men som har tileigna seg dugleik på arbeidsområdet gjennom lang røynsle innanfor yrket eller ved opplæring i bransje eller føretak.

*9 Yrke utan krav til utdanning*
For yrke på dette feltet vert det kravd dugleik tilsvarande maksimum 9-årig grunnskule.

*10 Militære yrke og uoppgjevne*
Til dette yrkesfeltet høyrer personell som for tida gjer teneste i Forsvaret.

Yrke som ikkje kan identifiserast pga. for få eller for dårlege opplysningar, vert også plasserte i dette feltet.

## 3.2 Tilnærmingar til enkelte tema

*Yrke med mange arbeidsoppgåver*
Yrkesstandardar, nasjonale så vel som internasjonale, definerer yrke og yrkesgrupper ved å referere til dei vanlegaste kombinasjonane av arbeidsoppgåver. I dei tilfella der personar har arbeidsoppgåver som går på tvers av yrkeskodane, er hovudregelen at ein får yrkeskoden til arbeidsoppgåva ein brukar mest tid på.

Unntak frå denne hovudregelen:

- I tilfelle der arbeidsoppgåvene som vert utførde, krev dugleik som vanlegvis vert oppnådd på ulike utdannings- og røynslenivå, bør jobben klassifiserast i samsvar med arbeidsoppgåvene som krev det høgste dugleiksnivået.

- I tilfelle der arbeidsoppgåvene er delte mellom administrativ leiing og utøving av fagkompetanse, skal yrket plasserast i felt 1 dersom administrativ leiing utgjer den største delen av arbeidsoppgåvene.

- I tilfelle der arbeidsoppgåvene er knytte til ulike stadium i ein produksjons- og varedistribusjonsprosess, skal yrket klassifiserast ut frå arbeidsoppgåver som er knytte til produksjon, heller enn oppgåver relaterte til sal og marknadsføring av varene, transport av varene o.l. Ein som bakar brød, lagar kakedeig og sel produkta sine, skal t.d. klassifiserast som bakar og ikkje som seljar. Ein skal sjå bort frå prinsippet om klassifisering etter produksjon når andre oppgåver (t.d. sal eller transport) utgjer den klart dominerande delen av yrket.

*Teknologi og dugleik*
Utviklinga innanfor teknologien, spesielt den delen som har medverka til masseproduksjon, har hatt stor effekt på kva dugleik som trengst for produksjon vha. moderne teknikk, i motsetnad til dugleiken som trengst innanfor handverksproduksjon. Dugleiken som ein smed eller skreddar treng for å utføre ei arbeidsoppgåve, er t.d. svært forskjellig frå den dugleiken ein maskinoperatør som arbeider innanfor metallproduksjon eller masseproduksjon av tekstilprodukt, treng. Ein smed eller skreddar må kjenne materialane, verktyet og rekkjefølgja på arbeidsoppgåvene, og dessutan eigenskapane til og føremålet med bruken av det ferdige produktet. Ein maskinoperatør på si side må vite korleis eit komplisert maskineri fungerer og skal brukast, korleis ein skal oppfatte signal eller eliminere problem før dei får stor innverknad på produktet, og kva ein skal gjere om noko går gale med maskinen. I tillegg bør ein maskinoperatør ha eit dugleiksnivå og ei røynsle som gjer at endring i produksjonsspesifikasjonane eller innføring av ny teknologi krev minimale kostnader.

I standarden reflekterer skiljet mellom felt 7 og 8 forskjellen i kva dugleik som er naudsynt. I felt 7 "Handverkarar o.l." vert kunst- og handverksyrke klassifiserte, mens felt 8 "Prosess- og maskinoperatørar, transportarbeidarar o.a." vert klassifiserte som maskinorienterte yrke.

*Yrke og yrkesstatus*
Standarden tek ikkje omsyn til den formelle tilknytinga til arbeidsplassen, dvs. om personar er tilsette eller sjølvstendig næringsdrivande. Dette og liknande eigenskapar ved personar i arbeidsstyrken brukast i ei eiga standardgruppering etter yrkesstatus.

### 3.3 Kommentarar til klassifisering av spesielle grupper

*Leiarar innanfor offentleg administrasjon*
Toppleiarar i sentraladministrasjonen i stat, fylke og kommune (t.d. departementsrådar og rådmenn) vert plasserte i yrke 1120 "Toppleiarar i offentleg administrasjon". Dei har særskilde leiaroppgåver knytte til den nære kontakten med den politiske leiinga. Dei andre leiarane i offentleg administrasjon vert plasserte i yrke 1227 "Produksjonsdirektørar innanfor offentleg administrasjon". Leiarar i offentleg sektor vert ikkje plasserte i yrkesområde 13 "Leiarar i små føretak": Små føretak er definerte som føretak med mindre enn ti tilsette. I offentleg sektor vil ein leiar for ei eining med færre enn ti tilsette ikkje ha like vide oppgåver/fullmakter som øvste leiaren av eit lite, privat føretak.

*Saksbehandlarar innanfor offentleg administrasjon*
Høgare saksbehandlarar innanfor offentleg administrasjon (yrkesområde 24) førebur, set i verk og kontrollerer gjennomføringa av vedtak frå politiske organ. Dette vil m.a. seie vedtak om lover, forskrifter, løyvingar og planar.

Lågare saksbehandlarar innanfor offentleg administrasjon (yrkesgruppe 344) har meir rutineprega oppgåver, ofte knytte til gjennomføringa av politiske vedtak, t.d. dagleg handsaming av enkeltsaker. Dei kan og ha ein støttefunksjon overfor høgare saksbehandlarar ved å utføre saksbehandling etter gjevne retningsliner. Lågare saksbehandlarar i ytre etat arbeider ofte i direkte kontakt med publikum (t.d. "Lågare saksbehandlarar ved arbeidskontor" 3444).

Dei tilsette i offentleg administrasjon som i hovudsak har oppgåver retta mot den interne drifta (t.d. personalkonsulentar), skal plasserast i yrket for sitt eige fagområde (t.d. "Personal- og organisasjonskonsulentar" i yrkesgruppe 2512 eller "Funksjonærar innanfor administrasjon" i yrkesgruppe 3431) avhengig av kompetansenivå og arbeidsoppgåver. Tilsvarande skal tilsette i offentlege serviceføretak som ikkje forvaltar eit lovverk (t.d. ved sjukehus og skular), plasserast i yrke innanfor sitt fagområde.

*Yrke innanfor forsking og utvikling* vert klassifiserte innanfor sitt fagområde på felt 2: "Akademiske yrke". Når ein forskar også underviser i eit fag, og undervisninga utgjer den største delen av arbeidsoppgåvene, skal han eller ho klassifiserast som lærar på passande utdanningsnivå (t.d. "Universitets- og høgskulelektorar/-lærarar").

*Inspektøryrke* så vel som *formannsyrke*, som hovudsakleg går ut på å kontrollere fagleg og teknisk kvalitet på arbeid som vert utført, skal klassifiserast saman med yrket der dei har kontrolloppgåver. Dersom yrket hovudsakleg går ut på å planleggje, organisere, kontrollere og leie den daglege aktiviteten til ei gruppe underordna arbeidstakarar, skal yrket reknast som eit *leiaryrke* og klassifiserast i eit passande yrke under yrkesfelt 1.

*Inspektøryrke* der hovudoppgåva er å sikre at kvalitetsstandardar og framstillingsspesifikasjonar vert følgde, skal klassifiserast i eigne yrke, m.a. yrke under 3152 "Tryggingsinspektørar". Testarar som har mekanisk inspeksjon av dei produserte varene (for det meste avgrensa til enkle, visuelle testar) som hovudoppgåve, skal likevel klassifiserast saman med arbeidarane som produserer desse varene.

*Instruktøryrke* som hovudsakleg driv instruksjon på arbeidsplassen gjennom vedvarande observasjon og praktisk demonstrasjon, skal klassifiserast saman med yrka dei instruerer i (som t.d. maskinoperatør på felt 8).

*Læraryrke* som hovudsakleg går ut på å gje privatundervisning, skal klassifiserast saman med andre lærarar på tilsvarande institusjonelt nivå. Køyre-, fly-, danse- og relaterte instruktørar skal klassifiserast under yrke 3349: "Andre yrke innanfor undervisning og pedagogisk arbeid".

# 4. Bruk av publikasjonen

### 4.1 Korleis publikasjonen er oppbygd

I innleiinga til publikasjonen gjer ein greie for prinsippa for korleis standarden er oppbygd. Deretter følgjer ei oversikt over alle namn på nivå og kodar i standarden. Til slutt kjem ei detaljert beskriving av innhaldet i dei enkelte yrka.

### 4.2 Beskriving av kodane

Inndelinga er gruppert etter dei ti yrkesfelta. For kvart yrkesfelt er det gjeve ei kort beskriving av kva arbeidsområde som vert dekte, og ei oversikt over kva yrkesområde feltet er delt inn i.

Deretter kjem ei tilsvarande beskriving av kvart yrkesområde med oversikt over kva yrkesgrupper området er delt inn i.

Til slutt viser publikasjonen kva yrke den enkelte yrkesgruppa er delt inn i. Her er det og gjeve ei beskriving av kva arbeidsoppgåver kvart yrke dekkjer. Vidare er det gjeve eksempel på yrkestitlar som inngår i yrket og eksempel på liknande yrke som skal grupperast andre stader i standarden.

### 4.3 Bruk av standarden

For å kode yrke, dvs. 4-siffer i samsvar med standarden, trengst det fleire opplysningar enn berre yrkestittel for dei fleste yrka. Tilleggsopplysningar om dei viktigaste arbeidsoppgåvene er naudsynte. Nokre yrke (t.d. leiaryrke) vert koda etter kva verksemd (næringskode) dei leier. Eit anna element i innplasseringa av leiarar er kor stort føretaket er (avgjerande allereie på 2-siffernivå). I andre samanhengar er utdanning til ein viss grad avgjerande - skiljet mellom yrkesfelt 2 og yrkesfelt 3. Opplysningar om næring vil vere eit nyttig hjelpemiddel for å kode yrke i yrkesfelt 7 og yrkesfelt 8 (Handverkarar o.l. og Prosess- og maskinoperatørar, transportarbeidarar o.a.). Denne tilleggsinformasjonen er det teke omsyn til i yrkeskatalogen (sjå pkt. 4.4). Her er yrkestitlar innplasserte med 4-sifra kode.

Kodesystemet i standarden er hierarkisk oppbygd. Ved mangelfulle opplysningar er det mogleg å kode på mindre detaljert nivå (0 som siste siffer). 0 står allereie som 4. siffer for enkelte yrke. Dette indikerer at 3. siffer (yrkesgruppa) er finaste nivå. 9 som 4. siffer indikerer at yrket er ei "restgruppe" for denne yrkesgruppa.

SSB vil arbeide ut ei rettleiing for bruk i situasjonar der ein har for lite informasjon om yrket til å kunne kode det på 4-siffernivå.

### 4.4 Yrkeskatalogen

Det skal gjevast ut ein eigen yrkeskatalog til publikasjonen. Her skal alle yrkestitlane plasserast inn med 4-sifra kode. Katalogen vert publisert i serien Statistisk sentralbyrås håndbøker, på diskett og på Internett. Katalogen i papirformat vil ha to sorteringar: Alfabetisk etter yrkestittel og systematisk sortert etter stigande kode. Systematisk sortering inneber at alle yrkestitlar under kvart yrke (4-siffer) vert lista opp.

# Oversikt over standarden si oppbygging og inndeling

**1 Administrative leiarar og politikarar**

11 Politikarar og toppleiarar i offentleg administrasjon og interesseorganisasjonar

111 Politikarar

1110 Politikarar

112 Toppleiarar i offentleg administrasjon

1120 Toppleiarar i offentleg administrasjon

114 Leiarar i interesseorganisasjonar

1141 Leiarar i partipolitiske organisasjonar

1142 Leiarar i arbeidsgjevar-/ arbeidstakarorganisasjonar og økonomiske interesseorganisasjonar

1143 Leiarar i humanitære organisasjonar og andre organisasjonar

12 Leiarar i store og mellomstore føretak og i offentleg administrasjon o.a.

121 Administrerande direktørar

1210 Administrerande direktørar

122 Produksjonsdirektørar

1221 Produksjonsdirektørar innanfor jordbruk, skogbruk og fiske

1222 Produksjonsdirektørar innanfor for olje- og gassutvinning, bergverksdrift, industri, kraft- og vassforsyning

1223 Produksjonsdirektørar innanfor byggje- og anleggsverksemd

1224 Produksjonsdirektørar innanfor varehandel, hotell- og restaurantverksemd o.a.

1225 Produksjonsdirektørar innanfor transport og kommunikasjon

1226 Produksjonsdirektørar innanfor finansiell tenesteyting, eigedomsdrift osv.

1227 Produksjonsdirektørar innanfor offentleg administrasjon

1228 Produksjonsdirektørar innanfor undervisning, helse- og sosialtenester

1229 Produksjonsdirektørar innanfor andre sosiale og personlege tenester

1230 Produksjonsdirektørar innanfor ikkje-spesifisert næringsområde

123 Spesialdirektørar

1231 Finans-, økonomi- og administrasjonsdirektørar

1232 Personaldirektørar

1233 Salsdirektørar

1234 Marknadsførings- og informasjonsdirektørar

1235 Innkjøps- og distribusjonsdirektørar

1236 IT-direktørar

1237 Forskingsdirektørar

1239 Andre spesialdirektørar

13 Leiarar i små føretak

131 Leiarar i små føretak

1311 Leiarar innanfor jordbruk, skogbruk og fiske

1312 Leiarar innanfor bergverksdrift, industri, kraft- og vassforsyning

1313 Leiarar innanfor byggje- og anleggsverksemd

1314 Leiarar innanfor varehandel o.a.

1315 Leiarar innanfor hotell- og restaurantverksemd

1316 Leiarar innanfor transport og kommunikasjon

1317 Leiarar innanfor finansiell tenesteyting, eigedomsdrift osv.

1318 Leiarar innanfor renovasjon, personleg tenesteyting og arbeid for private hushald

1319 Andre leiarar

1320 Leiarar innanfor ikkje-spesifiserte næringsområde

**2 Akademiske yrke**

21 Realistar, sivilingeniørar o.a.

211 Fysikarar, kjemikarar og tilsvarande yrke

2111 Fysikarar og astronomar

2112 Meteorologar

2113 Kjemikarar

2114 Geologar og geofysikarar

212 Matematikarar, statistikarar og tilsvarande yrke

2121 Matematikarar og tilsvarande yrke

2122 Statistikarar

213 Systemutviklarar og programmerarar

2130 Systemutviklarar og programmerarar

214 Sivilarkitektar, sivilingeniørar og tilsvarande yrke

2141 Sivilarkitektar, by- og trafikkplanleggjarar

2142 Sivilingeniørar (bygg og anlegg)
2143 Sivilingeniørar (elkraftteknikk)
2144 Sivilingeniørar (elektronikk og telekommunikasjon)
2145 Sivilingeniørar (maskin- og marinteknikk)
2146 Sivilingeniørar (kjemi)
2147 Sivilingeniørar (geofag, petroleumsteknologi, metallurgi o.l.)
2148 Landmålarar, jordskifte-kandidatar o.l.
2149 Andre sivilingeniørar og tilsvarande yrke

22 Biologiske og medisinske yrke o.a.
221 Biologiske yrke o.a.
2211 Biologar, botanikarar, zoologar og tilsvarande yrke
2212 Sivilagronomar og tilsvarande yrke

222 Medisinske yrke
2221 Legar
2222 Tannlegar
2223 Veterinærar
2224 Farmasøytar
2225 Ernæringsfysiologar

223 Spesialsjukepleiarar og jordmødrer
2230 Spesialsjukepleiarar og jordmødrer

23 Undervisningsyrke som krev minst 4 års universitets- eller høgskuleutdanning
231 Universitets- og høgskulelektorar/-lærarar
2310 Universitets- og høgskule-lektorar/-lærarar

232 Lektorar og adjunktar i vidaregåande skule
2320 Lektorar og adjunktar i vidaregåande skule

234 Spesiallærarar/spesialpedagogar
2340 Spesiallærarar/spesial-pedagogar

235 Andre pedagogiske yrke som krev minst 4 års universitets- eller høgskule-utdanning
2351 Spesialistar i utdannings-metodikk
2352 Studieinspektørar o.l.
2359 Andre lærarar med minst 4 års universitets- eller høgskule-utdanning

24 Høgare saksbehandlarar i offentleg administrasjon
241 Økonomisk, samfunnsfagleg, juridisk, teknisk og naturvitskapleg planlegging og utgreiing
2411 Økonomisk og samfunnsvit-skapleg planlegging og utgreiing
2412 Juridisk planlegging og utgreiing
2413 Teknisk og naturvitskapleg planlegging og utgreiing
2419 Andre yrke innanfor offentleg administrasjon

25 Andre akademiske yrke
251 Rekneskaps-, personal- og rådgjevings-yrke
2511 Statsautoriserte revisorar
2512 Personal- og organisasjons-konsulentar
2519 Marknadsanalytikarar og andre forretningsyrke

252 Juridiske yrke
2521 Advokatar
2522 Domstolsjuristar
2523 Juristar innanfor politi og påtalemakt

253 Konservatorar, universitets-bibliotekarar o.l.
2531 Arkivarar og konservatorar
2532 Universitetsbibliotekarar

254 Samfunnsfaglege, humanistiske og økonomiske yrke
2541 Sosial- og siviløkonomar
2542 Sosiologar, sosialantropologar, samfunnsgeografar og stats-vitarar
2543 Historikarar, arkeologar og filosofar
2544 Språkforskarar, omsetjarar og tolkar
2545 Psykologar

255 Forfattarar, skribentar og skapande og utøvande kunstnarar
2551 Forfattarar og andre skribentar
2552 Skulptørar, kunstmålarar og andre biletkunstnarar
2553 Dirigentar, komponistar, musikarar og songarar
2554 Koreografar og dansarar
2555 Skodespelarar og regissørar

256 Geistlege yrke
2560 Geistlege yrke

**3 Yrke med kortare høgskule- og universitetsutdanning og teknikarar**

31 Ingeniørar, teknikarar o.a.

311 Ingeniørar og teknikarar
- 3111 Bygningsingeniørar og -teknikarar
- 3112 Elkraftingeniørar og -teknikarar
- 3113 Elektronikk- og telekommunikasjonsingeniørar og -teknikarar
- 3114 Maskiningeniørar og -teknikarar
- 3115 Kjemiingeniørar og -teknikarar
- 3116 Ingeniørar og teknikarar innanfor olje, bergverk og metallurgi
- 3119 Andre ingeniørar og teknikarar

312 Dataingeniørar og -teknikarar
- 3120 Dataingeniørar og -teknikarar

313 Operatørar av optisk og elektronisk lyd- og biletutstyr
- 3131 Filmfotografar og innspelingsteknikarar
- 3132 Operatørar av kringkastings- og telekommunikasjonsutstyr
- 3139 Andre operatørar av optisk og elektronisk utstyr

314 Maskinoffiserar, dekksoffiserar, flygarar, flygeleiarar o.l.
- 3141 Skipsmaskinistar
- 3142 Dekksoffiserar og losar
- 3143 Flygarar
- 3144 Flygeleiarar o.l.

315 Brann- og tryggingsinspektørar
- 3151 Branninspektørar
- 3152 Tryggingsinspektørar

32 Arbeid innanfor biologi og helsestell som krev 1-3 års høgskuleutdanning

321 Biologiteknikarar o.a.
- 3211 Bioingeniørar og -teknikarar
- 3212 Agroteknikarar
- 3213 Skogingeniørar, skogkonsulentar o.l.

322 Høgskuleyrke innanfor medisin o.l. (unnateke sjuke- og vernepleiarar)
- 3221 Radiografar og audiografar
- 3222 Helse- og miljøinspektørar
- 3223 Kosthaldskonsulentar
- 3224 Optikarar
- 3225 Tannpleiarar
- 3226 Fysioterapeutar, ergoterapeutar, o.l.
- 3227 Dyrepleiarar
- 3228 Reseptarar
- 3229 Naturterapeutar

323 Sjukepleiarar og vernepleiarar
- 3231 Sjukepleiarar
- 3232 Vernepleiarar

33 Undervisningsyrke som krev 1-3 års høgskuleutdanning

331 Grunnskulelærarar
- 3310 Grunnskulelærarar

332 Førskulelærarar
- 3320 Førskulelærarar

334 Yrkesfaglærarar og andre yrke innanfor undervisning og pedagogisk arbeid
- 3341 Yrkesfaglærarar og faglærarar i vidaregåande skule
- 3349 Andre yrke innanfor undervisning og pedagogisk arbeid

34 Lågare saksbehandlarar innanfor administrasjon og forretningsfag og yrke innanfor sosialarbeid, underhaldning o.a.

341 Funksjonærar innanfor finansstell og sal
- 3411 Finansmeklarar
- 3412 Forsikringskonsulentar
- 3413 Eigedomsmeklarar og -forvaltarar
- 3414 Reisekonsulentar
- 3415 Tekniske og kommersielle salsrepresentantar
- 3416 Innkjøparar
- 3417 Takstmenn, takstinspektørar og auksjonariar
- 3418 Kundebehandlarar (banktenester)
- 3419 Marnadsførings- og reklamekonsulentar

342 Forretningsmeklarar, formidlarar o.a.
- 3421 Handels- og skipsmeklarar
- 3422 Speditørar og fraktarar
- 3423 Kunde-/personalkonsulentar (vikarbyrå)
- 3429 Andre forretningsmeklarar

343 Funksjonærar innanfor økonomi og administrasjon
- 3431 Funksjonærar innanfor administrasjon
- 3433 Revisorar (ikkje statsautoriserte) og rekneskapsførarar
- 3434 Husøkonomar

344 Lågare saksbehandlarar innanfor offentleg administrasjon
- 3441 Tollfunksjonærar
- 3442 Lågare saksbehandlarar ved likningskontor
- 3443 Lågare saksbehandlarar ved trygdekontor
- 3444 Lågare saksbehandlarar ved arbeidskontor
- 3449 Andre lågare saksbehandlarar innanfor offentleg administrasjon

345 Polititenestemenn
- 3450 Polititenestemenn

346 Sosionomar, barnevernspedagogar o.l.
- 3460 Sosionomar, barnevernspedagogar o.l.

347 Yrke innanfor formgjeving, underhaldning og idrett
- 3471 Dekoratørar, formgjevarar og reklameteiknarar
- 3472 Songarar og musikarar i underhaldningsbransjen
- 3473 Klovnar, tryllekunstnarar, akrobatar o.l.
- 3474 Inspisientar o.a.
- 3475 Idrettsutøvarar og -trenarar

348 Religiøse yrke
- 3480 Religiøse yrke

349 Informasjonsarbeidarar, journalistar, bibliotekarar o.a.
- 3491 Informasjonsmedarbeidarar og journalistar
- 3492 Programsekretærar og programmedarbeidarar
- 3493 Bibliotekarar

## 4 Kontor- og kundeserviceyrke

41 Kontorarbeid

411 Sekretærar og tastaturoperatørar o.l.
- 4111 Stenografar, referentar o.l.
- 4112 Dataregistrerarar (puncheoperatørar)
- 4113 Sekretærar
- 4114 Kontormedarbeidarar

412 Økonomiarbeidarar og andre talbehandlarar
- 4121 Økonomimedarbeidarar og revisjonsassistentar
- 4129 Andre talbehandlarar

413 Lager- og transportfunksjonærar
- 4131 Lagermedarbeidarar og materialforvaltarar
- 4132 Logistikarar
- 4133 Transportfunksjonærar

414 Bibliotek-, postmedarbeidarar o.l.
- 4141 Bibliotek- og arkivmedarbeidarar
- 4142 Postbod og -sorterarar

42 Kundeservicearbeid

421 Billettseljarar, kasserarar o.l. servicemedarbeidarar
- 4211 Billettørar og billettseljarar
- 4212 Post- og bankkasserarar
- 4213 Bingovertar o.l.
- 4214 Pantelånarar
- 4215 Inkassomedarbeidarar

422 Reisebyrå-, resepsjons- og sentralbordmedarbeidarar o.a.
- 4221 Reisebyråmedarbeidarar o.l.
- 4222 Resepsjonistar og opplysningsmedarbeidarar
- 4223 Sentralbordoperatørar

## 5 Sals-, service- og omsorgsyrke

51 Personleg tenesteyting og tryggingsarbeid

511 Kundebehandlarar om bord i transportmiddel
- 5111 Vertar/vertinner på fly, skip og tog
- 5112 Konduktørar og billettørar (om bord i transportmiddel)
- 5113 Reiseleiarar og guidar

512 Hushalds- og restaurantpersonale o.a.
- 5121 Internatleiarar
- 5122 Kokkar
- 5123 Hovmeistrar, servitørar og barkeeperar

513 Pleie- og omsorgspersonale
- 5131 Barne- og ungdomsarbeidarar o.l.
- 5132 Omsorgsarbeidarar og hjelpepleiarar
- 5133 Heimehjelparar
- 5134 Tannlegesekretærar
- 5135 Legesekretærar
- 5136 Dagmammaer, praktikantar o.l.
- 5137 Apotekteknikarar
- 5139 Anna pleie- og omsorgspersonale

514 Andre yrke innanfor personleg tenesteyting
- 5141 Frisørar, kosmetologar o.l.

5142 Gravferdsbyrå- og krematoriearbeidarar
5143 Slankevertar, solstudiovertar o.l.
5149 Andre yrke innanfor personleg tenesteyting

516 Rednings- og vaktyrke
5161 Brannkonstablar o.l.
5162 Fengselsbetjentar
5163 Vaktmeistrar o.l.
5164 Vektarar o.l.
5169 Anna tryggingspersonale

52 Sals- og modellarbeid o.a.
521 Mannekengar og andre modellar
5210 Mannekengar og andre modellar

522 Butikkmedarbeidarar, seljarar o.a.
5221 Butikkmedarbeidarar o.l.
5222 Blomedekoratørar
5223 Dør- og telefonseljarar
5224 Seljarar (en gros)
5225 Intervjuarar

## 6 Yrke innanfor jordbruk, skogbruk og fiske

61 Yrke innanfor jordbruk
611 Korn-, grønsak-, frukt- og bærprodusentar og gartneriarbeidarar
6111 Korn-, grønsak-, frukt- og bærprodusentar
6112 Gartneriarbeidarar

612 Husdyr-, egg- og mjølkeprodusentar o.l.
6121 Mjølke- og husdyrprodusentar
6122 Egg- og fjørfeprodusentar
6129 Andre dyreoppdrettarar og -røktarar

613 Plante- og husdyrprodusentar (kombinasjonsbruk)
6130 Plante- og husdyrprodusentar (kombinasjonsbruk)

62 Yrke innanfor skogbruk
621 Skogsarbeidarar o.l.
6210 Skogsarbeidarar o.l.

63 Yrke innanfor oppdrett av fisk o.l.
631 Fiskeoppdrettarar o.l.
6310 Fiskeoppdrettarar o.l.

64 Yrke innanfor fiske og fangst
641 Fiskarar og fangstfolk
6411 Fiskarar
6412 Fangstfolk

## 7 Handverkarar o.l.

71 Steinfag-, bygnings- og anleggsarbeidarar
711 Steinfagarbeidarar, steinhoggarar o.l.
7110 Steinfagarbeidarar, steinhoggarar o.l.

712 Byggje- og anleggsarbeidarar
7121 Murarar o.a.
7122 Betong- og grunnarbeidarar (bygg)
7123 Jernbindarar
7124 Forskalingssnikkarar
7125 Tømrarar
7126 Veg- og anleggsarbeidarar
7127 Tunnel- og fjellarbeidarar, sprengingsarbeidarar o.l.
7128 Stillasbyggjarar
7129 Anleggsgartnarar

713 Bygningstekniske arbeidarar
7131 Taktekkjarar
7132 Isolatørar og kapslarar
7133 Glasarbeidarar
7134 Røyrleggjarar og VVS-montørar

714 Målarar, overflatebehandlarar, bygningsreingjerarar o.l.
7141 Målarar og byggtapetserarar
7142 Overflatebahandlarar og lakkerarar
7143 Sandblåsarar o.l.
7144 Feiarar

72 Metall- og maskinarbeidarar, elektrikarar o.l.
721 Støyparar, sveisarar, platearbeidarar o.l.
7211 Støyparar
7212 Sveisarar
7213 Kopar- og blekkslagarar
7214 Platearbeidarar
7215 Riggarar og spleisarar
7216 Dykkarar
7217 Bilskadereparatørar

722 Smedar, børsemakarar, låsesmedar o.l.
7221 Smedar
7222 Børsemakarar, låsesmedar o.l.

723 Mekanikarar
7231 Bilmekanikarar
7232 Mekanikarar innanfor flytekniske fag
7233 Landbruks- og anleggsmaskinmekanikarar
7234 Motormekanikarar
7235 Automatikkmekanikarar
7236 Finmekanikarar
7237 Industrimekanikarar

724 Elektrikarar, elektronikarar o.l.
7241 Elektrikarar, elektronikarar o.l.
7242 Service- og telemontørar
7243 Automatikarar, tavlemontørar, viklarar og transformatormontørar
7244 Energimontørar

73 Presisjonsarbeidarar, kunsthandverkarar, grafiske arbeidarar o.l.
731 Presisjonsarbeidarar i metall o.a.
7311 Instrumentmakarar og -reparatørar
7312 Musikkinstrumentmakarar og -stemmarar
7313 Gull- og sølvsmedar, gravørar o.l.

732 Keramikarar, glashandverkarar o.l.
7321 Keramikarar og pottemakarar
7322 Glashandverkarar

733 Kunsthandverkarar i tre, tekstilar, lêr o.l.
7331 Kunsthandverkarar i tre o.l.
7332 Kunsthandverkarar i tekstilar, lêr o.l.

734 Grafikarar, fotografar o.l.
7341 Grafikarar (førtrykk) o.l.
7342 Fotografar

735 Tekniske teiknarar
7350 Tekniske teiknarar

74 Andre handverkarar og fagarbeidarar
741 Slaktarar, bakarar og liknande yrke innanfor næringsmiddelproduksjon
7411 Slaktarar, fiskehandlarar o.l.
7412 Bakarar og konditorar
7413 Prøvesmakarar og kvalitetsdommarar for mat og drikke
7419 Andre handverkarar innanfor næringsmiddelproduksjon

742 Snikkarar, trebehandlarar o.l.
7421 Snikkarar
7422 Trebåtbyggjarar
7423 Korgmakarar o.l.

743 Handverkarar i tekstilar, klede o.a.
7431 Vevarar, strikkarar o.l. (innanfor husflidproduksjon)
7432 Skreddarar, kjole- og draktsyarar, modistar o.l.
7433 Buntmakarar
7434 Gradørar
7435 Parykkmakarar
7436 Møbeltapetserarar o.l.

744 Handverkarar innanfor pelsskinn, lêr o.l.
7441 Skinnreiarar og garvarar
7442 Skomakarar
7443 Taksidermistar

745 Laborantar
7450 Laborantar

**8 Prosess- og maskinoperatørar og transportarbeidarar o.a.**

81 Prosessoperatørar o.a.
811 Operatørar i olje- og gassutvinning, bergverk o.l.
8111 Bergfagarbeidarar
8112 Prosessoperatørar (oppreiing)
8113 Operatørar i olje- og gassutvinning
8114 Brønnserviceoperatørar (olje- og gassutvinning)

812 Operatørar i stål- og annan metallproduksjon o.a.
8121 Operatørar i metallurgisk prosessfag
8122 Metallformarar

813 Operatørar i keramikk- og glasproduksjon
8131 Keramiske formarar og dekoratørar
8132 Operatørar i glasproduksjon
8139 Andre operatørar i glas- og keramikkproduksjon

814 Operatørar innanfor produksjon og vidareforedling av trelastprodukt
8141 Operatørar innanfor produksjon og vidareforedling av trelastprodukt
8142 Operatørar innanfor trefored-lingsindustri
8143 Operatørar innanfor spon- og fiberplateproduksjon

815 Operatørar innanfor produksjon av raffinerte petroleumsprodukt og annan kjemisk prosessindustri
8151 Operatørar ved anlegg for olje- og naturgassraffinering
8159 Operatørar i annan kjemisk prosessindustri

816 Operatørar ved kraftstasjonar og anlegg for forbrenning, vassreinsing o.l.
8161 Energioperatørar
8162 Operatørar ved forbrennings-, kjøle- og vassreinseanlegg o.a.

82 Maskinoperatørar
- 821 Operatørar innanfor produksjon av metallvarer, betongprodukt o.a.
  - 8211 Operatørar innanfor metallvareproduksjon
  - 8212 Verktymakarar o.l.
  - 8213 Maskinarbeidarar
  - 8214 Operatørar innanfor produksjon av betongprodukt o.a.

- 822 Operatørar innanfor kjemisk-teknisk produksjon
  - 8221 Operatørar innanfor produksjon av hygieniske og farmasøytiske produkt
  - 8222 Operatørar innanfor ammunisjons- og sprengstoffproduksjon
  - 8223 Operatørar innanfor gummiproduksjon
  - 8224 Operatørar innanfor plastfag og plastproduksjon
  - 8225 Operatørar innanfor måling- og lakkproduksjon
  - 8229 Operatørar innanfor annan kjemisk-teknisk produksjon

- 825 Operatørar innanfor grafisk industri, papir- og kartonasjeindustri o.a.
  - 8251 Grafiske trykkjarar
  - 8252 Bokbindarar
  - 8253 Operatørar innanfor kartonasje
  - 8254 Fotolaborantar

- 826 Operatørar innanfor tekstil-, pels- og lêrproduksjon
  - 8261 Spinne- og nystemaskinoperatørar
  - 8262 Veve- og hekle-/strikkemaskinoperatørar o.l.
  - 8263 Industrisyarar
  - 8264 Tekstiloperatørar innanfor fiskereiskap
  - 8265 Tilskjerarar
  - 8266 Operatørar innanfor farging, vasking og reinsing o.a. av tekstilar o.l.
  - 8267 Operatørar innanfor produksjon av sko, vesker o.a.
  - 8269 Andre operatørar innanfor tekstilproduksjon o.l.

- 827 Operatørar innanfor næringsmiddelproduksjon
  - 8271 Fagarbeidarar innanfor tilarbeiding av fisk og fiskeprodukt
  - 8272 Operatørar innanfor tilarbeiding av kjøt og kjøtprodukt
  - 8273 Operatørar av maskinar for framstilling av meieriprodukt
  - 8274 Operatørar av møller for korn og krydder
  - 8275 Operatørar av maskiner for framstilling og handsaming av bakverk og korn- og sjokoladeprodukt
  - 8276 Operatørar av maskiner for handsaming av frukt, grønsaker og nøtter
  - 8277 Bryggjarar og maskinoperatørar innanfor framstilling av mineralvatn, øl og andre drikkevarer
  - 8279 Operatørar innanfor annan næringsmiddelproduksjon

- 828 Operatørar og montørar innanfor produksjon av transportmiddel og elektronisk utstyr
  - 8281 Montørar innanfor produksjon av transportmiddel
  - 8282 Operatørar og montørar innanfor produksjon av elektronisk utstyr

83 Transportarbeidarar og operatørar av mobile maskiner o.l.
- 831 Lokomotivførarar o.l.
  - 8311 Lokomotivførarar og lokomotivkontrollørar
  - 8312 Skiftekonduktørar

- 832 Motor- og sporvognførarar
  - 8321 Bil-, drosje- og varebilførarar
  - 8322 Buss- og sporvognførarar
  - 8323 Lastebil- og vogntogførarar

- 833 Operatørar av andre mobile maskinar o.l.
  - 8331 Anleggsmaskinførarar
  - 8332 Kran- og heisførarar o.l.
  - 8333 Truckførarar

- 834 Dekks- og maskinmannskap (skip)
  - 8341 Dekksmannskap (skip)
  - 8342 Maskinmannskap (skip)

## 9 Yrke utan krav til utdanning

91 Hjelpearbeidarar innanfor tenesteyting
- 912 Ymist arbeid for privatpersonar og -hushald
  - 9120 Ymist arbeid for privatpersonar og -hushald

913 Reingjering og anna hushaldsarbeid i føretak og privathushald
9131 Reingjering/husarbeid i privathushald
9132 Reingjering i føretak o.l.
9133 Kjøkken- og matanretningsassistentar

914 Reingjering av bygningar, køyrety o.l.
9141 Vindaugspussarar
9142 Bilklargjerarar

915 Bod, dørvakter o.l.
9151 Bod o.l.
9152 Vakter og dørvakter
9153 Målavlesarar o.l.

916 Renovasjonsarbeidarar o.l.
9160 Renovasjonsarbeidarar o.l.

92 Hjelpearbeidarar innanfor jordbruk, skogbruk og fiske
921 Hjelpearbeidarar innanfor jordbruk, skogbruk og fiske
9210 Hjelpearbeidarar innanfor jordbruk, skogbruk og fiske

93 Hjelpearbeidarar innanfor bygg, anlegg, industri osv.
931 Hjelpearbeidarar innanfor bygg, anlegg, vedlikehald o.l.
9310 Hjelpearbeidarar innanfor bygg, anlegg, vedlikehald o.l.

932 Hjelpearbeidarar innanfor industri
9320 Hjelpearbeidarar innanfor industri

933 Hjelparar innanfor lager og godshandtering
9330 Hjelparar innanfor lager og godshandtering

**0 Militære yrke og uoppgjeve**

00 Uoppgjeve eller yrke som ikkje kan identifiserast
000 Uoppgjeve eller yrke som ikkje kan identifiserast
0000 Uoppgjeve eller yrke som ikkje kan identifiserast

01 Militære yrke
011 Militære yrke
0111 Meinige
0112 Befal I
0113 Befal II

# Yrkesfelt 1

## Administrative leiarar og politikarar

Til dette feltet høyrer alt politisk arbeid og dessutan leiararbeid på høgaste nivå i både offentleg og privat sektor.

I mange høve vil leiing krevje spesiell fagdugleik utover det reint administrative og personalfaglege. Det vil seie at fagkompetanse vert nytta i avgjerder som vedkjem planlegging, prioritering og oppfølging av verksemda. Yrket skal då grupperast under felt 1. I andre høve vil ein leiar både nytte fagkompetansen i samband med leiing (yrkesfelt 1) og i fagleg arbeid (yrkesfelt 2). Dette vil t.d. gjelde ein lege som både leier ei sjukehusavdeling, og som er med på operasjonar. Yrkesutøvaren skal i dette høvet knytast til det yrkesfeltet der størstedelen av arbeidstida vert nytta.

Dette yrkesfeltet er delt inn i følgjande yrkesområde:

11 Politikarar og toppleiarar i offentleg administrasjon og interesseorganisasjonar
12 Leiarar i store og mellomstore føretak og i offentleg administrasjon o.a.
13 Leiarar i små føretak

## Yrkesområde 11

## Politikarar, toppleiarar i offentleg administrasjon og interesseorganisasjonar

Politikarar, toppleiarar i offentleg administrasjon og interesseorganisasjonar formar ut og leier offentleg politikk, arbeider ut, stadfester, endrar og opphevar lover, offentlege vedtekter og reguleringar, opptrer som representant for styresmaktene og handlar på vegner av dei, kontrollerer tolking og iverksetjing av politikken og lovgjevinga til styresmaktene eller utfører liknande oppgåver på vegner av spesielle interesseorganisasjonar.

Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgrupper:

111 Politikarar
112 Toppleiarar i offentleg administrasjon
114 Leiarar i interesseorganisasjonar

### Yrkesgruppe 111

Politikarar

Yrke innanfor denne gruppa:

1110 Politikarar

### *1110 Politikarar*

Politikarar (med offentleg lønte verv) tek avgjerder, formulerer og leier nasjonal, regional eller lokal politikk, og formar ut, stadfester, endrar og opphevar lover, offentlege vedtekter og reguleringar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- vere med i lovgjevande organ som Stortinget, kommunestyre og fylkesting
- forme ut og leie nasjonalt, regionalt eller lokalt politisk arbeid
- forme ut, stadfeste, endre eller oppheve lover og offentlege vedtekter
- vere med i administrative regjeringsorgan eller i offisielle komitear
- ta hand om interessene i valkrinsane
- som medlem av regjeringa leie embets- og høgare administrative tenestemenn i departement og direktorat i gjennomføringa av regjeringa sin politikk

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:

Statsminister og statsråd
Stortingspresident og -representant
Statssekretær
Ordførar
Kommunestyrerepresentant

### Yrkesgruppe 112

Yrke innanfor denne gruppa:

1120 Toppleiarar i offentleg administrasjon

### *1120 Toppleiarar i offentleg administrasjon*

Toppleiarar i offentleg administrasjon er dei leiarane i statsadministrasjonen, fylkeskommunen og kommunen som rapporterer direkte til dei valde politiske organa. Desse leiarane gjev den politiske leiinga råd og sørgjer for at politikken og lovgjevinga til styresmaktene vert gjennomførd. Her skal også personar i utanrikstenesta plasserast.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- vere rådgjevar for den politiske leiinga nasjonalt, regionalt eller lokalt
- sørgje for at politikken til styresmaktene vert gjennomførd i departement, direktorat, fylke og kommunar
- rapportere direkte til politiske styresmakter
- representere heimlandet i utlandet

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:

Departementsråd
Fylkesrådmann
Rådmann
Ombod
Sysselmann
Ambassadør/konsul

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:

Etatssjef 1227
Ekspedisjonssjef 1227

### Yrkesgruppe 114

Leiarar i interesseorganisasjonar

Yrke innanfor denne gruppa:

1141 Leiarar i partipolitiske organisasjonar
1142 Leiarar i arbeidsgjevar-/arbeidstakarorganisasjonar og økonomiske interesseorganisasjonar

1143 Leiarar i humanitære organisasjonar og andre interesseorganisasjonar

### *1141 Leiarar i partipolitiske organisasjonar*

Leiarar i partipolitiske organisasjonar på ulike regionale nivå er med i utforminga av og avgjerder om politikk, reglar og påbod i organisasjonen, leier arbeidet med gjennomføringa, representerer partiet og handlar på vegner av det.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- vere med i utforminga av og avgjerder kring politikk, reglar og påbod i partiet
- tinge på vegner av partiet og medlemmene
- planleggje og organisere valkampar
- planleggje og organisere kampanjar for å rekruttere og skolere partimedlemmer
- planleggje, organisere og leie formidlinga av politikken til partiet

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Partileiar
Generalsekretær (partpolitiske organisasjonar)

### *1142 Leiarar i arbeidsgjevar-/arbeidstakarorganisasjonar og økonomiske interesseorganisasjonar*

Leiarar i arbeidsgjevar-/arbeidstakarorganisasjonar og økonomiske interesseorganisasjonar er med i utforminga av og avgjerder om strategi, planar og standpunkt i relevante saker i organisasjonen, leier arbeidet med gjennomføringa, representerer organisasjonen og handlar på vegner av han.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- vere med i utforminga av og avgjerder om strategi og planar i organisasjonen
- tinge på vegner av organisasjonen og medlemmene
- fremje interessene til organisasjonen og medlemmene
- planleggje og arbeide ut opplegg for å rekruttere og skolere medlemmene

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Generalsekretær/leiar (arbeidsgjevarorganisasjon)
Leiar (arbeidstakarorganisasjon)

### *1143 Leiarar i humanitære organisasjonar og andre interesseorganisasjonar*

Leiarar i humanitære organisasjonar og andre interesseorganisasjonar er med i utforminga av og avgjerder om planar, strategi og standpunkt i relevante saker i organisasjonen, leier arbeidet med gjennomføringa, representerer organisasjonen og handlar på vegner av han.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- vere med i utforminga av og avgjerder om strategi og planar i organisasjonen
- tinge på vegner av organisasjonen og medlemmene
- fremje interessene til organisasjonen og medlemmene
- planleggje og arbeide ut opplegg for å rekruttere og skolere medlemmene
- planleggje, organisere og leie gjennomføringa av politikken til organisasjonen

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Leiar (miljø- og naturvernorganisasjon)
Generalsekretær (humanitær organisasjon)

## Yrkesområde 12

## Leiarar i store og mellomstore føretak og i offentleg administrasjon o.a.

Leiarar i store og mellomstore føretak - dvs. med ti eller fleire tilsette - omfattar leiarar i privat sektor og i offentleg forretningsdrift. Her plasserer ein og leiarar i statsadministrasjonen, fylkeskommunen og kommunen som ikkje rapporterer direkte til dei politiske organa. (Dette gjeld sjølv om desse leiarane har færre enn ti tilsette.) Til forskjell frå leiarar i offentleg verksemd som er grupperte i yrkesområde 11, skal dette yrkesområdet for det meste omfatte leiarar for føretak eller avdelingar som står i ei friare stilling med omsyn til kontroll og styring av den daglege drifta. Offentleg tilsette leiarar i yrkesområde 12 har stort sett same type oppgåver som leiarar i privat verksemd.

Arbeidsoppgåvene inneber å leie, planleggje og samordne verksemda.

Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgrupper:
121 Administrerande direktørar
122 Produksjonsdirektørar
123 Spesialdirektørar

### Yrkesgruppe 121
Administrerande direktørar

Yrke innanfor denne gruppa:
1210 Administrerande direktørar

### *1210 Administrerande direktørar*

Administrerande direktørar leier føretak, organisasjonar (bortsett frå interesseorganisasjonar) og offentleg forretningsdrift og sjølvstendig forvaltningsverksemd med ti eller fleire tilsette, tek avgjerder og formulerer politikk og planar for verksemda, og leier arbeidet med gjennomføringa og koordineringa av verksemda etter retningsliner gjevne av styret som dei er ansvarlege overfor og rapporterer til.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- vere med i utforminga av og avgjerder knytte til strategi og planar i verksemda
- planleggje, leie og koordinere verksemda
- ta avgjerder og gjennomføre tiltak i samarbeid med underordna sjefar
- rapportere resultat til leiinga eller til eige styre
- representere verksemda

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Administrerande direktør
Arbeidsdirektør
Kringkastingssjef

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Administrasjonssjef 1231
Kontorsjef (offentleg administrasjon) 1227

**Yrkesgruppe 122**
Produksjonsdirektørar

Denne yrkesgruppa leier den primære verksemda i føretaket eller organisasjonen. Dette kan bl.a. innebere å planleggje, leie og samordne aktivitetar som gjeld produksjon av varer og tenester som verksemda sel eller yter til publikum. Sjef for regional avdeling av føretak vil ofte verte plassert her. Direktørar som leier interne aktivitetar i føretak eller organisasjonar, skal plasserast under 123 (Spesialdirektørar).

Yrke innanfor denne gruppa:
1221 Produksjonsdirektørar innanfor jordbruk, skogbruk og fiske
1222 Produksjonsdirektørar innanfor olje- og gassutvinning, bergverksdrift, industri, kraft- og vassforsyning
1223 Produksjonsdirektørar innanfor byggje- og anleggsverksemd
1224 Produksjonsdirektørar innanfor varehandel, hotell- og restaurantverksemd o.a.
1225 Produksjonsdirektørar innanfor transport og kommunikasjon
1226 Produksjonsdirektørar innanfor finansiell tenesteyting, eigedomsdrift osv.
1227 Produksjonsdirektørar innanfor offentleg administrasjon
1228 Produksjonsdirektørar innanfor undervisning, helse- og sosialtenester
1229 Produksjonsdirektørar innanfor andre sosiale og personlege tenester
1230 Produksjonsdirektørar innanfor ikkje-spesifisert næringsområde

### *1221 Produksjonsdirektørar innanfor jordbruk, skogbruk og fiske*
Produksjonsdirektørar innanfor jordbruk, skogbruk og fiske (etter Standard for næringsgruppering (SN94), gruppe 01-02 og 05) planlegg, leier og samordnar verksemda under leiing av administrerande direktør e.l. og i samråd med leiarar i andre avdelingar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- ha ansvaret for effektiv ressursutnytting og for at produksjonskvotane vert oppfylte
- planleggje og leie den daglege verksemda
- kontrollere kostnader
- overvake at tryggingsforskriftene vert følgde
- ha ansvaret for personalleiing
- representere avdelinga internt i organisasjonen og overfor eksterne organisasjonar og føretak

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Avdelingsleiar (park og idrett)

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Fylkeslandbrukssjef 1227

### *1222 Produksjonsdirektørar innanfor olje- og gassutvinning, bergverksdrift, industri, kraft- og vassforsyning*
Produksjonsdirektørar innanfor olje- og gassutvinning, bergverksdrift, industri, kraft- og vassforsyning (etter Standard for næringsgruppering (SN94), gruppe 10-41) planlegg, leier og samordnar verksemda under leiing av administrerande direktør e.l. og i samråd med leiarar i andre avdelingar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje, leie og samordne verksemda i samband med vareproduksjon, utvinning av mineral frå gruvedrift eller produksjon eller forsyning av elektrisitet, gass og vatn
- ha ansvaret for effektiv ressursutnytting og for at produksjonsmåla vert oppfylte
- planleggje og leie den daglege verksemda
- kontrollere kostnader
- overvake at tryggingsforskriftene vert følgde
- ha ansvaret for personalleiing
- representere avdelinga internt i organisasjonen og overfor eksterne organisasjonar og føretak

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Avdelingsleiar (elektrisitets-/kraftverk)
Plattformsjef

### *1223 Produksjonsdirektørar innanfor byggje- og anleggsverksemd*
Produksjonsdirektørar innanfor byggje- og anleggsverksemd (etter Standard for næringsgruppering (SN94), gruppe 45) planlegg, leier og samordnar byggje- og anleggsverksemda under leiing av administrerande direktør e.l. og i samråd med leiarar i andre avdelingar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje, leie og samordne verksemda
- ha ansvaret for effektiv ressursutnytting og for at produksjonskvotane vert oppfylte
- planleggje og leie den daglege verksemda
- kontrollere kostnader
- ha ansvaret for personalleiing
- representere avdelinga internt i organisasjonen og overfor eksterne organisasjonar og føretak

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Vegsjef
Utbyggingssjef
Entreprenør (meir enn ni tilsette)

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Entreprenør (færre enn ti tilsette) 1313

### *1224 Produksjonsdirektørar innanfor varehandel, hotell- og restaurantverksemd o.a.*

Produksjonsdirektørar innanfor varehandel, reparasjon av køyrety og hushaldsapparat, hotell- og restaurantverksemd (etter Standard for næringsgruppering (SN94), gruppe 50-52, 55) planlegg, leier og samordnar handels-, hotell- og restaurantverksemda o.a. under leiing av administrerande direktør e.l. og i samråd med leiarar i andre avdelingar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje, leie og samordne verksemda
- ha ansvaret for effektiv ressursutnytting
- planleggje og leie den daglege verksemda
- kontrollere kostnader
- overvake at tryggingsforskriftene vert følgde
- ha ansvaret for personalleiing
- representere avdelinga internt i organisasjonen og overfor eksterne organisasjonar og føretak

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Avdelingsleiar, butikk (meir enn ni tilsette)
Butikksjef (meir enn ni tilsette)
Avdelingsleiar, restaurant (meir enn ni tilsette)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Dagleg leiar, butikk (færre enn ti tilsette) 1314
Grossist (færre enn ti tilsette) 1314

### *1225 Produksjonsdirektørar innanfor transport og kommunikasjon*

Produksjonsdirektørar innanfor transport og kommunikasjon (etter Standard for næringsgruppering (SN94), gruppe 60-64) planlegg, leier og samordnar verksemda innanfor transport, lager og kommunikasjon under leiing av administrerande direktør e.l. og i samråd med leiarar i andre avdelingar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje, leie og samordne verksemda
- ha ansvaret for effektiv ressursutnytting og for at oppsette planar vert haldne
- planleggje og leie dagleg verksemd
- kontrollere kostnader
- overvake at tryggingsforskriftene vert følgde
- ha ansvaret for personalleiing
- representere avdelinga internt i organisasjonen og overfor eksterne organisasjonar og føretak

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Stasjonssjef (transport/kommunikasjon)
Hamnekaptein

### *1226 Produksjonsdirektørar innanfor finansiell tenesteyting, eigedomsdrift osv.*

Produksjonsdirektørar innanfor finansiell tenesteyting, forsikring, eigedomsdrift, forretningsmessig tenesteyting og utleigeverksemd (etter Standard for næringsgruppering (SN94), gruppe 65-67, 70-74) planlegg, leier og samordnar dei aktivitetane i verksemda som gjeld finansiell tenesteyting, eigedomsdrift osv., under leiing av administrerande direktør e.l. og i samråd med leiarar i andre avdelingar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje, leie og samordne produksjonen av bank- og forsikringstenester, eigedomsdrift, utleigeverksemd, produksjon av edb-tenester, marknadsundersøkingar, rekneskapstenester, arkitektverksemd, teknisk, økonomisk, samfunnsvitskapleg o.a. forskings- og konsulentverksemd o.a.
- ha ansvaret for effektiv ressursutnytting og for at oppsette planar vert haldne
- planleggje og leie den daglege veksemda
- kontrollere kostnader
- overvake at forskriftene vert følgde
- ha ansvaret for personalleiing
- representere avdelinga internt i organisasjonen og overfor eksterne organisasjonar og føretak

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Banksjef (personmarknaden)
Banksjef (føretaksmarknaden)

### *1227 Produksjonsdirektørar innanfor offentleg administrasjon*

Produksjonsdirektørar innanfor offentleg administrasjon (etter Standard for næringsgruppering (SN94), gruppe 75) planlegg, leier og samordnar aktivitetane i verksemda som gjeld offentleg administrasjon, under leiing av administrerande direktør, departementsråd, rådmann e.l. og i samråd med leiarar i andre avdelingar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje, leie og samordne verksemda
- ha ansvaret for effektiv ressursutnytting og for at oppsette planar vert haldne
- planleggje og leie den daglege verksemda
- kontrollere kostnader
- etablere og leie operasjons- og administrasjonsverksemd
- overvake at tryggingsforskriftene vert følgde
- ha ansvaret for personalleiing
- representere avdelinga internt i organisasjonen og overfor eksterne organisasjonar og føretak

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Ekspedisjonssjef
Avdelingsdirektør (offentleg administrasjon)
Etatssjef

### *1228 Produksjonsdirektørar innanfor undervisning, helse- og sosialtenester*

Produksjonsdirektørar innanfor undervisning, helse- og sosialtenester (etter Standard for næringsgruppering (SN94), gruppe 80 og 85) planlegg, leier og samordnar aktivitetane i verksemda som gjeld undervisning, helse- og sosialtenester, under leiing av administrerande direktør, rådmann e.l. og i samråd med leiarar i andre avdelingar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje, leie og samordne verksemda
- ha ansvaret for effektiv ressursutnytting og for at oppsette planar vert haldne
- planleggje og leie den daglege verksemda
- kontrollere kostnader
- overvake at tryggingsforskriftene vert følgde
- ha ansvaret for personalleiing
- representere avdelinga internt i organisasjonen og overfor eksterne organisasjonar og føretak

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Rektor (offentleg skule)
Styrar (offentleg helse- og sosialinstitusjon)
Rektor, privatskule (meir enn ni tilsette)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Rektor, privatskule (færre enn ti tilsette) 1319
Sjukeheimsstyrar, privat (færre enn ti tilsette) 1319

### *1229 Produksjonsdirektørar innanfor andre sosiale og personlege tenester*

Produksjonsdirektørar innanfor andre sosiale og personlege tenester (etter Standard for næringsgruppering (SN94), gruppene som ikkje er nemnde over) planlegg, leier og samordnar dei andre aktivitetane i verksemda enn dei som er nemnde for yrka 1221-1228 over, under leiing av administrerande direktørar e.l. og i samråd med leiarar i andre avdelingar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje, leie og samordne verksemda i samband med andre aktivitetar enn dei som er innlemma i yrka 1221-1228
- ha ansvaret for effektiv ressursutnytting og for at oppsette planar vert haldne
- planleggje og leie den daglege verksemda
- kontrollere kostnader
- overvake at tryggingsforskriftene vert følgde
- ha ansvaret for personalleiing
- representere avdelinga internt i organisasjonen og overfor eksterne organisasjonar og føretak

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Driftssjef (renovasjon osv.)

### *1230 Produksjonsdirektørar innanfor ikkje-spesifisert næringsområde*

Produksjonsdirektørar for næringsområde som ikkje er oppgjevne, planlegg, leier og samordnar aktivitetane i verksemda under leiing av administrerande direktør e.l. og i samråd med leiarar i andre avdelingar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje, leie og samordne verksemda
- ha ansvaret for effektiv ressursutnytting og for at oppsette planar vert haldne
- planleggje og leie den daglege verksemda
- kontrollere kostnader
- overvake at tryggingsforskriftene vert følgde
- ha ansvaret for personalleiing
- representere avdelinga internt i organisasjonen og overfor eksterne organisasjonar og føretak

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Avdelingsdirektør (uoppgjeve næringsområde)

### Yrkesgruppe 123
Spesialdirektørar

Denne yrkesgruppa leier støttefunksjonane i føretaket eller organisasjonen. Dette kan bl.a. innebere å planleggje, leie og samordne interne aktivitetar i eiga avdeling, eller i føretaket eller organisasjonen som heilskap. Direktørar som leier produksjon av varer og tenester som ein sel eller yter til publikum eksternt, skal plasserast under 122.

Yrke innanfor denne gruppa:

| | |
|---|---|
| 1231 | Finans-, økonomi- og administrasjonsdirektørar |
| 1232 | Personaldirektørar |
| 1233 | Salsdirektørar |
| 1234 | Marknadsførings- og informasjonsdirektørar |
| 1235 | Innkjøps- og distribusjonsdirektørar |
| 1236 | IT-direktørar |
| 1237 | Forskingsdirektørar |
| 1239 | Andre spesialdirektørar |

### *1231 Finans-, økonomi- og administrasjonsdirektørar*

Finans-, økonomi- og administrasjonsdirektørar planlegg, leier og samordnar den interne administrative eller økonomiske verksemda under leiinga i organisasjonen eller føretaket og i samarbeid med andre avdelingsdirektørar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å:
- planleggje, leie og samordne den interne administrative eller økonomiske verksemda i føretaket eller organisasjonen
- arbeide ut budsjett og overvake ulike finansielle operasjonar
- kontrollere utgiftene og sikre effektiv utnytting av ressursane
- planleggje og leie den daglege verksemda
- ha ansvaret for personalleiing

- representere avdelinga internt i organisasjonen og overfor eksterne organisasjonar og føretak

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Økonomisjef/-direktør
Hovudbokhaldar (bank)

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Skattefut 1227

### *1232 Personaldirektørar*
Personaldirektørar planlegg, leier og samordnar den personalpolitiske verksemda under leiinga i føretaket eller organisasjonen i samarbeid med leiarar for andre avdelingar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje, leie og samordne den personalpolitiske verksemda i føretaket eller organisasjonen
- planleggje, leie og samordne prosedyrar for rekruttering, opplæring og karriereplanlegging
- forme ut lønsstrukturen og føre lønstingingar
- ha ansvaret for samarbeidet med dei tilsette og for personalsaker
- ha ansvaret for tryggingssrutinane, helsetenesta i føretaket og liknande program i samarbeid med alle partar det gjeld
- kontrollere utgiftene og sikre effektiv utnytting av ressursane
- etablere og leie operative og administrative prosedyrar
- planleggje og leie den daglege verksemda
- ha ansvaret for personalleiing
- representere avdelinga internt i organisasjonen og overfor eksterne organisasjonar og føretak

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Personalsjef/-direktør
Velferdssjef

### *1233 Salsdirektørar*
Salsdirektørar planlegg, leier og samordnar salsverksemda under leiinga i føretaket eller organisasjonen i samarbeid med leiarar for andre avdelingar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje, leie og samordne salsverksemda i føretaket eller organisasjonen
- planleggje og organisere særskilde sals- og marknadsføringsprogram ut frå salsresultat og marknadsanalysar
- ta avgjerder om prisar, rabatt- og leveringsvilkår, salsbudsjett, salsmetodar og spesialkampanjar
- kontrollere utgiftene og sikre effektiv utnytting av ressursane
- etablere og leie operative og administrative prosedyrar
- planleggje og leie den daglege verksemda
- ha ansvaret for personalleiing
- representere avdelinga internt i organisasjonen og overfor eksterne organisasjonar og føretak

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Salssjef
Abonnementssjef
Annonsesjef
Eksportsjef

### *1234 Marknadsførings- og informasjonsdirektørar*
Marknadsførings- og informasjonsdirektørar planlegg, leier og samordnar marknadsføring, reklame, PR og vanleg informasjonsverksemd i føretaket eller organisasjonen i samarbeid med leiarar for andre avdelingar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje, leie og samordne marknadsførings- og informasjonsverksemda i føretaket eller organisasjonen
- tinge om reklamekontraktar med massemedium, idretts- og kulturorganisasjonar og reklamebyrå
- planleggje og leie informasjonsprogram for å informere styresmakter, massemedium og publikum om standpunkta til føretaket eller organisasjonen
- planleggje og leie innsamlingsaktivitetar for utdannings-, humanitære og andre ikkje-kommersielle organisasjonar
- kontrollere utgiftene og sikre effektiv utnytting av ressursane
- etablere og leie operative og administrative prosedyrar
- planleggje og leie den daglege verksemda
- ha ansvaret for personalleiing
- representere avdelinga internt i organisasjonen og overfor eksterne organisasjonar og føretak

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Marknadsdirektør
Informasjonsdirektør
Reklamesjef

### *1235 Innkjøps- og distribusjonsdirektørar*
Innkjøps- og distribusjonsdirektørar planlegg, leier og samordnar innkjøps- og distribusjonsverksemda i føretaket eller organisasjonen i samarbeid med leiarar for andre avdelingar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje, leie og samordne innkjøps-, lager- og distribusjonsverksemda i føretaket eller organisasjonen
- tinge om innkjøpskontraktar, avtale prisar med leverandørar og ha ansvaret for kvaliteten på innkjøpte varer
- planleggje og installere system for lagerhald
- kontrollere utgiftene og sikre effektiv utnytting av ressursane

- etablere og leie operative og administrative prosedyrar
- planleggje og leie den daglege verksemda
- ha ansvaret for personalleiing
- representere avdelinga internt i organisasjonen og overfor eksterne organisasjonar og føretak

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Innkjøpssjef/-leiar
Distribusjonssjef

### *1236 IT-direktørar*
IT-direktørar planlegg, leier og samordnar edb-verksemda i føretaket eller organisasjonen i samarbeid med sjefar for andre avdelingar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje, leie og samordne edb-verksemda i føretaket eller organisasjonen
- styre val, installering, bruk og vedlikehald av datautstyr og programvare
- planleggje den overordna edb-strategien i føretaket eller organisasjonen og samordne utprøving av eventuelle alternativ
- kontrollere utgiftene og sikre effektiv utnytting av ressursane
- etablere og leie operative og administrative prosedyrar
- planleggje og leie den daglege verksemda
- ha ansvaret for personalleiing
- representere avdelinga internt i organisasjonen og overfor eksterne organisasjonar og føretak

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Systemsjef
IT-sjef
Edb-sjef

### *1237 Forskingsdirektørar*
Forskingsdirektørar planlegg, leier, samordnar og utviklar forskings- og utviklingsverksemda i føretaket eller i organisasjonen i samarbeid med leiarar for andre avdelingar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje, leie og samordne forskings- og utviklingsverksemda i føretaket eller på oppdrag frå utanforståande forskingsorganisasjonar for å utvikle nye eller forbetra tekniske prosessar, produkt eller materialutnytting for føretaket eller organisasjonen
- planleggje den overgripande forskings- og utviklingsverksemda i føretaket eller organisasjonen og spesifisere mål og budsjettkrav
- kontrollere utgiftene og sikre effektiv utnytting av ressursane
- etablere og leie operative og administrative prosedyrar
- planleggje og leie den daglege verksemda
- ha ansvaret for personalleiing
- representere avdelinga internt i organisasjonen og overfor eksterne organisasjonar og føretak

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Forskingsdirektør

### *1239 Andre spesialdirektørar*
Her skal direktørar for spesielle område som ikkje kan klassifiserast i andre grupper under yrkesgruppe 123, klassifiserast.

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Arkivsjef

## Yrkesområde 13

## Leiarar i små føretak
Dette yrkesområdet er avsett for toppleiarar i småbedrifter - dvs. med færre enn ti tilsette. Andre leiarar er plasserte på fagkodane sine under andre yrkesfelt. Grunnen til dette er at for avdelingsleiarar i føretak med færre enn ti tilsette vil leiing utgjere ein relativt liten del av oppgåvene. I tillegg skal også leiarar i einmannsføretak, utan omsyn til om dei driv for eiga rekning som sjølvstendige eller er tilsette, plasserast her. Tilsette i offentleg verksemd vert plasserte i yrkesområde 11 og yrkesområde 12.

Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgruppe:
131 Leiarar i små føretak

### Yrkesgruppe 131
Leiarar i små føretak

Yrke innanfor denne gruppa:

| | |
|---|---|
| 1311 | Leiarar innanfor jordbruk, skogbruk og fiske |
| 1312 | Leiarar innanfor bergverksdrift, industri, kraft- og vassforsyning |
| 1313 | Leiarar innanfor byggje- og anleggsverksemd |
| 1314 | Leiarar innanfor varehandel o.a. |
| 1315 | Leiarar innanfor hotell- og restaurantverksemd |
| 1316 | Leiarar innanfor transport og kommunikasjon |
| 1317 | Leiarar innanfor finansiell tenesteyting, eigedomsdrift osv. |
| 1318 | Leiarar innanfor renovasjon, personleg tenesteyting og arbeid for private hushald |
| 1319 | Andre leiarar |
| 1320 | Leiarar innanfor ikkje-spesifiserte næringsområde |

### *1311 Leiarar innanfor jordbruk, skogbruk og fiske*
Leiarar innanfor jordbruk, skogbruk og fiske (etter Standard for næringsgruppering (SN94), gruppe 01-02 og 05) leier små verksemder - dvs. med færre enn ti tilsette - innanfor desse næringsområda i privat verksemd.

Merk: Personar som definerer seg som bonde el. gardbrukar, jeger, skogbrukar eller fiskar, skal grupperast

under yrkesfelt 6: Yrke innanfor jordbruk, skogbruk og fiske.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje og gjennomføre måla og strategien til verksemda
- arbeide ut budsjettforslag
- tinge med leverandørar og kundar
- planleggje og kontrollere ressursbruken og tilsetje folk
- leie den daglege verksemda
- rapportere til eventuelle eigarar/styre

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Leiar, fiskeoppdrettsanlegg (med færre enn ti tilsette)

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Bonde (kornproduksjon) 6111

### 1312 Leiarar innanfor bergverksdrift, industri, kraft- og vassforsyning

Leiarar innanfor bergverksdrift, industri, kraft- og vassforsyning (etter Standard for næringsgruppering (SN94), gruppe 13-41) leier små verksemder - dvs. med færre enn ti tilsette - innanfor desse næringsområda.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje og gjennomføre måla og strategien til verksemda
- arbeide ut budsjettforslag
- tinge med leverandørar og kundar
- planleggje og kontrollere ressursbruken og tilsetje folk
- leie den daglege verksemda
- rapportere til eventuelle eigarar/styre

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Vassverkssjef (privat med færre enn ti tilsette)
Kraftverkssjef (privat med færre enn ti tilsette)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Avdelingssjef (bergverk) 1222
Avdelingsdirektør (elektrisitets-/kraftverk) 1222
Vassverkssjef (med meir enn ni tilsette) 1210

### 1313 Leiarar innanfor byggje- og anleggsverksemd

Leiarar innanfor byggje- og anleggsverksemd (etter Standard for næringsgruppering (SN94), gruppe 45) leier små verksemder - dvs. med færre enn ti tilsette - innanfor privat verksemd.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje og gjennomføre måla og strategien til verksemda
- arbeide ut budsjettforslag
- tinge med leverandørar og kundar
- planleggje og kontrollere ressursbruken og tilsetje folk
- leie den daglege verksemda
- rapportere til eventuelle eigarar/styre

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Entreprenør (med færre enn ti tilsette)

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Entreprenør (med meir enn ni tilsette) 1223

### 1314 Leiarar innanfor varehandel o.a.

Leiarar innanfor varehandel (detalj- og grossisthandel) og reparasjon av køyrety og hushaldsapparat (etter Standard for næringsgruppering (SN94), gruppe 50-52) leier små verksemder - dvs. med færre enn ti tilsette - innanfor privat verksemd.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje og gjennomføre måla og strategien til verksemda
- arbeide ut budsjettforslag
- tinge med leverandørar og kundar
- planleggje og kontrollere ressursbruken og tilsetje folk
- leie den daglege verksemda
- rapportere til eventuelle eigarar/styre

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Grossist og detaljist (med færre enn ti tilsette)
Butikksjef (med færre enn ti tilsette)
Kjøpmann

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Butikksjef (med meir enn ni tilsette) 1224

### 1315 Leiarar innanfor hotell- og restaurantverksemd

Leiarar innanfor hotell- og restaurantverksemd (etter Standard for næringsgruppering (SN94), gruppe 55) leier små verksemder - dvs. med færre enn ti tilsette - innanfor privat verksemd.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje og gjennomføre måla og strategien til verksemda
- arbeide ut budsjettforslag
- tinge med leverandørar og kundar
- planleggje og kontrollere ressursbruken og tilsetje folk
- leie den daglege verksemda
- rapportere til eventuelle eigarar/styre

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Hotellsjef (med færre enn ti tilsette)
Restauratør (med færre enn ti tilsette)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Avdelingsleiar, restaurant (med meir enn ni tilsette) 1224
Avdelingsleiar, hotell (med meir enn ni tilsette) 1224

### *1316 Leiarar innanfor transport og kommunikasjon*

Leiarar innanfor transport og kommunikasjon (etter Standard for næringsgruppering (SN94), gruppe 60-64) leier små verksemder - dvs. med færre enn ti tilsette.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje og gjennomføre måla og strategien til verksemda
- arbeide ut budsjettforslag
- tinge med leverandørar og kundar
- planleggje og kontrollere ressursbruken og tilsetje folk
- leie den daglege verksemda
- rapportere til eventuelle eigarar/styre

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Leiar, speditørfirma (med færre enn ti tilsette)

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Hamnekaptein (med meir enn ni tilsette) 1225

### *1317 Leiarar innanfor finansiell tenesteyting, eigedomsdrift osv.*

Leiarar innanfor finansiell tenesteyting, forsikring, eigedomsdrift, forretningsmessig tenesteyting og utleigeverksemd (etter Standard for næringsgruppering (SN94), gruppe 65-67 og 70-74) leier små verksemder - dvs. med færre enn ti tilsette - innanfor finansiell tenesteyting, forsikring, eigedomsdrift, forretningsmessig tenesteyting og utleigeverksemd, innanfor privat verksemd.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje og gjennomføre måla og strategien til verksemda
- arbeide ut budsjettforslag
- tinge med leverandørar og kundar
- planleggje og kontrollere ressursbruken og tilsetje folk
- leie den daglege verksemda
- rapportere til eventuelle eigarar/styre

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Filialsjef, bank (med færre enn ti tilsette)

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Avdelingsleiar, bank (med meir enn ni tilsette) 1226

### *1318 Leiarar innanfor renovasjon, personleg tenesteyting og arbeid for private hushald*

Leiarar innanfor renovasjon, personleg tenesteyting og arbeid for private hushald (etter Standard for næringsgruppering (SN94), gruppe 90, 93 og 95) leier små verksemder - dvs. med færre enn ti tilsette - innanfor privat verksemd.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje og gjennomføre måla og strategien til verksemda
- arbeide ut budsjettforslag
- tinge med leverandørar og kundar
- planleggje og kontrollere ressursbruken og tilsetje folk
- leie den daglege verksemda
- rapportere til eventuelle eigarar/styre

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Leiar, vaskeri (med færre enn ti tilsette)
Leiar, frisørsalong (med færre enn ti tilsette)

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Driftsleiar, reinhald (med meir enn ni tilsette) 1229

### *1319 Andre leiarar*

Dette yrket inkluderer andre leiarar i private verksemder i undervisnings-, helse- og sosialinstitusjonar og fritidsverksemder, kulturell tenesteyting og sport (etter Standard for næringsgruppering (SN94), gruppe 80, 85 og 92). Desse leiarane leier små verksemder - dvs. med færre enn ti tilsette - innanfor privat verksemd.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje og gjennomføre måla og strategien til verksemda
- arbeide ut budsjettforslag
- tinge med leverandørar og kundar
- planleggje og kontrollere ressursbruken og tilsetje folk
- leie den daglege verksemda
- rapportere til eventuelle eigarar/styre

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Redaktør (med færre enn ti tilsette)
Teatersjef (med færre enn ti tilsette)
Aldersheimsstyrar, privat (med færre enn ti tilsette)

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Sjukeheimsstyrar (offentleg verksemd) 1228

### *1320 Leiarar innanfor ikkje-spesifisert næringsområde*

Dette yrket inkluderer leiarar innanfor ikkje-spesifisert næringsområde som leier små verksemder - dvs. med færre enn ti tilsette - innanfor privat verksemd.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje og gjennomføre måla og strategien til verksemda
- arbeide ut budsjettforslag
- tinge med leverandørar og kundar
- planleggje og kontrollere ressursbruken og tilsetje folk
- leie den daglege verksemda
- rapportere til eventuelle eigarar/styre

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Dagleg leiar, ikkje-spesifisert næringsområde (med færre enn ti tilsette)

# Yrkesfelt 2

### Akademiske yrke

Til dette feltet høyrer yrke som normalt krev minimum 4 års utdanning frå universitet eller høgskule. Yrkesfeltet omfattar forsking, undervisning, rådgjeving, medisinsk behandling og kunstnarleg verksemd, og dessutan utgreiings- og høgare saksbehandlararbeid innanfor offentleg administrasjon.

Det som avgjer om eit yrke skal plasserast i yrkesfelt 1 (Administrative leiarar og politikarar) eller i yrkesfelt 2 (Akademiske yrke), er omfanget av leiing. Det avgjerande for plasseringa vil vere bruken av kompetansen. T.d. skal ein medisinsk sakkunnig som hovudsakleg utfører konsultasjonar, grupperast i yrkesfelt 2. Ein som hovudsakleg nyttar medisinsk kompetanse til å ta administrative avgjerder, skal plasserast i yrkesfelt 1.

Dette yrkesfeltet er delt inn i følgjande yrkesområde:

| | |
|---|---|
| 21 | Realistar, sivilingeniørar o.a. |
| 22 | Biologiske og medisinske yrke o.a. |
| 23 | Undervisningsyrke som krev minst 4 års universitets- eller høgskuleutdanning |
| 24 | Høgare saksbehandlarar innanfor offentleg administrasjon |
| 25 | Andre akademiske yrke |

### Yrkesområde 21

### Realistar, sivilingeniørar o.a.

Fysikarar, matematikarar og teknisk-vitskapleg personell utviklar omgrep og teoriar. Vidare gjev dei råd eller nyttar kunnskap på felt som fysikk, astronomi, meteorologi, kjemi, geologi, geofysikk, matematikk, statistikk, IT, arkitektur og ingeniørarbeid.

Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgrupper:

| | |
|---|---|
| 211 | Fysikarar, kjemikarar og tilsvarande yrke |
| 212 | Matematikarar, statistikarar og tilsvarande yrke |
| 213 | Systemanalytikarar og programmerarar |
| 214 | Sivilarkitektar, sivilingeniørar og tilsvarande yrke |

### Yrkesgruppe 211

Fysikarar, kjemikarar og tilsvarande yrke

Yrke innanfor denne gruppa:

| | |
|---|---|
| 2111 | Fysikarar og astronomar |
| 2112 | Meteorologar |
| 2113 | Kjemikarar |
| 2114 | Geologar og geofysikarar |

#### *2111 Fysikarar og astronomar*

Fysikarar og astronomar driv forsking og utviklar omgrep og teoriar innanfor faget sitt.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- forske og utvikle omgrep og teoriar og utføre eksperiment, testar og analysar på felt som mekanikk, termodynamikk, optikk, sonikk, elektrisitet, magnetisme, elektronikk, kjernefysikk og astronomi
- eksperimentere, teste og utføre analysar av stoffstrukturar og eigenskapar ved ulike stoff
- vurdere resultat av undersøkingar og eksperiment og utforme konklusjonar hovudsakleg ved hjelp av matematiske teknikkar og modellar
- utvikle og betre praktisk bruk av fysiske og astronomiske prinsipp og teknikkar
- analysere og observere astronomiske fenomen og utvikle metodar og teknologi som kan nyttast på felt som navigasjon eller romforsking
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Fysikar
Astrofysikar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Bioingeniør 3211
Universitets- og høgskulelærar 2310

#### *2112 Meteorologar*

Meteorologar utfører forsking, arbeider ut eller utviklar omgrep, teoriar og arbeidsmetodar som er relaterte til atmosfæriske tilhøve.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- forske og utvikle omgrep, teoriar og arbeidsmetodar relaterte til atmosfæriske tilhøve
- undersøkje vindretning og fart for luftrørsler, trykk, temperatur, fukt og andre fenomen som danning av skyer, nedbør, elektriske forstyrringar eller solutstråling
- studere data samla frå vervarslingsstasjonar og arbeide ut detaljerte verkart eller langtidsverkart og verprognosar til bruk i luftfart, sjøfart, landbruk eller som publikumsretta informasjon
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Meteorolog
Statsmeteorolog

#### *2113 Kjemikarar*

Kjemikarar utfører forsking og arbeider ut eller utviklar omgrep, teoriar og arbeidsmetodar som er relaterte til kjemiske prosessar og produksjon.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- forske og utvikle omgrep, teoriar og arbeidsmetodar relaterte til kjemiske prosessar og produksjon
- eksperimentere, teste og utføre analysar av kjemiske samansetningar og energi og av kjemiske endringar i stoff og produkt i naturleg eller syntetisk form

- vurdere resultat av undersøkingar og eksperiment og leggje fram konklusjonar
- utvikle eller betre industriprodukt og prosessar
- utvikle kvalitetskontroll-prosedyrar for fabrikantar eller forbrukarar
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Biokjemikar
Kjemikar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Farmasøyt (cand.pharm.) 2224
Laborant 7450
Universitets- og høgskulelærar 2310

***2114 Geologar og geofysikarar***
Geologar og geofysikarar utfører forsking og betrar eller utviklar omgrep, teoriar og arbeidsmetodar som er relaterte til geologi og geofysikk innanfor område som olje, gass, mineralutvinning, vatn, teknikk, telekommunikasjon og sjøfart.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- forske og utvikle omgrep, teoriar og arbeidsmetodar relaterte til geologi og geofysikk
- studere samansetning og struktur i jordskorpa, og undersøkje stein, mineral, fossil e.l.
- studere data og arbeide ut geologiske rapportar, kart og diagram
- nytte geologisk kunnskap når det skal byggjast kraftverk, bruer, tunnelar og bygningar
- undersøkje og rekne på jordskjelv, tyngdekraft og elektriske, termiske og magnetiske krefter
- undersøkje og rekne på optiske og akustiske fenomen i atmosfæren
- studere naturfenomen som jordskjelv, vulkanar og isbrear
- kartleggje det magnetiske feltet rundt jordkloden, og gjere slike og andre data tilgjengelege for navigering og kringkasting
- lokalisere og gjere greie for eigenskapar ved og omfang av olje-, gass- og mineralførekomstar og grunnvassressursar ved hjelp av seismologiske, radiometriske, gravimetriske, elektriske og magnetiske metodar, og dessutan arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Petroleumsgeofysikar
Glasiolog

**Yrkesgruppe 212**
Matematikarar, statistikarar og tilsvarande yrke

Yrke innanfor denne gruppa:
2121 Matematikarar og tilsvarande yrke
2122 Statistikarar

***2121 Matematikarar og tilsvarande yrke***
Matematikarar og personar i tilsvarande yrke forskar på og utviklar matematiske og aktuarvitskaplege omgrep, teoriar, arbeidsmetodar og teknikkar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- forske på og utvikle matematiske og aktuarvitskaplege teoriar og teknikkar
- gje råd eller nytte matematiske modellar, prinsipp og teknikkar
- lage matematiske modellar ved hjelp av datamaskinar
- arbeide ut pensjonsordningar og livs-, sjuke-, sosial- og andre typar forsikringar
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Aktuar
Matematikar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Statistikar 2122
Universitets- og høgskulelærar 2310

***2122 Statistikarar***
Statistikarar forskar på, betrar og utviklar matematiske og andre aspekt ved statistiske omgrep, teoriar og arbeidsmetodar, gjev råd og arbeider med den praktiske bruken på felt som forretningsdrift, medisin, statistikkproduksjon osv.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- betre og utvikle omgrep, teoriar og arbeidsmetodar relaterte til statistikk
- planleggje og organisere utvalsundersøkingar og anna statistisk innsamling og arbeide ut spørjeskjema i samband med det
- vurdere, handsame, analysare og tolke statistiske data og gjere dei klare til publisering
- gje råd om eller nytte forskjellige datainnsamlingsmetodar, statistiske metodar og teknikkar og vurdere kor sætande resultata er, spesielt på felt som forretningsdrift, medisin osv.
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Statistikar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Intervjuar (opinionsmålingar) 5225
Matematikar 2121
Rekneskapsmedarbeidar 4121
Universitets- og høgskulelærar 2310

**Yrkesgruppe 213**
Systemutviklarar og programmerarar

Yrke innanfor denne gruppa:
2130 Systemutviklarar og programmerarar

### *2130 Systemutviklarar og programmerarar*

Systemutviklarar og programmerarar gjennomfører analysar, planlegg og utviklar omgrep og metodar for systemutvikling og programmering og nyttar dei på brukarorienterte område. Vidare utviklar dei system for dataassistert konstruksjon/produksjon (DAK/DAP).

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- forske på og betre metodar innanfor informasjonsteknologi og databaserte system for administrativ databehandling, informasjon, kommunikasjon, planlegging og produksjon
- opprette og halde ved like databasar, oppretthalde dataintegritet og -tryggleik og vere à jour med nye teknikkar, metodar og utstyr
- analysere krav og behov hjå brukarane, leggje fram kostnadsoverslag og skrive programmeringsspesifikasjonar, rettleiingar osv. for brukarar
- utvikle og oppdatere datakontrollfunksjonar og koplingar mellom forskjellige program
- utvikle og teste dataprogram
- halde ved like dataprogram og datadokumentasjon
- sikre nettverkskommunikasjon mellom ulike datamaskinar og datainstallasjonar
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar
- utvikle system for robotstyring (robotikk)
- designe, planleggje, utvikle og implementere system for produksjonsstyring, teknisk konstruksjon eller annan type robotstyring

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Systemkonsulent
IT-konsulent
Systemutviklar DAK/DAP
Kybernetikar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Sivilingeniør (informatikk og informasjonsteknologi) 2144
Datateknikar 3120
Dataingeniør 3120

### Yrkesgruppe 214

Sivilarkitektar, sivilingeniørar og tilsvarande yrke

Yrke innanfor denne gruppa:
2141 Sivilarkitektar, by- og trafikkplanleggjarar
2142 Sivilingeniørar (bygg og anlegg)
2143 Sivilingeniørar (elkraftteknikk)
2144 Sivilingeniørar (elektronikk og telekommunikasjon)
2145 Sivilingeniørar (maskin- og marinteknikk)
2146 Sivilingeniørar (kjemi)
2147 Sivilingeniørar (geofag, petroleumsteknologi, metallurgi o.l.)
2148 Landmålarar, jordskiftekandidatar o.l.
2149 Andre sivilingeniørar og tilsvarande yrke

### *2141 Sivilarkitektar, by- og trafikkplanleggjarar*

Sivilarkitektar og by- og trafikkplanleggjarar gjennomfører analysar, gjev råd, planlegg og formar ut bustadhus, forretnings- og industribygningar, byplanar og landskaps- og trafikksystem.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- utvikle nye eller betre metodar og omgrepsapparat innanfor arkitektur
- inspisere tomter, rådslå med kundar og kome med framlegg til bygningsløysingar, teikne bygningar, planleggje og forme ut detaljerte kart med omsyn til konstruksjonar og ta seg av administrative oppgåver i samband med dette
- finne interiørløysingar som sikrar best mogleg funksjon og kvalitet
- sikre at byggjearbeidet vert utført i samsvar med spesifikasjonane
- planleggje og koordinere utviklinga av bygging i byar
- planleggje og utvikle areal for parkanlegg, skular, institusjonar, flyplassar, vegar og andre prosjekt for industri eller forretningsdrift
- planleggje, gje råd og kontrollere arbeid med vegar og trafikk med omsyn til effektivitet og tryggleik
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Landskapsarkitekt
Sivilarkitekt

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Prosjektingeniør (anlegg) 3111
Teikningskontrollør (bygg) 3111

### *2142 Sivilingeniørar (bygg og anlegg)*

Sivilingeniørar (bygg og anlegg) forskar på, gjev råd om og planlegg konstruksjonar og detaljoperasjonar ved husbygging eller studerer og gjev råd om teknologiske aspekt ved bruk av ulike materialar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- forske på og utvikle nye og betre byggjetekniske omgrep og metodar
- gje råd om og teikne byggverk som bruer, vegar, demningar og andre store bygningar
- arbeide ut og spesifisere konstruksjonsmetodar, materiell og kvalitetsstandardar og leie arbeidet under oppføringa
- etablere kontrollsystem med omsyn til effektivitet, tryggleik og miljø
- lokalisere og rette funksjonssvikt
- organisere vedlikehald og reparasjon av eksisterande konstruksjonar

- studere og gje råd om teknologiske aspekt ved bruk av ulike materialar
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Driftsingeniør, sivil (bygg og anlegg)
Avdelingsingeniør, sivil (bygg og anlegg)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Bygningsingeniør 3111
Konstruktør (bygg) 3111
Konstruktør (anlegg) 3111

### *2143 Sivilingeniørar (elkraftteknikk)*

Sivilingeniørar (elkraftteknikk) forskar på, gjev råd om, planlegg og rettleier ved konstruksjon av elektriske system, motorar og utstyr eller utfører vedlikehald og kontroll av driftsrutinar. Vidare gjev dei råd om teknologiske aspekt ved ulike materialar, produkt og prosessar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- konstruere og gje råd om system for elektrisk produksjon og overføring og distribusjon av energi
- konstruere og gje råd om system for elektriske motorar og anna elektrisk utstyr, m.a. elektriske kvitevarer til hushaldsbruk
- arbeide ut spesifikasjonar for elektriske installasjonar i industribygg og andre bygningar (og rettleie i arbeidet med å få dette utført)
- etablere kontrollsystem og tryggingsrutinar for å sikre effektiv produksjon og forsyning av energi
- lokalisere og rette funksjonssvikt
- organisere vedlikehald og reparasjon av eksisterande elektriske installasjonar, motorar og utstyr
- studere og gje råd om teknologiske aspekt ved bruk av ulike materialar
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Avdelingsingeniør, sivil (elkraftteknikk)
Systemingeniør, sivil (elkraftteknikk)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Elkraftingeniør 3112
Kraftverksingeniør 3112

### *2144 Sivilingeniørar (elektronikk og telekommunikasjon)*

Sivilingeniørar (elektronikk- og telekommunikasjon) forskar på, gjev råd om, planlegg og rettleier ved konstruksjon av elektroniske system og utstyr. Vidare står dei for vedlikehald og kontroll av driftsrutinar eller studerer og rettleier om teknologiske aspekt ved ulike materialar, produkt og prosessar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- konstruere og gje råd om elektronisk system, motorar og utstyr som datamaskinar (t.d. PC-ar) og telekommunikasjonsutstyr
- arbeide ut spesifikasjonar for produksjons- eller installasjonsmetodar, materialar og kvalitetskontrollar og leie produksjons- eller installasjonsarbeid ved hjelp av telekommunikasjonsprodukt og system
- etablere kontrollrutinar og standardar med omsyn til effektivitet, funksjon og tryggleik i elektroniske system, motorar og utstyr
- lokalisere og rette funksjonssvikt
- organisere og leie vedlikehald og reparasjonar av elektroniske system, motorar og utstyr
- studere og gje råd om teknologiske aspekt ved bruk av ulike materialar, produkt og prosessar
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Sivilingeniør (elektronikk og telekommunikasjon)
Sivilingeniør (informatikk og informasjonsteknologi)
Utviklingsingeniør, sivil (elektronikk)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Elektronikkingeniør 3113
Utviklingsingeniør (elektronikk) 3113
Dataingeniør 3120

### *2145 Sivilingeniørar (maskin- og marinteknikk)*

Sivilingeniørar (maskin- og marinteknikk) forskar på, gjev råd om, planlegg og rettleier ved produksjon av maskinar, industrianlegg, utstyr og system. Vidare gjev dei råd om og leier tilverking, vedlikehald og reparasjonar eller studerer og rettleier om teknologiske aspekt ved bruk av ulike materialar, produkt og prosessar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- konstruere og gje råd om maskinar og utstyr for produksjon, utvinning, byggje- og anleggsarbeid, landbruksarbeid og andre industrielle føremål
- konstruere og gje råd om mekaniske motorar og anna mekanisk maskinutstyr
- konstruere og gje råd om skrog og overbygning på skip og andre farty og om skrog, understell og anna utstyr til fly
- konstruere og gje råd om delar i motorkøyrety
- konstruere og gje råd om mekaniske delar i apparat, produkt og anlegg
- etablere kontrollrutinar og standardar for tryggleik og effektivitet
- lokalisere og rette funksjonssvikt
- organisere og leie arbeidet med vedlikehald og reparasjon
- studere og gje råd om teknologiske aspekt ved bruk av ulike materialar, produkt og prosessar
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Sivilingeniør (maskinteknikk)
Prosjektingeniør, sivil (maskinteknikk)
Serviceingeniør, sivil (maskinteknikk)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Maskiningeniør 3114
Serviceingeniør (maskin) 3114

### 2146 *Sivilingeniørar (kjemi)*

Sivilingeniørar (kjemi) forskar på, utviklar, gjev råd om og rettleier ved produksjon av forskjellige stoff som råolje, petroleumsprodukt, mat og drikkevarer, medikament eller syntetiske materialar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- forske på, gje råd om og utvikle kommersielle kjemiske prosessar for å raffinere råolje, andre væsker eller gassar og produsere forskjellige stoff som petroleumsprodukt, eksplosiv, mat og drikke, medikament eller syntetiske materialar
- arbeide ut spesifikasjonar for konstruksjon av kjemiske industrianlegg
- arbeide ut spesifikasjonar for produksjonsmetodar, materialar og kvalitetskontrollar som sikrar at forskriftene vert følgde
- etablere kontrollsystem og standardar med omsyn til effektivitet, tryggleik og miljø
- lokalisere og rette funksjonssvikt og organisere og leie arbeidet med vedlikehald og reparasjonar av utstyr
- studere og gje råd om teknologiske aspekt ved bruk av ulike materialar, produkt og prosessar
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Sivilingeniør (kjemi)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Bioingeniør 3211
Kjemiingeniør 3115

### 2147 *Sivilingeniørar (geofag, petroleumsteknologi, metallurgi o.l.)*

Sivilingeniørar (geofag, petroleumsteknologi, metallurgi o.l.) forskar på, gjev råd om og planlegg kommersielle metodar for utvinning av mineral, olje og gass. Vidare utviklar dei nye legeringar, keramiske materialar o.l. eller studerer og gjev råd om teknologiske aspekt ved bruk av ulike materialar, produkt og prosessar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- utvikle gode metodar for effektiv gruvedrift og utvinning, avgjere kva slag maskineri som skal brukast, planleggje konstruksjonar og leie arbeidet med å lage sjakter og tunnelar
- avgjere kor ein skal bore, og utvikle metodar for å kontrollere olje-, vass- eller gassavstrøyming frå brønnar
- planleggje og leie arbeidet med lagring, førstehandsaming og transport av vatn, olje og gass
- arbeide ut tryggingsstandardar og prosedyrar
- utvikle metodar for utvinning av metall frå malm og gje råd om bruken av dei
- forske på eigenskapane til metall og legeringar, utvikle nye legeringar og gje råd om og overvake dei tekniske aspekta ved tilverking og vidare arbeid
- studere og gje råd om teknologiske aspekt ved bruk av ulike materialar, produkt og prosessar
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Sivilingeniør (geofag og petroleumsteknologi)
Metallurg
Sivilingeniør (offshoreteknologi)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Teknikar (petroleum) 3116
Boreingeniør 3116

### 2148 *Landmålarar og jordskiftekandidatar o.l.*

Landmålarar og jordskiftekandidatar o.l. nyttar oppmålingsmetodar og teknikkar for å fastslå den nøyaktige posisjonen til naturlege og konstruerte kjenneteikn og grenseliner for land, hav og underjordiske område. I tillegg utarbeider og reviderer dei digitale, grafiske eller biletlege framstillingar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- undersøkje, måle og gjere greie for landskap til ulike føremål som kartteikning og konstruksjonsarbeid eller for å fastslå grenser
- undersøkje gruver, skissere underjordiske areal, notere nøyaktige posisjonar for ulike særtrekk og lage skisser og kart for å kontrollere kva retning og omfang ei gruve har
- undersøkje hav-, elve- og sjøbotnar og kartleggje areal under vatn, notere posisjonar, lage skisser og kart over farvatn og kanalar der ein kan føre farty og planleggje marine konstruksjonar
- planleggje og leie fotografiske undersøkingar frå lufta
- analysare luftfoto og andre fotografi, undersøkje data for å arbeide ut topografiske og andre typar kart
- studere og gje råd om tekniske, estetiske og økonomiske aspekt i kartproduksjonen
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Sivilingeniør (kart og oppmåling)
Kartsjef

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Skogingeniør 3213
Kartteiknar 7350

### *2149 Andre sivilingeniørar og tilsvarande yrke*

Her skal ein klassifisere dei yrka som ikkje er klassifiserte elles i yrkesgruppe 214. Dette er yrke der personane utfører forsking på, gjev råd om eller utviklar metodar for auka effektivitet i produksjon og arbeidsorganisasjon, utfører kostnadskalkylar og studerer og gjev råd om teknologiske aspekt ved bruk av ulike materialar, produkt og prosessar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- gje råd om planlegging og produksjonsmetodar for å auke effektiviteten, tryggleiken og lønsemda for personell, materiell og utstyr
- tilrå arbeidsmetodar og følgje med på gjennomføringsprosessen
- identifisere potensielle risikomoment og innføre tryggingsrutinar og -utstyr
- arbeide ut prisoverslag og kalkylar for arkitekt- og byggjeprosjekt
- studere og gje råd om teknologiske aspekt ved særskilde produksjonsprosessar, som t.d. er knytte til glas, keramikk, tekstil, lêrprodukt, treprodukt og trykking
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Sivilingeniør (fysikk)
Sivilingeniør (teknisk design)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Sivilingeniør (elektronikk og telekommunikasjon) 2144
Ingeniør (maskin) 3114
Maskinteknikar 3114

## Yrkesområde 22

### Biologiske og medisinske yrke o.a.

Biologiske og medisinske yrke o.a. omfattar forskings-, rådgjevings- og planleggingsarbeid innanfor biologi og landbruk, medisinsk behandling og forsking, farmakologisk forsking, framstilling og kontroll av medikament og dessutan sjukepleie som krev spesialkompetanse.

Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgrupper:
221 Biologiske yrke o.a.
222 Medisinske yrke
223 Spesialsjukepleiarar og jordmødrer

### Yrkesgruppe 221

Biologiske yrke o.a.

Yrke innanfor denne gruppa:
2211 Biologar, botanikarar, zoologar og tilsvarande yrke
2212 Sivilagronomar og tilsvarande yrke

### *2211 Biologar, botanikarar, zoologar og tilsvarande yrke*

Biologar, botanikarar, zoologar og personar i tilsvarande yrke leier undersøkingar, utviklar omgrep, teoriar og arbeidsmetodar eller tilfører vitskapleg kunnskap relatert til område som biologi, mikrobiologi, bakteriologi, cytologi (celleforsking), genetikk, zoologi, botanikk og økologi. Dette gjeld spesielt innanfor områda medisin og landbruk.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- studere og leie felt- og laboratorieeksperiment i samband med ulike former for liv ved å identifisere og klassifisere artar og studere dei med tanke på opphav, utvikling, kjemisk og fysisk form, struktur, samansetning og livs- og reproduksjonsprosessar
- studere alle former for plante- og dyreliv og utvikle praktisk bruk av denne kunnskapen innanfor områda landbruk og medisin
- studere og leie eksperiment knytte til effekten av fysiske og kjemiske faktorar på celler
- studere samanhengen mellom dyre- og planteliv og involverte miljøfaktorar og gje råd innanfor dei respektive emna
- forske på, betre eller utvikle omgrep, teoriar og arbeidsmetodar og utvikle industriell eller medisinsk bruk av kunnskap innanfor dei respektive områda
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Ornitolog
Botanikar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Hagebrukskandidat 2212
Forskar (landbruk) 2212
Bioingeniør 3211
Agronom 3212

### *2212 Sivilagronomar og tilsvarande yrke*

Sivilagronomar og personar i tilsvarande yrke forskar på og utviklar omgrep, teoriar og arbeidsmetodar og gjer bruk av vitskapleg kunnskap om avling og dyrehald.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- forske på korn og grassortar, hagebruksvekstar og/eller dyrehald og utvikle nye eller betra dyrkings- og avlsmetodar

- forske på og utvikle nye eller betra metodar for planting og kultivering av tre eller planleggje og leie skogplanting og utnytting av skogen
- undersøkje ulike typar jordsmonn med omsyn til kjenneteikn, brukskapasitet og produktivitet og bruke kunnskapen for å utvikle betra metodar innanfor jordbruk, hagebruk og skogbruk
- forske på og utvikle nye eller betra metodar for å verne viltbestanden og for lønsam utnytting av beitemark
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Forstkandidat
Forskar (landbruk)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Førstekonsulent (naturvitskap, offentleg administrasjon) 2413
Miljøvernrådgjevar 2413

**Yrkesgruppe 222**
Medisinske yrke

Yrke innanfor denne gruppa:
2221 Legar
2222 Tannlegar
2223 Veterinærar
2224 Farmasøytar
2225 Ernæringsfysiologar

***2221 Legar***
Legar utfører medisinske undersøkingar, stiller diagnosar, føreskriv og gjev behandling for sjukdomar, funksjonssvikt eller skadar, utfører medisinsk forskingsarbeid, planlegg og gjennomfører førebyggjande arbeid og driv helseopplysningsarbeid.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- forske på sjukdom og funksjonssvikt hjå menneske og utvikle førebyggjande metodar og behandling for personar med slike lidingar
- utføre medisinske undersøkingar og stille diagnosar
- føreskrive og gje behandling for diagnostiserte sjukdomar, funksjonssviktar eller skadar
- gje spesialisert medisinsk eller kirurgisk behandling for ulike sjukdomar, funksjonssviktar eller skadar
- nytte og gje råd om førebyggjande tiltak og behandling
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Medisinsk forskar
Lege (allmennpraktiserande og spesialist)
Psykiater

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Sjukehuslaborant 7450
Jordmor 2230
Farmasøyt (cand.pharm.) 2224
Psykolog 2545

***2222 Tannlegar***
Tannlegar utfører undersøkingar av tenner, munnhole og kringliggjande vev, stiller diagnosar og gjev behandling, utfører forskingsarbeid og planlegg og gjennomfører tannhelseopplysning og førebyggjande arbeid.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- forske på dentale og orale lidingar og sjukdomar og utvikle førebyggjande tiltak og behandlingsmetodar
- utføre undersøkingar av og stille diagnosar innanfor området tenner, munnhole og kringliggjande vev
- gje råd om og utføre sjukdoms- og skadeførebyggjande tiltak
- gje behandling for diagnostisert sjukdom, funksjonssvikt eller skade
- gje spesialisert odontologisk behandling for særlege sjukdomstilstandar, funksjonsavvik eller skadar
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Odontologisk forskar
Tannlege (allmennpraktiserande og spesialist)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Tannteknikar 7311
Tannpleiar 3225

***2223 Veterinærar***
Veterinærar forskar på, betrar eller utviklar omgrep, teoriar og arbeidsmetodar. Dessutan nyttar dei medisinsk kunnskap innanfor veterinærområdet.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- forske på, betre eller utvikle omgrep, teoriar og arbeidsmetodar
- undersøkje og stille diagnosar på skadde eller sjuke dyr
- administrere kirurgisk eller medisinsk behandling
- teste mjølkeprodukt og vaksinere dyr mot sjukdomar
- gje råd om dyrehald og avl
- undersøkje kvalitet og reinleik i matvarer som heilt eller delvis er animalske produkt
- assistere ved epidemiske, radiologiske og andre undersøkingar av helsa til dyr
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Veterinær

Eksempel på yrkestittel som ***ikkje*** skal klassifiserast her:

Dyrepleiar 3227

### *2224 Farmasøytar*

Farmasøytar utviklar og nyttar farmasøytiske omgrep og teoriar gjennom forsking på og produksjon av medisinar og medikament.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- klargjere og leie tillaginga av medisinar i samsvar med reseptar frå legar, tannlegar eller veterinærar
- kontrollere reseptar slik at føreskriven dose ikkje vert overskriden, og slik at pasienten eller personen som har ansvaret for medisinen, har forstått forskriftene. Vidare høyrer det til oppgåvene å opplyse om eventuelle biverknader
- leie sal av medisinar og medikament på apotek eller utdeling av slike på sjukehus
- føre register over utdelte apotekvarer, spesielt over narkotiske stoff, gifter og vanedannande medisinar
- teste medisinar for å avgjere kor reine og sterke dei er
- vere med i utviklinga av kontrollar og reglar
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:

Apotekar
Farmasøyt (cand.pharm.)
Provisor

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:

Kjemiteknikar 3115
Reseptar 3228
Farmasøyt (reseptarutdanna) 3228

### *2225 Ernæringsfysiologar*

Ernæringsfysiologar forskar på samanhengen mellom kosthald og helse. Dei utviklar, testar og tilpassar diettar og gjev råd om kosthald til allmenn eller terapeutisk bruk.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- utvikle og teste diettar
- rettleie og tilpasse terapeutiske eller andre diettar for pasientar og særskilde yrkesutøvarar
- vere med i program for opplæring i ernæringsspørsmål og rehabiliteringsaktivitetar
- informere publikum om samanhengen mellom kosthald og helse

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:

Klinisk ernæringsfysiolog
Dietetikar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:

Kostøkonom 3223
Kosthaldskonsulent 3223
Næringsmiddelinspektør 3222

## Yrkesgruppe 223

Spesialsjukepleiarar og jordmødrer

Yrke innanfor denne gruppa:

2230 Spesialsjukepleiarar og jordmødrer

### *2230 Spesialsjukepleiarar og jordmødrer*

Spesialsjukepleiarar og jordmødrer utfører og leier anna helsepersonell i pleieoppgåver som krev spesialkompetanse, tek seg av svangerskapskontroll og utfører forløysingar, assisterer legar ved operasjonar, undersøkingar og behandling og driv førebyggjande arbeid og helseopplysningsarbeid.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- utføre førebyggjande tiltak og behandling av pasientar på institusjonar
- assistere legar, ta hand om akuttilfelle og gje førstehjelp når lege er fråverande
- ha ansvaret for medisineringa, førebu pasientar til operasjonar og utføre andre former for behandling etter instruks frå lege og assistere legar under operasjonar
- vere med i behandling og terapi for psykiatriske pasientar
- arbeide med behandling, opplæring og fysisk og sosial trening for psykisk og fysisk funksjonshemma
- tilby profesjonelle helsetenester, omsorg og rådgjeving
- drive informasjons- og rådgjevingsarbeid i skular, føretak og organisasjonar
- utføre svangerskapskontroll, forløyse barn ved normale fødslar og assistere legar i meir kompliserte tilfelle

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:

Oversjukepleiar
Helsesyster

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:

Sjukepleiar 3231
Hjelpepleiar 5132
Barnepleiar 5132
Vernepleiar 3232

## Yrkesområde 23

## Undervisningsyrke som krev minst 4 års universitets- eller høgskuleutdanning

Yrkesområdet omfattar undervisningsyrke i vidaregåande skular, høgskular/universitet o.l. og spesialistar i utdanningsmetodikk.

Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgrupper:
231 Universitets- og høgskulelektorar/-lærarar
232 Lektorar og adjunktar i vidaregåande skule
234 Spesiallærarar/spesialpedagogar
235 Andre pedagogiske yrke som krev minst 4 års universitets- eller høgskuleutdanning

**Yrkesgruppe 231**
Universitets- og høgskulelektorar/-lærarar

Yrke innanfor denne gruppa:
2310 Universitets- og høgskulelektorar/-lærarar

***2310 Universitets- og høgskulelektorar/ -lærarar***
Universitets- og høgskulelektorar/-lærarar underviser studentar på alle trinn innanfor universitet og høgskular. Vidare utfører dei forskingsarbeid og utviklar omgrep, teoriar og arbeidsmetodar innanfor sine respektive emne og skriv vitskaplege artiklar og bøker.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- arbeide ut læreplanar og førebu studiekurs
- halde førelesingar, kurs og seminar, leie laboratorieeksperiment og stimulere til diskusjonar og sjølvstendig tenking blant studentane
- rettleie studentar
- evaluere og rette oppgåver og testar, administrere eksamensgjennomføring og setje karakterar på eksamensoppgåver
- drive forskings- og utviklingsarbeid
- skrive vitskaplege artiklar og bøker
- vere med på konferansar og seminar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Professor (ved universitet og høgskule)
Lektor/lærar (ved universitet og høgskule)

Eksempel på yrkestitlar som ikkje skal klassifiserast her:
Lege 2221
Statsvitar (forskar) 2542

**Yrkesgruppe 232**
Lektorar og adjunktar i vidaregåande skule

Yrke innanfor denne gruppa:
2320 Lektorar og adjunktar i vidaregåande skule

***2320 Lektorar og adjunktar i vidaregåande skule***
Lektorar og adjunktar underviser i eit eller fleire fag, teoretiske eller praktiske, på alle trinn i vidaregåande skule.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- arbeide ut undervisningsopplegg og førebu teoretiske eller praktiske studiekurs i samsvar med fastsette planar
- undervise og rettleie elevar
- arbeide ut og rette oppgåver
- administrere og setje karakter på prøver for å evaluere framstega til elevane
- arbeide ut rapportar om arbeidet til elevane og konferere med andre lærarar og foreldre
- vere med i møte som vedkjem undervisninga i og organisasjonen til skulen
- gje privatundervisning på nivå med vidaregåande skule
- undervise i vaksenopplæring på nivå med vidaregåande skule

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Lektor (i vidaregåande skule)
Adjunkt (i vidaregåande skule)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Yrkesfaglærar (i vidaregåande skule) 3441
Høgskulelektor/-lærar 2310

**Yrkesgruppe 234**
Spesiallærarar/spesialpedagogar

Yrke innanfor denne gruppa:
2340 Spesiallærarar/spesialpedagogar

***2340 Spesiallærarar/spesialpedagogar***
Spesiallærarar/spesialpedagogar underviser fysisk eller psykisk funksjonshemma barn, ungdomar eller vaksne eller personar med spesielle lærevanskar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- arbeide ut og tilpasse undervisningsopplegg og førebu undervisning og aktivitetar
- nytte teknikkar og spesialhjelpemiddel som er tilpassa funksjonshemminga til eleven
- hjelpe eleven med å oppdage og tileigne seg metodar og bruk av hjelpemiddel som til ein viss grad kan kompensere for dei avgrensingane som ligg i handikapet deira
- administrere testar og evaluere framsteg hjå kvar elev og samarbeide med foreldre og andre lærarar/spesiallærarar, terapeutar, sosialarbeidarar o.l.
- arbeide ut rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Spesiallærar (for høyrslehemma, synshemma osv.)
Logoped
Spesialpedagog

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Rådgjevar (grunnskule) 3310
Fysioterapeut 3226
Psykolog 2545

**Yrkesgruppe 235**
Andre pedagogiske yrke som krev minst 4 års universitets- eller høgskuleutdanning

Yrke innanfor denne gruppa:
2351 Spesialistar i utdanningsmetodikk
2352 Studieinspektørar o.l.
2359 Andre lærarar med minst 4 års universitets- eller høgskuleutdanning

***2351 Spesialistar i utdanningsmetodikk***
Spesialistar i utdanningsmetodikk driv pedagogisk forsking og utviklar eller gjev råd om undervisningsmetodar og hjelpemiddel.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- evaluere undervisningsmetodar m.m. og gje råd om naudsynte endringar og moglege betringar
- forske på audiovisuelle og andre hjelpemiddel og gje råd om, planleggje og organisere korleis dei kan nyttast i undervisninga
- leie og vere med i forskingsprosjekt
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Forskar (pedagogikk)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Studierettleiar (universitet og høgskule) 2352
Spesialpedagog 2340
Logoped 2340
Songpedagog 2359

***2352 Studieinspektørar o.l.***
Studieinspektørar o.l. hjelper rektor i arbeidet med undervisningstilbod og den daglege administrative leiinga av vidaregåande skule og universitet/høgskule eller har ansvaret for føretaksintern opplæring.
Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- sjå til at det er fagleg dekning for planlagt undervisningstilbod på skulen
- leggje til rette det faglege og pedagogiske samarbeidet mellom lærarane
- arbeide ut oversikt over elevane sine ønske om studieretningsfag (linefag) og valfag
- gje råd om kursinnhald og eksaminasjonsmetodar
- gjere framlegg om deling av elevane i klassar og grupper
- leggje til rette materialet for timeplanlegging
- ha ansvaret for å arrangere prøver ved å kontrollere oppmeldingar, gjere framlegg om avvikling av prøver, sørgje for naudsynt tilsyn og for at eksamensprotokollar vert førde
- skaffe vikarar når lærarar har forfall
- vurdere og følgje opp det samla undervisnings- og utdanningstilbodet på skulen
- arbeide ut og følgje opp langtidsplanar og årsplanar for ansvarsområda til avdelingane, t.d. studierettleiing, studieinformasjon og generell studieadministrasjon (på universitet og høgskular)
- ha ansvar for føretaksintern opplæring

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Studieinspektør (i vidaregåande skule)
Undervisningsinspektør (vidaregåande skule)
Inspektør (universitet og høgskule)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Undervisningsinspektør (i grunnskulen) 3310
Forskar (pedagogikk) 2351

***2359 Andre lærarar med minst 4 års universitets- eller høgskuleutdanning***
Her skal ein klassifisere lærarar som ikkje kan plasserast i andre yrke innanfor yrkesgruppe 235.

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Museumslektor
Songpedagog

## Yrkesområde 24

### Høgare saksbehandlarar i offentleg administrasjon
Høgare saksbehandlarar i offentleg administrasjon førebur, set i verk og kontrollerer gjennomføringa av vedtak som er gjorde i politiske organ. Dette vil m.a. vere politiske vedtak om lover, forskrifter, løyvingar og planar.

Lågare saksbehandlarar innanfor offentleg administrasjon skal plasserast i yrkesgruppe 344. Desse har meir rutineprega oppgåver, ofte knytte til gjennomføringa av politiske vedtak ved t.d. handsaming av enkeltsaker. Dei vil og kunne ha ein støttefunksjon overfor høgare saksbehandlarar ved å utføre saksbehandling etter gjevne retningsliner.

Tilsette i offentleg administrasjon som i hovudsak har oppgåver retta mot den interne drifta (t.d. personalkonsulentar), skal plasserast i yrket for sitt eige fagområde (t.d. "Personal- og organisasjonskonsulentar" i yrke 2512 eller "Funksjonærar innanfor administrasjon" i yrke 3431) avhengig av kompetansenivå og arbeidsoppgåver. Tilsvarande vil tilsette i offentlege serviceføretak som ikkje forvaltar eit lovverk, t.d. sjukehus og skular, plasserast i yrke innanfor sitt eige fagområde.

Yrkesområde 24 omfattar høgare saksbehandlaryrke i statleg, fylkeskommunal eller kommunal verksemd.

Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgrupper:
241 Økonomisk, samfunnsfagleg, juridisk, teknisk og naturvitskapleg planlegging og utgreiing

**Yrkesgruppe 241**
Økonomisk, samfunnsfagleg, juridisk, teknisk og naturvitskapleg planlegging og utgreiing

Yrke innanfor denne gruppa:
2411 Økonomisk og samfunnsvitskapleg planlegging og utgreiing
2412 Juridisk planlegging og utgreiing
2413 Teknisk og naturvitskapleg planlegging og utgreiing
2419 Andre yrke innanfor offentleg administrasjon

***2411 Økonomisk og samfunnsvitskapleg planlegging og utgreiing***
Saksbehandlarar innanfor økonomisk og samfunnsvitskapleg planlegging og utgreiing førebur, set i verk eller kontrollerer gjennomføringa av vedtak som er gjorde i offentleg administrasjon innanfor desse fagfelta.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- førebu økonomiske eller samfunnsvitskaplege saker for leiinga i offentleg administrasjon
- følgje opp slike saker for leiinga
- skrive notat, rapportar og offentlege utgreiingar
- vere med på møte på vegner av leiinga i offentleg administrasjon

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Førstekonsulent (økonomi og samfunnsvitskap, offentleg administrasjon)
Prosjektleiar (økonomi og samfunnsvitskap, offentleg administrasjon)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Sosialøkonom (privat verksemd) 2541
Siviløkonom (privat verksemd) 2541
Sosiolog (forskar) 2542

***2412 Juridisk planlegging og utgreiing***
Saksbehandlarar innanfor juridisk planlegging og utgreiing førebur, set i verk eller kontrollerer gjennomføringa av vedtak som er gjorde i offentleg administrasjon innanfor dette fagfeltet.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- førebu juridiske saker for leiinga i offentleg administrasjon
- følgje opp slike saker for leiinga
- skrive notat, rapportar og offentlege utgreiingar om juridiske spørsmål
- vere med på møte på vegner av leiinga i offentleg administrasjon

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Førstekonsulent (juridisk utgreiing, offentleg administrasjon)
Lovrådgjevar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Jurist (privat verksemd) 2521
Advokat 2521

***2413 Teknisk og naturvitskapleg planlegging og utgreiing***
Saksbehandlarar innanfor teknisk og naturvitskapleg planlegging og utgreiing førebur, set i verk eller kontrollerer gjennomføringa av vedtak som er gjorde i offentleg administrasjon innanfor desse fagfelta.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- førebu saker av teknisk og naturvitskapleg karakter for leiinga i offentleg administrasjon
- følgje opp slike saker for leiinga
- skrive notat, rapportar og offentlege utgreiingar
- vere med på møte på vegner av leiinga i offentleg administrasjon

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Førstekonsulent (naturvitskap, offentleg administrasjon)
Rådgjevar (naturvitskap, offentleg administrasjon)

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Byplaningeniør 2141

***2419 Andre yrke innanfor offentleg administrasjon***
Her skal ein klassifisere andre yrke innanfor offentleg administrasjon som inneber planlegging og utgreiing, og at ein førebur, set i verk eller kontrollerer gjennomføringa av vedtak som er gjorde i offentleg administrasjon.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- førebu saker for leiinga i offentleg administrasjon
- følgje opp slike saker for leiinga
- skrive notat, rapportar og offentlege utgreiingar
- vere med på møte på vegner av leiinga i offentleg administrasjon

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Høgare saksbehandler i offentleg administrasjon (uspesifisert)

## Yrkesområde 25

## Andre akademiske yrke

I denne gruppa skal ein plassere personar i andre akademiske yrke som forskar på, analyserer og utviklar omgrep, teoriar og arbeidsmetodar og gjev råd eller nyttar kunnskap om fag som økonomi, informasjonsarbeid, filosofi, psykologi, jus, statsvitskap, sosiologi, religion, språk og andre samfunnsfaglege og humanistiske fag.

Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgrupper:

251 Rekneskaps-, personal- og rådgjevingsyrke
252 Juridiske yrke
253 Konservatorar, universitetsbibliotekarar o.l.
254 Samfunnsfaglege, humanistiske og økonomiske yrke
255 Forfattarar, skribentar og skapande og utøvande kunstnarar
246 Geistlege yrke

### Yrkesgruppe 251

Rekneskaps-, personal- og rådgjevingsyrke

Yrke innanfor denne gruppa:

2511 Statsautoriserte revisorar
2512 Personal- og organisasjonskonsulentar
2519 Marknadsanalytikarar og andre forretningsyrke

#### *2511 Statsautoriserte revisorar*

Statsautoriserte revisorar gjev råd om bokføringssystem, set i verk utgreiingar av økonomisk art og utfører rekneskapskontroll.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- gje råd, planleggje og gjennomføre budsjettkontroll, rekneskapskontroll og andre bokføringskontrollar og revisjonskontrollar
- arbeide ut økonomiske rapportar for leiing, aksjonærar, offentlege styresmakter eller andre einingar
- gje råd om og leggje fram skatteproblem for leiinga og for skattestyresmaktene
- rapportere om utviklinga i høve til prognose og budsjett
- utføre gransking ved mistanke om økonomisk svik, insolvens eller konkurs
- føre rekneskap og stå for revisjon

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Statsautorisert revisor

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Rekneskapsførar 3432
Revisor (ikkje statsautorisert) 3432
Sosialøkonom 2541

#### *2512 Personal- og organisasjonskonsulentar*

Personal- og organisasjonskonsulentar gjev informasjon og råd om personalpolitiske spørsmål, m.a. rekruttering, organisasjons- og personalutvikling.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- gje råd om og vere med i løns- og tarifftingingar
- gje råd og rettleiing om personalpolitiske spørsmål, m.a. rekruttering, personalutvikling, karriereplanar, lønssystem, samarbeidstilhøve og permisjons-, pensjons- og forsikringssaker
- arbeide ut jobbkrav og stillingsdefinisjonar
- arbeide med kvalitetssikring, utgreiing, planlegging og rapportering i ein organisasjon
- gje råd og rettleiing om organisasjons- og kompetanseutvikling

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Tingingskonsulent
Organisasjonskonsulent
Føretaksrådgjevar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Undervisningskonsulent 2352
Inspektør (universitet og høgskule) 2352

#### *2519 Marknadsanalytikarar og andre forretningsyrke*

Her skal ein m.a. klassifisere personar som utfører konsulenttenester på områda marknadsføring, produktutvikling og økonomi.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- vurdere salsgrunnlaget for produkt og gje råd om potensielle marknader og prognosar for vidaresal
- planleggje, styre og koordinere reklamekampanjar
- studere og gje råd om publikumsretta reklameprogram med omsyn til produktforståing og marknadsføring
- gje råd om patentrettar, medrekna eventuell søknad om og protokollering av patentløyve
- gje råd om økonomistyring og leiing

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Marknadsforskar
Marknadsanalytikar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Informasjonsmedarbeidar 3491
Journalist 3491

### Yrkesgruppe 252

Juridiske yrke

Yrke innanfor denne gruppa:
2521 Advokatar
2522 Domstolsjuristar
2523 Juristar innan politi og påtalemakt

### *2521 Advokatar*
Advokatar gjev råd i juridiske spørsmål, hjelper klientar i saker for domstolane og arbeider ut kontraktar, avtalar og andre juridiske dokument.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- hjelpe klientar i saker for domstolane, både sivile saker og straffesaker
- gje råd i juridiske spørsmål og hjelpe til med å løyse tvistar, både i private tilhøve, yrkestilhøve og overfor styresmaktene
- arbeide ut dokument, t.d. testament, kjøpekontraktar, ektepakter, selskapskontraktar o.l.
- gje juridisk rådgjeving og utføre saksbehandling innanfor bank, forsikring, industri og forretningsdrift, hjelpe til ved tingingar og skrive juridiske utgreiingar o.a.

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Advokat
Juridisk konsulent (privat verksemd)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Juridisk saksbehandlar (offentleg administrasjon) 2412
Planleggjar (juridisk utgreiing, offentleg administrasjon) 2412
Statsadvokat 2523

### *2522 Domstolsjuristar*
Domstolsjuristar dømmer i tvistar mellom enkeltpersonar og juridiske personar o.a. og i straffesaker og avgjer straffeutmåling.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- leie saksførebuing og hovudtingingar i retten
- dømme i tvistar
- ta rettsavgjerder og avgjere straffeutmåling i straffesaker
- stå for tinglysing og borgarlege vigslar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Dommar
Dommarfullmektig
Byfut
Sorenskrivar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Statsadvokat 2523

### *2523 Juristar innanfor politi og påtalemakt*
Juristar innanfor politi og påtalemakt utfører juridiske arbeidsoppgåver. Innanfor politiet er dette personar som har stillingar som er på eit høgare nivå enn dei som er klassifiserte i yrkesgruppe 345 Polititenestemenn. Hovudoppgåvene for juristane er mellom anna å gjennomføre påtalevurderingar, medrekna formelt å leie etterforsking og stå for aktorat i retten.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- setje i gang og leie etterforsking
- ta ut tiltale og eventuell sikting eller ta avgjerd om førelegg eller bortlegging
- representere påtalemakta ved å møte som aktor i retten i straffesaker

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Politiadjutant
Politifullmektig
Statsadvokat

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Politibetjent 3450
Lensmannsbetjent 3450
Politimeister 1227
Riksadvokat 1120

## Yrkesgruppe 253
Konservatorar, universitetsbibliotekarar o.l.

Yrke innanfor denne gruppa:
2431 Arkivarar og konservatorar
2432 Universitetsbibliotekarar

### *2531 Arkivarar og konservatorar*
Arkivarar og konservatorar kartlegg, samlar inn og vurderer kulturgjenstandar og innhaldet i arkiv av historisk, kulturell og kunstnarleg interesse. Dessutan har dei ansvaret for tryggleik og oppbevaring av slike gjenstandar/arkiv. Vidare arrangerer dei spesialutstillingar og førelesingar i museum og kunstgalleri.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- kartleggje, vurdere, samle inn, stille ut, klassifisere og ta vare på viktige og verdfulle gjenstandar, fotografi, lydopptak og film
- leie arbeidet med å arbeide ut register, bibliografiar, mikrofilmkopiar og andre referansehjelpemiddel til det innsamla materialet, og gjere det tilgjengeleg for publikum
- kartleggje historisk opphav, spreiing og bruk av materiale og gjenstandar av kulturell og historisk interesse
- organisere, utvikle og halde ved like samlingar av gjenstandar av kunstnarleg, kulturell, vitskapleg eller historisk interesse på museum eller kunstgalleri

- leie arbeidet med å klassifisere og katalogisere samlingar på museum og kunstgalleri og organisere utstillingar
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Byantikvar
Museumskonservator
Statsarkivar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Museumslektor 2359
Kunsthistorikar 2543

***2532 Universitetsbibliotekarar***
Universitetsbibliotekarar samlar inn og arkiverer skriftleg eller audiovisuelt materiale og finn fram og leverer ut informasjon det er ønske om.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- organisere og administrere utlånssystem og informasjonsnettverk
- velje ut og leite fram materiale og gje informasjon til brukarar frå sjølve samlinga eller frå biblioteks- og informasjonsnettverket
- utvikle biblioteks- og informasjonstenester i samsvar med det brukarane ønskjer
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Universitetsbibliotekar
Førstebibliotekar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Bibliotekar 3493

**Yrkesgruppe 254**
Samfunnsfaglege, humanistiske og økonomiske yrke

Yrke innanfor denne gruppa:

| | |
|---|---|
| 2541 | Sosial- og siviløkonomar |
| 2542 | Sosiologar, sosialantropologar, samfunnsgeografar og statsvitarar |
| 2543 | Historikarar, arkeologar og filosofar |
| 2544 | Språkforskarar, omsetjarar og tolkar |
| 2545 | Psykologar |

***2541 Sosial- og siviløkonomar***
Sosial- og siviløkonomar driv forskings-, utgreiings- og analysearbeid som gjeld økonomiske tilhøve og problemstillingar, arbeider ut underlag for avgjerder, gjev råd og legg fram løysingsforslag i saker som vedkjem økonomisk politikk og økonomiske problemstillingar. Denne gruppa omfattar ikkje økonomar som arbeider i offentleg administrasjon.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- studere og gje råd om eller arbeide med forskjellige økonomiske fagområde som produksjons- og marknadsføringsmetodar, nasjonal og internasjonal handel, penge- og prispolitikk, arbeidsmarknaden, inntektspolitikk og lønsspørsmål, produktivitet og forbruk
- samanlikne, analysere og tolke økonomiske data ved hjelp av økonomiske teoriar, statistiske metodar og andre teknikkar
- gje råd om kva økonomisk politikk og kva handlingsplanar som bør følgjast om ein ser på historiske, noverande og pårekna økonomiske faktorar og tendensar
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Sosialøkonom
Siviløkonom

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Prosjektleiar (økonomi og samfunnsvitskap, offentleg administrasjon) 2411
Konsulent (økonomi og samfunnsvitskap, offentleg administrasjon) 2411

***2542 Sosiologar, sosialantropologar, samfunnsgeografar og statsvitarar***
Sosiologar, sosialantropologar, samfunnsgeografar og statsvitarar driv forskings-, utgreiings- og analysearbeid i samband med eit breitt spekter av samfunnsspørsmål og utarbeider rapportar som gjer kunnskapen tilgjengeleg for offentlege styresmakter og andre som tek avgjerder.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- forske på opphavet og utviklinga til eit samfunn og på strukturar, sosiale mønster, organisasjonar og andre mellommenneskelege relasjonar i samfunnet
- studere endringar og variasjon i kultur- og samfunnsinstitusjonar
- studere samspel og gjensidig påverknad mellom økologisk tilpassing, materiell kultur og økonomiske, sosiale og kulturelle tilhøve
- studere politiske prosessar som fører til avgjerder i institusjonar og organisasjonar
- gje råd om korleis kunnskap skal nyttast i praksis i form av økonomisk og sosial politikk for ulike grupper innbyggjarar og regionar og for utviklinga av ulike typar marknader
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Sosiolog (forskar)
Sosialantropolog (forskar)
Kriminolog (forskar)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Førstekonsulent (offentleg verksemd, økonomisk og samfunnsvitskapleg planlegging) 2411
Rådgjevar (økonomisk og samfunnsvitskapleg offentleg administrasjon) 2411
Amanuensis 2310
Sosionom 3460

### *2543 Historikarar, arkeologar og filosofar*
Historikarar, arkeologar og filosofar driv forsking, undersøkingar og utgreiings- og analysearbeid i samband med historiske og arkeologiske problemstillingar og filosofiske og etiske problemstillingar. Til arbeidet høyrer å arbeide ut rapportar og annan dokumentasjon som gjer kunnskapen tilgjengeleg for undervisningsføremål, offentlege styresmakter eller private oppdragsgjevarar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- vurdere relevant materiale, kontrollere autentisiteten og dessutan undersøkje og klårleggje utviklinga for ein viss periode eller eit land/ein region (med tanke på t.d. økonomiske, sosiale eller politiske tilhøve)
- gjennomføre undersøkingar innanfor område som politisk filosofi og politiske system, institusjonar eller hendingar i historisk eller samtidsperspektiv
- presentere funn og konklusjonar i publikasjonar eller til regjering, politiske parti, organisasjonar eller andre interesserte
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Historikar (forskar)
Arkeolog (forskar)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Konsulent (økonomi og samfunnsvitskap, offentleg administrasjon) 2411
Rådgjevar (økonomi og samfunnsvitskap, offentleg administrasjon) 2411
Amanuensis 2310

### *2544 Språkforskarar, omsetjarar og tolkar*
Språkforskarar, omsetjarar og tolkar studerer opphavet til utviklinga av og strukturen i ulike språk og omset eller tolkar frå eit språk til eit anna.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- studere samanhengar mellom antikke og moderne språkgrupper, granske opphavet til og utviklinga av ord, grammatikk og språkformer
- gje råd om eller arbeide ut klassifiseringssystem for ulike språk, grammatikkar, ordlister og liknande materiell
- omsetje frå eit språk til eit anna og kontrollere at omsetjinga samsvarar med det opphavlege, at tekniske, juridiske eller vitskaplege arbeid er attgjeve korrekt og at frasar, terminologi og stil i litterære verk er tekne vare på i størst mogleg grad
- utvikle metodar for å bruke datateknikk og andre instrument som kan betre kvaliteten og produktiviteten ved omsetjingar
- tolke frå eit språk til eit anna ved konferansar, rettssaker o.l.
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Tolk
Språkforskar
Omsetjar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Litteraturkonsulent 2551
Litteraturagent 3429
Forfattar 2551

### *2545 Psykologar*
Psykologar greier ut og behandlar psykiske lidingar, driv psykologisk rådgjeving individuelt eller i grupper, utfører kartlegging og testar av interesser, evner og utviklingspotensial hjå individ og grupper, gjev rettleiing i konfliktløysing og organisasjonsutvikling og leier eller er med i forskingsprosjekt i samband med psykologiske problemstillingar på individ-, gruppe- eller samfunnsnivå.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- greie ut og behandle psykiske lidingar
- drive psykologisk rådgjeving individuelt eller i grupper
- gje rettleiing om førebygging av psykiske lidingar
- utføre kartlegging og testar av interesser, evner og utviklingspotensial hjå individ og grupper
- gje rettleiing i konfliktløysing og organisasjonsutvikling
- leie eller vere med i forskingsprosjekt i samband med psykologiske problemstillingar på individ-, gruppe- eller samfunnsnivå
- gjennomføre rådgjevande eller terapeutiske intervju med individ eller grupper og tilby oppfølging
- samarbeide med og rettleie t.d. familiemedlemmer, skulestyresmakter eller arbeidsgjevarar
- arbeide ut vitskaplege artiklar og rapportar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Psykoterapeut
Arbeidspsykolog
Psykolog
Forskar (psykologi)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Fylkespsykolog 1227
Logoped og spesialpedagog 2340
Psykiater 2221
Familierådgjevar 3460

**Yrkesgruppe 255**
Forfattarar, skribentar og skapande og utøvande kunstnarar

Yrke innanfor denne gruppa:
2551 Forfattarar og andre skribentar
2552 Skulptørar, kunstmålarar og andre biletkunstnarar
2553 Dirigentar, komponistar, musikarar og songarar
2554 Koreografar og dansarar
2555 Skodespelarar og regissørar

***2551 Forfattarar og andre skribentar***
Forfattarar og andre skribentar skriv romanar, dikt, skodespel, reportasjar, artiklar og andre litterære arbeid for publisering i bokform eller for teater, film, radio, fjernsyn, aviser, tidsskrift eller andre medium.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- arbeide ut og skrive litterære arbeid for publisering eller presentasjon i dramatisk form
- skrive manuskript og lage program for teater, radio, fjernsyn eller andre medium
- gjennomgå manuskript før eventuell publisering i bokform, tilrå eventuell utgjeving og redigere eller rettleie i redigeringa av materialet
- velje, samle og arbeide ut reklamemateriell for føretak eller andre organisasjonar og distribuere til presse, radio, fjernsyn eller andre medium
- utarbeide og skrive brosjyrar, handbøker og liknande tekniske publikasjonar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Forfattar
Forlagskonsulent

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Journalist 3491
Omsetjar 2544
Lingvist 2544

***2552 Skulptørar, kunstmålarar og andre biletkunstnarar***
Skulptørar, kunstmålarar og andre biletkunstnarar skaper og utfører kunstnarlege arbeid ved å lage skulpturar, måle, teikne, gravere osv.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- skape konkrete eller abstrakte figurar eller relieff ved å forme og kombinere materialar som tre, stein, leire eller metall
- skape konkrete eller abstrakte bilete ved hjelp av penn, blekk, krit, oljefargar, vassfargar eller med andre teknikkar
- lage teikningar som vert graverte på tre, metall eller andre materialar
- teikne karikaturar av personar eller hendingar
- illustrere bøker, tidsskrift, reklamemateriell o.l.
- restaurere skadde måleri og andre kunstgjenstandar
- måle miniatyrar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Kunstmålar
Skulptør
Grafikar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Teknisk teiknar 7350
Grafikar (førtrykk) 7341
Grafisk trykkjar 8251
Fotograf 7342
Dekoratør 3471
Grafisk formgjevar 3471
Teknisk konservator 2531

***2553 Dirigentar, komponistar, musikarar og songarar***
Dirigentar, komponistar, musikarar og songarar komponerer og tolkar musikalske verk og dirigerer eller er med i framføringa av det.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- komponere musikalske verk
- tolke eller arrangere musikk
- dirigere instrumental- eller vokalgruppe
- spele eit eller fleire instrument som solist eller som medlem av eit orkester
- syngje som solist eller som medlem av vokalgruppe

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Songar
Dirigent
Komponist

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Popmusikar 3472
Popsongar 3472

***2554 Koreografar og dansarar***
Koreografar og dansarar koreograferer, instruerer og framfører ulike dansar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- koreografere danseframsyningar
- utføre dansar som solist, med ein partnar eller som medlem av ei dansegruppe

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Ballettdansar
Koreograf
Dansar (fridans)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Sirkusartist 3473
Akrobat 3473

***2555 Skodespelarar og regissørar***
Skodespelarar og regissørar speler i eller regisserer teaterframsyningar, filmar, fjernsyns- eller radioproduksjonar eller anna sceneframføring.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- spele roller i dramatiske produksjonar på scenen eller i film, fjernsyn eller radio
- fortelje historiar eller lese høgt frå litterære verk
- ha ansvaret for kunstnarleg utforming og leiing av framsyningar for teater, film, radio eller fjernsyn
- instruere skodespelarar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Skodespelar
Regissør

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Komikar 3472
Klovn 3472

**Yrkesgruppe 256**
Geistlege yrke

Yrke innanfor denne gruppa:
2560 Geistlege yrke

***2560 Geistlege yrke***
Personar i geistlege yrke utøver handlingar i tråd med religiøse tradisjonar og ritual.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- utøve og vidareføre religiøse tradisjonar, praksis og tru
- førebu religiøse seremoniar (gudstenester, gravferder, vigslar og skriftemål)
- leie religiøse seremoniar
- ha visse administrative og sosiale plikter i råd, komitear og møte i religiøse organisasjonar
- tilby åndeleg og moralsk sjelesorg og rettleiing i tråd med læra
- førebu og leie kyrkjeleg undervisning i religion

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Prest
Kateket
Misjonsprest

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Lekpredikant 3480
Diakon 3480
Misjonær 3480

# Yrkesfelt 3

**Yrke med kortare høgskule- og universitetsutdanning og teknikarar**
Til dette feltet høyrer yrke som normalt krev 1-3 års høgare utdanning utover vidaregåande skule innanfor tekniske, sosiale og naturvitskaplege fag, helsestell, undervisning, forretningsfag, offentleg administrasjon, underhaldning, idrett, religion og informasjon.

Dette yrkesfeltet er delt inn i følgjande yrkesområde:
31 Ingeniørar, teknikarar o.a.
32 Arbeid innanfor biologi og helsevesen som krev 1-3 års høgskuleutdanning
33 Undervisningsyrke i før- og grunnskule som krev 1-3 års høgskuleutdanning
34 Lågare saksbehandlarar innanfor administrasjon, forretningsfag, sosialarbeid og yrke innanfor underhaldning

## Yrkesområde 31

**Ingeniørar, teknikarar o.a.**
Ingeniørar og teknikarar utfører tekniske arbeidsoppgåver innanfor IT og ingeniørvitskap, kontrollerer og styrer teknisk utrusting, fører fly, navigerer farty eller undersøkjer tryggleiksaspekt ved tilverking og produksjon.

Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgrupper:
311 Ingeniørar og teknikarar
312 Dataingeniørar og -teknikarar
313 Operatørar av optisk og elektronisk lyd- og biletutstyr
314 Maskinoffiserar, dekksoffiserar, flygarar, flygeleiarar o.l.
315 Brann- og tryggingsinspektørar

### Yrkesgruppe 311
Ingeniørar og teknikarar

Yrke innanfor denne gruppa:
3111 Bygningsingeniørar og -teknikarar
3112 Elkraftingeniørar og -teknikarar
3113 Elektronikk- og telekommunikasjonsingeniørar og -teknikarar
3114 Maskiningeniørar og -teknikarar
3115 Kjemiingeniørar og -teknikarar
3116 Ingeniørar og teknikarar innanfor olje, bergverk og metallurgi
3119 Andre ingeniørar og teknikarar

***3111 Bygningsingeniørar og -teknikarar***
Bygningsingeniørar og -teknikarar utfører teknisk arbeid som utforming, konstruksjon og reparasjon av bygningar og andre konstruksjonar som t.d. vass- og avløpsystem, bruer, demningar, vegar og flyplassar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- utføre eller hjelpe til med felt- og laboratorietestar av jord og byggjemateriell
- skaffe teknisk assistanse i samband med bygningskonstruksjonar eller førebuing av synfarings- og inspeksjonsrapportar
- representere arkitektar og ingeniørar på byggjeplassar slik at arbeid og materiell som vert brukt, stemmer med spesifikasjonane som er gjevne
- nytte byggteknisk kunnskap for å identifisere og løyse problem
- arbeide ut detaljerte overslag over storleik på og kostnader for materiell og arbeidsinnsats ved produksjon og installasjon etter spesifikasjonane som er gjevne
- organisere arbeidet med vedlikehald og reparasjonar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Konstruktør (anlegg)
Driftsingeniør (bygg)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Kontrollingeniør (maskin) 3114
Sivilingeniør (bygg og anlegg) 2142
Sivilarkitekt 2141

***3112 Elkraftingeniørar og -teknikarar***
Elkraftingeniørar og -teknikarar utfører tekniske arbeidsoppgåver som utforming, produksjon, montering, konstruksjon, drift, vedlikehald og reparasjon av elektrisk utstyr, hjelpemiddel og distribusjonssystem.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- tilby teknisk assistanse i samband med forsking og utvikling av elektrisk utstyr og hjelpemiddel og teste prototypar
- forme ut planskisser av elektriske installasjonar og krinsar etter spesifikasjonane som er gjevne
- arbeide ut detaljerte overslag over storleik på og kostnader for materiell og arbeidsinnsats ved produksjon og installasjon etter spesifikasjonane som er gjevne
- stå for teknisk overvaking av produksjon, installasjon, bruk, vedlikehald og reparasjon av elektriske anlegg og utstyr, slik at spesifikasjonar og reglar vert følgde
- nytte praktiske og teoretiske kunnskapar i elteknikk for å identifisere og løyse problem

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Serviceteknikar (elkraftteknikk)
Elkraftteknikar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Elektromekanisk reparatør 7241
Elektromekanikar 7241
Sivilingeniør (elkraftteknikk) 2143
Sivilingeniør (elektronikk) 2144

### 3113 *Elektronikk- og telekommunikasjonsingeniørar og -teknikarar*

Elektronikk- og telekommunikasjonsingeniørar og -teknikarar utfører tekniske arbeidsoppgåver som produksjon, montering, konstruksjon, drift, vedlikehald og reparasjon av elektronisk utstyr og elektronisk og elektroteknisk telekomunikasjonssystem.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- tilby teknisk assistanse i samband med forsking og utvikling av elektronisk og teleteknisk utstyr eller teste prototypar
- førebu og forme ut planskisser av elektroniske krinssystem etter spesifikasjonane som er gjevne
- arbeide ut detaljerte overslag over storleik på kostnader for materiell og arbeid ved produksjon og installasjon etter spesifikasjonane som er gjevne
- stå for teknisk overvaking av produksjon, bruk, vedlikehald og reparasjon av elektronisk utstyr og telekommunikasjonssystem slik at spesifikasjonar og reglar vert følgde
- nytte praktiske og teoretiske kunnskapar i elektronikk og teleteknikk for å identifisere og løyse problem

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Elektronikkingeniør
Serviceingeniør (elektronikk og telekommunikasjon)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Telekommunikasjonsmontør 7242
Sivilingeniør (elektronikk og telekommunikasjon) 2144
Sivilingeniør (elkraftteknikk) 2143
Dataingeniør 1320

### 3114 *Maskiningeniørar og -teknikarar*

Maskiningeniørar og -teknikarar står for tekniske oppgåver som utforming, produksjon, montering, konstruksjon, drift, vedlikehald og reparasjon av maskinar og mekaniske installasjonar og hjelpemiddel.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- tilby teknisk assistanse i samband med forsking og utvikling av maskinar og mekaniske installasjonar, hjelpemiddel og komponentar eller teste prototypar
- førebu og forme ut skisser av maskinar og mekaniske installasjonar, hjelpemiddel og komponentar etter spesifikasjonane som er gjevne
- arbeide ut detaljerte overslag over storleik på og kostnader for materiell og arbeidsinnsats ved produksjon og installasjon etter spesifikasjonane som er gjevne
- stå for teknisk overvaking av produksjon, bruk, vedlikehald og reparasjon av maskinar og mekaniske installasjonar slik at spesifikasjonar og reglar vert følgde
- nytte praktiske og teoretiske kunnskapar om maskinar og maskinteknikk for å identifisere og løyse problem
- utvikle og overvake iverksetjinga av tryggleiksstandardar og rutinar
- koordinere og overvake aktivitetane til vedlikehaldsarbeidarar (reingjering, pussing, måling og reparasjon) ved verft

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Ingeniør (maskin)
Kontrollingeniør (maskin)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Maskinarbeidar 8213
Sivilingeniør (maskinteknikk) 2145

### 3115 *Kjemiingeniørar og -teknikarar*

Kjemiingeniørar og -teknikarar står for teknisk arbeid innanfor kjemisk forsking og ved utforming, produksjon, konstruksjon, drift, vedlikehald og reparasjon av kjemiske anlegg.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- tilby teknisk assistanse i samband med forsking og utvikling av prosessar innanfor industriell kjemi, anlegg og utstyr og ved testing av prototypar
- førebu og forme ut planskisser for kjemiske anlegg i samsvar med spesifikasjonane som er gjevne
- arbeide ut detaljerte overslag over storleik på og kostnader for materiell og arbeidsinnsats ved produksjon og installasjon etter spesifikasjonane som er gjevne
- stå for teknisk overvaking av konstruksjon, installasjon, funksjon, vedlikehald og reparasjon av kjemiske anlegg for å sikre at spesifikasjonar og reglar vert følgde
- nytte praktiske og teoretiske kunnskapar om kjemiteknikk for å identifisere og løyse problem
- tilby teknisk assistanse innanfor teknologiske aspekt som gjeld særskilde materialar, produkt og prosessar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Konstruktør (kjemi)
Prosessingeniør (kjemi)

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Sivilingeniør (kjemi) 2146

### 3116 *Ingeniørar og teknikarar innanfor olje, bergverk og metallurgi*

Ingeniørar og teknikarar innanfor olje, bergverk og metallurgi utfører tekniske arbeidsoppgåver i samband med metallurgiforsking for å utvikle betre metodar for utvinning av mineral, olje og gass, utforming av kostruksjonar, drift, vedlikehald og reparasjon av gruver og gruveinstallasjonar, system for transport og oppbevaring

av olje og naturgass og anlegg for utvinning av metall frå malm og raffinering av metall.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- tilby teknisk assistanse i samband med forsking og utvikling av rutinar for å vurdere eigenskapar ved metall og nye legeringar, eller betre metodar for utvinning av mineral, olje og naturgass eller teste prototypar
- tilby teknisk assistanse ved geologiske og topografiske undersøkingar og planlegging av olje-, gass- og mineralutvinning, transportsystem og foredlings- og raffineringsanlegg
- arbeide ut detaljerte overslag over storleik på og kostnader for materiell og arbeidsinnsats ved produksjon og installasjon etter spesifikasjonane som er gjevne
- stå for teknisk overvaking av konstruksjon, installasjon, drift, vedlikehald og reparasjon av anlegg for utvinning, transport, oppbevaring og foredling av malm, råolje og gass for å sikre at reglar og forskrifter vert følgde
- nytte teknisk kunnskap om gruveteknikk, utvinning av olje og gass, transport og oppbevaring og metallurgiske metodar og prinsipp for å identifisere og løyse eventuelle problem

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Boreingeniør
Driftsingeniør (petroleum)
Petroleumsingeniør

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Metallurg 2147
Sivilingeniør (geofag og petroleumsteknologi) 2147

### *3119 Andre ingeniørar og teknikarar*
Dette yrket omfattar ingeniørar og teknikarar som ikkje skal klassifiserast andre stader i yrkesgruppe 311. Her skal ein t.d. klassifisere personar som hjelper ingeniørar i samband med tidsstudiar, kostnadsutrekningar osv.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- samle inn data og tilby teknisk assistanse med omsyn til planleggings- og produksjonsmetodar
- sikre ein effektiv og økonomisk bruk av personell, materiell og utstyr
- kontrollere arbeidsmetodar, kjeding av oppgåver og overvaking av korleis dei vert sette i verk
- kontrollere tidsbruk og organisering av arbeidet
- vere med i arbeidet rundt identifisering av potensielle farar og innføre tryggingsrutinar og tryggingsutstyr
- samle inn data og tilby teknisk assistanse i samband med førebuing og overvaking av kostnads- og materiellkalkylar for konstruksjons- og arkitektprosjekt

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
HMS-ingeniør
Tryggingsingeniør

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Sivilingeniør (fysikk) 2149
Sivilingeniør (teknisk formgjeving) 2149

### Yrkesgruppe 312
Dataingeniørar og -teknikarar

Yrke innanfor denne gruppa:
3120 Dataingeniørar og -teknikarar

### *3120 Dataingeniørar og -teknikarar*
Dataingeniørar og -teknikarar tilbyr assistanse til brukarar av datamaskinar (PC-ar, fleirbrukarmaskinar, tenestemaskinar i nettverk og stormaskinar) og assistanse i bruk av standard programvare på desse maskinane. Datateknikarar og datamaskinoperatørar overvaker, styrer og kontrollerer datamaskinar, nettverk og tilknytte einingar som t.d. utskriftseiningar, bandstasjonar, platelager og kommunikasjonsutstyr eller anna edb-utstyr som vert brukt til registrering, lagring, overføring, tilrettelegging og presentasjon av elektronisk lagra digitale data.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- assistere brukarar av PC-ar ved installasjon av utstyr og standard (basis) programvare og når det oppstår problem ved bruk av utstyret
- installere ny programvare på sentrale datamaskinar i nettverk, t.d. konfigurere operativsystem og anna standard (basis) programvare
- installere og tilpasse ytre edb-einingar knytte til PC-ar og andre typar datamaskinar
- i samarbeid med systemutviklarar installere, halde ved like og oppdatere dataprogram og tilpasse desse programma til datamaskinen der dei skal brukast og til dei standard-/basisprogramma dei skal samverke med

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Dataingeniør
Edb-operatør
Edb-konsulent

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Systemutviklar 2130
Sivilingeniør (datateknikk) 2144

### Yrkesgruppe 313
Operatørar av optisk og elektronisk lyd- og biletutstyr

Yrke innanfor denne gruppa:
3131 Filmfotografar og innspelingsteknikarar
3132 Operatørar av kringkastings- og telekommunikasjonsutstyr
3139 Andre operatørar av optisk og elektronisk utstyr

***3131 Filmfotografar og innspelingsteknikarar***
Filmfotografar og innspelingsteknikarar fotograferer og handterer film- og videokamera og anna innspelingsutstyr for lyd og bilete.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere kamera for film og video, mikrofotografering og flyfotografering
- operere utstyr for innspeling av lyd til film, video, CD-/grammofonplater, lydband, digitale plater, direktesendingar eller andre føremål
- operere utstyr for redigering og miksing av lyd- og biletinnspelingar/sekvensar for å få fram god kvalitet og for å skape særskilde bilet- og lydeffektar
- nytte praktisk og teoretisk kunnskap om lyd- og bileteinnspeling og redigering for å identifisere og løyse problem

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Filmfotograf (fjernsyn, video, film)
Lydteknikar
Biletmiksar
Redigerar (film)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Fotograf 7342
Fotolaborant 8254

***3132 Operatørar av kringkastings- og telekommunikasjonsutstyr***
Operatørar av kringkastings- og telekommunikasjonsutstyr kontrollerer teknisk utstyr for radio- og TV-sendingar, både før innspeling og ved direkte sendingar og andre typar telekommunikasjonssignal på land, til sjøs eller i fly.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- bruke og overvake satellitt-, overførings- og sendingssystem for radio og TV
- bruke radiokommunikasjonssystem, satellitt-tenester og "multiplekse" system på land, til sjøs og i fly
- bruke og overvake utstyr som vert brukt til filmproduksjon
- tilpasse praktisk og teoretisk kunnskap om kringkasting, telekommunikasjonsmaterialar og overføringssystem for å identifisere og løyse eventuelle problem

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Radiooffiser
Radiotelefonist

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Ingeniør (elektronikk) 3113
Ingeniør (telekommunikasjon) 3113

***3139 Andre operatørar av optisk og elektronisk utstyr***
Til dette yrket høyrer kontrollørar av optisk og elektronisk utstyr som ikkje er med andre stader i yrkesgruppe 313.

**Yrkesgruppe 314**
Maskinoffiserar, dekksoffiserar, flygarar, flygeleiarar o.l.

Yrke innanfor denne gruppa:
3141 Skipsmaskinistar
3142 Dekksoffiserar og losar
3143 Flygarar
3144 Flygeleiarar o.l.

***3141 Skipsmaskinistar***
Skipsmaskinistar kontrollerer og er med i styring, vedlikehald og reparasjon av mekanisk, elektrisk og elektronisk utstyr og maskineri om bord på skip.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- tinge drivstoff og andre forbruksvarer til maskinrom og føre rekneskap over forbruket
- utføre teknisk overvaking av installasjon, vedlikehald og reparasjon av skipsmaskineri og utstyr for å garantere med spesifikasjonar og forskrifter
- vere ansvarleg for mekanisk framdrift og for operasjon av dei mekaniske og elektriske installasjonane på skipet
- nytte kunnskap om korleis skipsmaskineri og utstyr fungerer for å identifisere og løyse problem

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Maskinist
Maskinsjef

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Sivilingeniør (marinteknikk) 2145

***3142 Dekksoffiserar og losar***
Dekksoffiserar og losar navigerer og styrer skip og farty.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- styre og navigere skip eller andre farty til havs eller på innanlandske skipsruter
- kontrollere og vere med i arbeidet på dekk og på kommandobrua
- navigere skip inn og ut or hamneområde, gjennom kanalar, sund og andre skipsruter der spesialkunnskap er naudsynt
- kontrollere tryggleiken ved lasting og lossing og overvake at tryggingsforskriftene vert følgde av mannskap og passasjerar
- utføre teknisk overvaking av vedlikehald og reparasjon av farty for å kunne garantere samsvar med spesifikasjonar og forskrifter
- tinge varer og proviant, rekruttere det mannskapet og dei offiserane som trengst, og føre oversikt over desse aktivitetane

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Los
Styrmann
Dekksoffiser

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Matros 8341
Jungmann 8341

### *3143 Flygarar*
Flygarar navigerer fly og utfører diverse kontrolloppgåver før, under og etter flyginga.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- føre og navigere fly i samsvar med etablerte kontroll- og arbeidsrutinar
- kontrollere at mekanisk, elektrisk og elektronisk utstyr fungerer, og forsikre seg om at alle instrumenta fungerer som dei skal
- førebu og leggje opp flyruter

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Flykaptein
Navigatør (fly)
Flygar
Pilot

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Flyinstruktør 3349
Flymotormekanikar 7232

### *3144 Flygeleiarar o.l.*
Flygeleiarar o.l. dirigerer fly i lufta og på bakken ved hjelp av radio, radar og lyssystem og gjev flygarane informasjon som vedkjem flyginga.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- dirigere og kontrollere fly på veg til og frå flyplassen og på bakken
- leie og kontrollere flytrafikken i ein avgrensa del av luftrommet
- kontrollere og godkjenne flyruter
- informere om vêrtilhøve, flyruter, flytrafikk osv.
- nytte praktisk og teoretisk kunnskap m.o.t. å leie flytrafikk for å identifisere og løyse problem

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Lufttrafikkleiar
Flygeleiar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Flygeleiarassistent 4133

## Yrkesgruppe 315
Brann- og tryggingsinspektørar

Yrke innanfor denne gruppa:
3151 Branninspektørar
3152 Tryggingsinspektørar

### *3151 Branninspektørar*
Branninspektørar arbeider med bygnings- og branntryggleik, kontroll av bygningsforskrifter og brannvedtekter, gjev råd i slike spørsmål og undersøkjer branntomter for å finne brannårsaka.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- gje råd til personar som byggjer hus eller andre konstruksjonar, om kva reglar og tryggingsforskrifter som gjeld ved bygging
- inspisere bygningar og konstruksjonar under og etter fullføring for å sikre at godkjende planar og reglar vert følgde
- inspisere eksisterande bygningar og konstruksjonar for å vurdere farar og manglar i vedlikehaldsarbeidet
- inspisere industrianlegg, hotell, kinobygg og andre konstruksjonar for å kontrollere moglege brannfarar og gje råd om førebyggjande tiltak
- gje råd ved installering av brannalarmar og tryggingssystem og om korleis forskjellige byggjematerialar bør handterast og transporterast for å redusere faren for brann og minimere skadane ved ein brann
- undersøkje branntomter for å finne brannårsaka

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Branninspektør
Branningeniør

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Brannkonstabel 5161
Røykdykkar 5161

### *3152 Tryggingsinspektørar*
Tryggingsinspektørar undersøkjer tryggleiken på ulike arbeidsplassar under produksjonsprosessen og ved dei ferdig produserte varene og kontrollerer at desse er i samsvar med krav til kvalitetsstandard i produksjon.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- gje råd til representantar for arbeidsgjevarar og arbeidstakarar i samband med iverksetjing av lover, reglar og forskrifter som gjeld tryggleik i arbeid og arbeidsmiljø
- inspisere arbeidsplassar for å undersøkje om maskinar og utstyr er i samsvar med lover, reglar og standardar
- inspisere arbeidsplassar, ved hjelp av intervju om og observasjonar av arbeidsrutinar og ulykker, for å kunne vurdere om dei fastsette reglane og forskriftene vert følgde
- inspisere produksjon, transport, handtering, lagring og sal av varer for å sjå om alle reglar og forskrifter vert følgde
- inspisere ferdige produkt eller komponentar for å sjå om ulike produksjonskrav vert følgde
- gje råd til produsentar og andre som driv med vedlikehald og reparasjonar av fly, bilar og andre transportmiddel, om innføring av reglar og forskrifter som gjeld tekniske standardar o.a.

- inspisere køyrety og stader som er autoriserte for å halde dei ved like og reparere dei, for å kontrollere at tekniske standardar og andre forskrifter vert følgde

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Biltilsynsinspektør
Køyretykontrollør

**Yrkesområde 32**

**Arbeid innanfor biologi og helsestell som krev 1-3 års høgskuleutdanning**
Arbeid innanfor biologi og helsestell som krev 1-3 års høgskuleutdanning, inneber å utføre tekniske oppgåver knytte til forsking og praktisk bruk av omgrep, prinsipp og arbeidsmetodar innanfor jordbruk, skogbruk, hygiene, medisin, veterinærmedisin, farmasi og liknande område og i omsorgsarbeid.

Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgrupper:
321 Biologiteknikarar o.a.
322 Høgskuleyrke innanfor medisin o.l. (unnateke sjuke- og vernepleiarar)
323 Sjukepleiarar og vernepleiarar

**Yrkesgruppe 321**
Biologiteknikarar o.a.

Yrke innanfor denne gruppa:
3211 Bioingeniørar og -teknikarar
3212 Agroteknikarar
3213 Skogingeniørar, skogkonsulentar o.l.

***3211 Bioingeniørar og -teknikarar***
Bioingeniørar og -teknikarar utfører teknisk arbeid i samband med forsking innanfor biologi eller liknande vitskapar og i samband med utvikling og praktisk bruk av forskingsresultat innanfor eksempelvis industri, jordbruk, medisin og allmenn helsepleie.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- førebu materiell og utstyr for eksperiment, testar og analysar
- samle inn og førebu prøver av vekstar, celler frå dyr eller menneske o.a. for eksperiment, testar og analysar
- assistere ved utføring av eksperiment, testar og analysar innanfor sitt område
- samle inn data og rekne ut storleik på og kostnader for materiell og arbeid som er naudsynt for å gjennomføre eit prosjekt
- nytte praktisk og teoretisk kunnskap for å identifisere og løyse problem
- organisere og utføre vedlikehalds- og reparasjonsarbeid av forskingsutstyr

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Bioingeniør
Overbioingeniør

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Radiograf 3221
Audiograf 3221
Laborant 7450

***3212 Agroteknikarar***
Agroteknikarar utfører teknisk arbeid knytt til forsking innanfor jordbruk og fiske og utvikling og tilpassing av forskingsresultat innanfor jordbruk og fiske.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- førebu materiell og utstyr i samband med forsøk, testar og analysar
- samle inn og førebu prøver av vekstar, slik som celler frå plantar og dyr, og vev eller delar av organ frå dyr i samband med forsøk, testar og analysar
- assistere ved utføring av forsøk, testar og analysar innanfor spesialfeltet deira
- analysere kornprøver i høve til kvalitet, reinleiksgrad og voksterevne
- samle inn data og rekne ut storleik på og kostnader for materiell og arbeid som er naudsynt for å gjennomføre eit prosjekt
- nytte praktisk og teoretisk kunnskap for å identifisere og løyse problem
- organisere vedlikehalds- og reparasjonsarbeid av forskingsinstrument

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Agroteknikar
Agronom

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Sivilagronom 2212
Skogbruksfunksjonær 3213

***3213 Skogingeniørar, skogkonsulentar o.l.***
Skogingeniørar, skogkonsulentar o.l. gjev teknisk hjelp og rettleiing om metodar og problemområde innanfor skogbruk og viltstell.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- gje råd om kvalitetsheving, produksjonseffektivitet og korleis ein tek vare på miljø- og naturressursar
- gje råd om tiltak ved jorderosjon eller åtak frå skadedyr
- samle inn data og rekne ut storleik på og kostnader for materiell og arbeid som er naudsynt for å gjennomføre prosjekt
- organisere demonstrasjonar, halde foredrag og distribuere materiell for å marknadsføre nye eller betra metodar og teknikkar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Skogbruksfunksjonær
Viltkonsulent

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Agronom (3212)
Agroteknikar (3212)

**Yrkesgruppe 322**
Høgskuleyrke innanfor medisin o.l. (unnateke sjuke- og vernepleiarar)

Yrke innanfor denne gruppa:
3221 Radiografar og audiografar
3222 Helse- og miljøinspektørar
3223 Kosthaldskonsulentar
3224 Optikarar
3225 Tannpleiarar
3226 Fysioterapeutar, ergoterapeutar o.l.
3227 Dyrepleiarar
3228 Reseptarar
3229 Naturterapeutar

***3221 Radiografar og audiografar***
Radiografar og audiografar utfører høyrslemålingar, tek røntgenbilete o.l. aleine eller i samarbeid med lege.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- greie ut t.d. høyrsla gjennom høyrslemålingar og intervju ved rehabilitering av høyrslehemma
- gje behandling for ferdig diagnostiserte sjukdomar, forstyrringar eller skadar
- tilpasse tekniske hjelpemiddel og rettleie i bruken av dei
- ta røntgenbilete og utføre andre undersøkingar
- gje strålebehandling

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Audiograf
Radiograf

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Laborant 7450
Bioingeniør 3211

***3222 Helse- og miljøinspektørar***
Helse- og miljøinspektørar gjev råd om hygiene, sanitære problem og teknikk og demonstrerer og underviser i ny praksis på området.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- inspisere og gje råd om miljøsanitære problem og teknikkar
- setje i gang tiltak for å oppretthalde eller betre hygienen og for å førebyggje kvalitetsendringar pga. forureining av vatn, luft, mat og jord
- organisere demonstrasjonar, halde foredrag og distribuere materiell om betra metodar og teknikkar
- samle inn data og rekne ut kostnader for materiell og arbeid som er naudsynt for å gjennomføre eit prosjekt
- nytte praktisk og teoretisk kunnskap for å identifisere og løyse problem

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Hygieneinspektør
Meieriinspektør

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Tryggingsinspektør 3152

***3223 Kosthaldskonsulentar***
Kosthaldskonsulentar utviklar, testar og tilpassar diettar og gjev råd om kosthald til allmenn eller terapeutisk bruk. Dei arbeider med måltidsplanlegging og kvalitetsstyring av måltidsproduksjon og organiserer innkjøp av mat og kjøkkenutstyr innanfor storhushald.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- utvikle og teste diettar
- gje råd om kosthald til enkeltpersonar, pasientgrupper og særskilde yrkesutøvarar
- drive opplysningsverksemd på vegner av næringsmiddelprodusentar
- planleggje og kvalitetsstyre måltidsproduksjonen og organisere innkjøp av mat og kjøkkenutstyr innanfor storhushald

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Kostøkonom

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Husøkonom 3433
Dietetikar 2225

***3224 Optikarar***
Optikarar føreskriv og tilpassar briller og kontaktlinser, informerer om korleis dei skal brukast og korleis andre optiske hjelpemiddel skal brukast og om rett lys til arbeid og lesing.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- undersøkje synet, føreskrive briller, kontaktlinser eller anna behandling for å betre synet og vise tilfelle som kan trenge medisinsk behandling, til augelege
- informere om korleis briller og kontaktlinser skal brukast, om rett lys ved arbeid eller lesing og om andre synshjelpemiddel
- setje inn føreskrivne brilleglas i innfatningar og tilpasse innfatningar og kontaktlinser for kundane

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Optikar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Augelege 2221

### *3225 Tannpleiarar*
Tannpleiarar arbeider med rådgjeving og førebyggjande og behandlande tannpleie under fagleg overoppsyn av tannlege. Verksemda vert dels utøvd i tannlegepraksis, dels i ulike helseinstitusjonar og dels ved utoverretta verksemd m.a. i skuleverket.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- gje allmenne og individuelle råd om tannhygiene, kosthald og andre førebyggjande tiltak
- gjennomføre undersøkingar, stille enkle diagnosar og vise vanskelegare tilfelle til tannlegar
- utføre tannreinsing og fyllingspuss
- utføre enklare odontologiske arbeidsoppgåver på oppdrag frå tannlege
- vere med i utvikling og gjennomføring av førebyggjande tiltak retta mot innbyggargrupper

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Tannpleiar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Tannlegesekretær 5134
Tannteknikar 7311

### *3226 Fysioterapeutar, ergoterapeutar o.l.*
Fysioterapeutar, ergoterapeutar o.l. behandlar skadar i skjelettet, musklane og delar av sirkulasjons- eller nervesystemet ved hjelp av manuell terapi, ultralyd, varme, laser eller liknande teknikkar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- gje allmenne og individuelle råd om rett kroppsstilling for å unngå belastningsskadar
- utføre undersøkingar for å stille diagnosar på skadar i skjelett, musklar, delar av sirkulasjons- eller nervesystemet for å fastsetje rett behandling eller vise til lege
- behandle skadar i skjelett, musklar eller delar av sirkulasjons- eller nervesystemet gjennom manuell terapi og ultralyd, varme, laser og liknande teknikkar
- undersøkje fysiske misdanningar og defektar for å vurdere og arbeide ut spesifikasjonar for protesar eller andre hjelpemiddel, hjelpe ved utprøving og forklare korleis dei skal nyttast
- bruke spesialgymnastikk/treningsterapi og nærliggjande teknikkar som ein del av behandlinga

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Fysioterapeut
Kiropraktor

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Homøopat 3229

### *3227 Dyrepleiarar*
Dyrepleiarar assisterer veterinærar, hovudsakleg ved dyreklinikkar og forsøksavdelingar, ved å førebu instrument og ta hand om dyr som skal til undersøking og behandling.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- handtere dyr og vurdere generelle symptom på sjukdom
- gje førstehjelp
- reingjere instrument og utstyr
- utføre enklare kliniske undersøkingar og ta blodprøver
- utføre enklare laboratorieundersøkingar, førebu operasjonar og anestesi og assistere under operasjon
- føre medisinske journalar
- stå for kontorrutinar, rekneskap, dataregistreringar, telefonteneste og kundebehandling

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Dyrepleiar
Veterinærassistent

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Veterinær 2223

### *3228 Reseptarar*
Reseptarar leverer ut og klargjer medisinar og blandar kremar og miksturar under leiing av apotekarar og provisorar i apotek og sjukehus.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- klargjere medisinar og andre farmasøytiske middel under overoppsyn av apotekarar
- levere ut medisinar og skriftleg informasjon eller informere munnleg om bruken av medisinane slik det er føreskrive av lege, veterinær eller andre som er autoriserte til å skrive ut medisinar
- reingjere og klargjere utstyr og behaldarar som vert brukte ved lagring av medisinar og farmasøytiske middel

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Reseptar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Farmasøyt (cand.pharm.) 2224
Apotekteknikar 5137

***3229 Naturterapeutar***
Naturterapeutar arbeider med homøopati eller andre former for alternativ medisin og driv terapeutisk verksemd.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- behandle sjukdomar gjennom å gje pasienten svært små dosar av det stoffet som løyser ut liknande sjukdom
- planleggje eller gjennomføre terapeutiske aktivitetar i samband med utdanning, yrkestrening eller rekreasjon for å hjelpe mentalt sjuke og psykisk eller fysisk funksjonshemma

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Akupunktør
Homøopat
Soneterapeut

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Kiropraktor 3226
Sjukepleiar 3231
Lege 2221

**Yrkesgruppe 323**
Sjukepleiarar og vernepleiarar

Yrke innanfor denne gruppa:
3231 Sjukepleiarar
3232 Vernepleiarar

***3231 Sjukepleiarar***
Sjukepleiarar behandlar, pleier og rettleier sjuke, skadde og andre pleietrengande personar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- behandle, pleie og rettleie sjuke, funksjonshemma og andre pleietrengande personar
- dele ut medisin, stå for sårstell og gje andre former for behandling etter instruksjonar frå lege
- planleggje og gjennomføre førebyggjande helsearbeid og helseinformasjon
- vere med i rehabiliterings- og habiliteringsarbeid for psykisk og fysisk funksjonshemma
- administrere pleie- og omsorgstenester i institusjonar eller innanfor heimebaserte tenester

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Sjukepleiar
Føretakssjukepleiar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Helsesøster 2230
Jordmor 2230
Spesialsjukepleiar 2230
Hjelpepleiar 5132
Vernepleiar 3232

***3232 Vernepleiarar***
Vernepleiarar driv miljøterapeutisk arbeid og behandling og rettleiing for personar med samansette funksjonsvanskar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- utføre miljøterapeutisk arbeid som systematisk observasjon og behovsanalyse for å betre livssituasjonen til personar med samansette funksjonsvanskar
- planleggje og gjennomføre trenings- og behandlingsprogram for psykisk utviklingshemma
- planleggje og gjennomføre trenings- og behandlingsprogram for andre med samansette funksjonsvanskar, som epileptikarar, personar med hjerneskadar, psykiatriske pasientar og rusmisbrukarar
- hjelpe personar med samansette funksjonsvanskar med oppfølging og støtte i høve til daglege gjeremål og utvikling av sosiale nettverk
- rettleie og informere pårørande og samarbeidspartnarar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Konsulent (vernepleiar)
Koordinator (vernepleiar)
Miljøarbeidar (vernepleiar)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Spesialsjukepleiar (psykiatri) 2230
Sjukepleiar 3231

## Yrkesområde 33

### Undervisningsyrke som krev 1-3 års høgskuleutdanning
Undervisningsyrke som krev 1-3 års høgskuleutdanning inneber å undervise i ei rekkje ulike fag på før- og grunnskulenivå (barne- og ungdomsskule) og i yrkesfag i vidaregåande skule og anna undervisnings- og pedagogisk arbeid.

Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgrupper:
331 Grunnskulelærarar
332 Førskulelærarar
334 Yrkesfaglærarar og andre yrke innanfor undervisning og pedagogisk arbeid

**Yrkesgruppe 331**
Grunnskulelærarar

Yrke innanfor denne gruppa:
3310 Grunnskulelærarar

***3310 Grunnskulelærarar***
Grunnskulelærarar underviser i ei rekkje fag på grunnskulenivå.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- undervise etter fastsette læreplanar
- arbeide ut og administrere og evaluere prøver, prosjekt og spesielle tiltak for å trene elevar og vurdere den faglege framgangen deira og gje støtteundervisning dersom dette er naudsynt
- oppmuntre til personleg utvikling hjå elevane og diskutere framgangen deira med føresette og klasseforstandarar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Grunnskulelærar
Undervisningsinspektør (grunnskule)
Sosiallærar (grunnskule)
Faglærar (grunnskule)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Studieinspektør (vidaregåande skule) 2352
Undervisningsinspektør (vidaregåande skule) 2352

**Yrkesgruppe 332**
Førskulelærarar

Førskulelærarar organiserer aktivitetar for barn i førskule og småskule.

Yrke innanfor denne gruppa:
3320 Førskulelærarar

***3320 Førskulelærarar***
Førskulelærarar organiserer gruppevise og individuelle leikar og aktivitetar for å oppmuntre fysisk, mental og sosial utvikling hjå barn som ikkje har nådd skulealder.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje og organisere aktivitetar som skal fremje utviklinga av den fysiske og sosiale dugleiken hjå barn
- oppmuntre språkleg utvikling gjennom å fortelje eventyr og arrangere rollespel, song- og rimeleikar og uformelle samtalar og diskusjonar
- observere barn i aktivitet og samhandling for å kunne vurdere og diskutere utviklinga deira og problem med føresette
- følgje opp barna sine aktivitetar for å garantere tryggleiken deira og løyse konfliktar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Barnehagelærar
Førskulelærar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Spesiallærar 2340

**Yrkesgruppe 334**
Yrkesfaglærarar, faglærarar og andre yrke innanfor undervisning og pedagogisk arbeid

Yrke innanfor denne gruppa:
3341 Yrkesfaglærarar og faglærarar i vidaregåande skule
3349 Andre yrke innanfor undervisning og pegagogisk arbeid

***3341 Yrkesfaglærarar og faglærarar i vidaregåande skule***
Yrkesfaglærarar og faglærarar underviser i den vidaregåande skulen på yrkesfaglege liner.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- arbeide ut kursplanar og førebu teoretiske og praktiske studiekurs
- undervise i respektive emne og følgje opp arbeidet til elevane og disiplinen i klassen
- arbeide ut, dele ut og rette oppgåver
- administrere og setje karakter på oppgåver
- arbeide ut rapportar om arbeidet til elevane og konferere med andre lærarar og føresette
- vere med i skulemøte som vedkjem undervisninga og måten skulen er organisert på
- drive vaksenopplæring på nivå med vidaregåande skule i handverks- og industrifag

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Yrkesfaglærar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Adjunkt 2320
Lektor 2320

***3349 Andre yrke innanfor undervisning og pedagogisk arbeid***
Her skal ein klassifisere lærarar som ikkje kan klassifiserast andre stader i yrkesgruppe 334.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- vere med og instruere elevar som får opplæring i å føre motorkøyrety, fly o.a.
- forklare trafikkreglar og -lover som gjeld motorkøyrety og fly
- gje danseundervisning
- dressere hundar og rettleie hundeeigarar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Trafikklærar
Instruktør (flyundervisning)
Førarhundtrenar
Danselærar

## Yrkesområde 34

### Lågare saksbehandlarar innanfor administrasjon og forretningsfag og yrke innanfor sosialarbeid, underhaldning o.a.

Til dette yrkesområdet høyrer yrke der ein utøver arbeidsoppgåver innanfor finans og sal, administrasjon, rekneskap, offentleg administrasjon, politiet og sosialetaten og innanfor formgjeving, underhaldning, idrett, religion og informasjon.

Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgrupper:

| | |
|---|---|
| 341 | Funksjonærar innanfor finansstell og sal |
| 342 | Forretningsmeklarar, formidlarar o.a. |
| 343 | Funksjonærar innanfor økonomi og administrasjon |
| 344 | Lågare saksbehandlarar innanfor offentleg administrasjon |
| 345 | Polititenestemenn |
| 346 | Sosionomar, barnevernspedagogar o.l. |
| 347 | Yrke innanfor formgjeving, underhaldning og idrett |
| 348 | Religiøse yrke |
| 349 | Informasjonsarbeidarar, journalistar, bibliotekarar o.a. |

**Yrkesgruppe 341**
Funksjonærar innanfor finansstell og sal

Yrke innanfor denne gruppa:

| | |
|---|---|
| 3411 | Finansmeklarar |
| 3412 | Forsikringskonsulentar |
| 3413 | Eigedomsmeklarar og -forvaltarar |
| 3414 | Reisekonsulentar |
| 3415 | Tekniske og kommersielle salsrepresentantar |
| 3416 | Innkjøparar |
| 3417 | Takstmenn, takstinspektørar og auksjonariar |
| 3418 | Kundebehandlarar (banktenester) |
| 3419 | Marknadsførings- og reklamekonsulentar |

***3411 Finansmeklarar***
Finansmeklarar arbeider med omsetnad av verdipapir og rådgjeving i samband med kjøp og sal av aksjar, obligasjonar, pantebrev og valuta. Finansmeklarar handlar med utanlandsk valuta for eige føretak eller for kundar på kommisjonsbasis og føreslår transaksjonar for klientar eller leiinga i føretaket.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- omsetje verdipapir
- gje råd i samband med kjøp og sal av aksjar, obligasjonar, pantebrev og valuta
- setje opp lånevilkår
- undersøkje om føretak er kredittverdige

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Aksjemeklar
Valutameklar
Opsjonsmeklar
Fondsmeklar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Eigedomsmeklar 3413

***3412 Forsikringskonsulentar***
Forsikringskonsulentar gjev råd i samband med forsikring og sel ulike typar av forsikringar til nye og gamle kundar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- samle informasjon om situasjonen til kunden for å avgjere forsikringstype og vilkår
- tinge med kundar om risiko (som forsikringa er teikna for), dekningsgrad og betalingsvilkår
- tinge om og plassere fornya forsikringskontraktar
- gje råd, tinge om og plassere forsikringskontraktar for prosjekt og for installasjonar med stor risiko

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Forsikringsagent
Assurandør

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Takstmann 3417
Auksjonarius 3417
Pantelånar 4214

***3413 Eigedomsmeklarar og -forvaltarar***
Eigedomsmeklarar og -forvaltarar arrangerer sal, kjøp og utleige av fast eigedom vanlegvis for kunden si rekning og på kommisjonsbasis.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- samle informasjon om eigedom som skal seljast eller leigast ut, eigartilhøve og behova til potensielle kjøparar eller leigetakarar
- halde visning av eigedom som skal seljast eller leigast ut, for kundar eller leigetakarar, og forklare sals- eller leigevilkåra
- stå for kontraktskriving og overføring av eigedomsbevis
- ta imot leige for eigaren si rekning og inspisere eigedomen før, under og etter leigeperioden

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Eigedomsmeklar
Eigedomsforvaltar

***3414 Reisekonsulentar***
Reisekonsulentar planlegg reiseruter og arrangerer og sel forretnings- eller feriereiser.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- samle informasjon om tilgjenge, kostnader og komfort ved ulike typar transportmiddel og innkvartering for å møte kunden sine krav og gje råd i samband med reisearrangement
- tinge om og stadfeste reise- og hotellreservasjonar, dele ut billettar og hotellkupongar og ta imot betaling
- organisere komplette gruppereiser, som føretaks- eller feriereiser, og selje dei til grupper eller enkeltpersonar
- hjelpe kundar med å skaffe seg dei visum og reisedokument som trengst

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Reisekonsulent
Turoperatør

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Reisebyråmedarbeidar 4221
Reiseleiar 5113
Guide 5113

### *3415 Tekniske og kommersielle salsrepresentantar*
Tekniske og kommersielle salsrepresentantar sel ulike vareparti, inklusive installasjonar, utstyr og tekniske produkt og nærliggjande tenester og tilbyr spesiell rettleiing og informasjon om dette er ønskjeleg.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- verve kundar og selje varer til detaljseljarar, industri, grossistar og andre
- selje teknisk utstyr, tilhøyr og dei naudsynte tenestene som høyrer til, til føretak eller privatpersonar
- tilby potensielle kundar generell og spesiell informasjon om eigenskapar og funksjonar ved det tekniske utstyret og vise korleis det fungerer
- rapportere til respektive produsentar om kundereaksjonar og ønskjemål

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Lækjemiddelkonsulent
Agent

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Demonstrasjonsseljar 5221
Auksjonarius 3417
Telefonseljar 5223

### *3416 Innkjøparar*
Innkjøparar kjøper varer og tenester på vegner av verksemder eller organisasjonar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- tinge om og skrive kontraktar ved innkjøp av utstyr, råstoff og produkt til ulike føretak og organisasjonar og kjøpe inn varer for vidare sal
- skaffe informasjon om krav og lagerforråd og vurdere kva mengder og kvalitetar som skal kjøpast, kostnader, leveransedato og andre kontraktsvilkår

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Innkjøpar
Innkjøpsmedarbeidar

### *3417 Takstmenn, takstinspektørar og auksjonariar*
Takstmenn, takstinspektørar og auksjonariar vurderer eigedom, ulike varer og skadar som vert dekte av forsikringar, og sel gjenstandar, eigedom eller varer på auksjon.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- vurdere kvalitet og verdi på materialar, eigedom, industrielt utstyr, reiseeffektar, hushaldsartiklar, kunstgjenstandar, smykke og andre gjenstandar som nokon tilbyr for sal, eller som skal forsikrast
- vurdere omfanget av skade eller tap og storleiken på erstatninga frå forsikringsselskap og assurandør
- selje ulike typar eigedom, bilar, inventar, kunstgjenstandar, smykke og andre gjenstandar på auksjon

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Takstmann
Auksjonarius

### *3418 Kundebehandlarar (banktenester)*
Kundebehandlarar (banktenester) utfører arbeidsoppgåver innanfor innskot, utlån, kredittrådgjeving, betalingsformidling o.l.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- opne nye konti eller avslutte dei etter ønske frå kundane
- rettleie om tenlege spareformer
- handsame og vurdere søknadar om garanti og lån på bakgrunn av kredittgrunnlaget til kundane
- informere om og selje marknadstenestene til banken
- rettleie om økonomiplanlegging
- kjøpe og selje valuta

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Bankkonsulent
Kundekonsulent (bank)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Controller/kontrollar (rekneskap) 3433
Bankkasserar 4212

### *3419 Marknadsførings- og reklamekonsulentar*
Marknadsførings- og reklamekonsulentar arbeider med marknadsføring av varer og tenester for sal.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- arbeide ut handlingsplanar for marknadsretta tiltak og følgje dei opp
- samordne og følgje opp PR-kampanjar
- kartleggje behov for nye produkt
- planleggje innhald og presentasjonsform for brosjyrar
- arbeide ut framlegg til emballasje, distribusjons- og marknadsstrategi
- kartleggje kundemasse og velje ut kundegrupper

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Marknadskonsulent
Reklamekonsulent
Produktsekretær

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Marknadsforskar 2519
Marknadsanalytikar 2519

**Yrkesgruppe 342**
Forretningsmeklarar, formidlarar o.a.

Forretningsmeklarar, formidlarar o.a. opprettar naudsynte kontaktar mellom kjøparar og seljarar og kjøper og sel varer, vanlegvis vareparti. Dei har ansvaret for fortolling og sørgjer for at eksport- og importlisensar er i orden, rekrutterer personale på kommisjonsbasis eller kontraktsarbeidskraft for spesielle prosjekt eller oppgåver og sel andre føretakstenester.

Yrke innanfor denne gruppa:
3421 Handels- og skipsmeklarar
3422 Speditørar og fraktarar
3423 Kunde-/personalkonsulentar (vikarbyrå)
3429 Andre forretningsmeklarar

***3421 Handels- og skipsmeklarar***
Handels- og skipsmeklarar kjøper og sel vareparti og tenester ved auksjonar på spot- eller handelsmarknaden.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- etablere kontakt mellom kjøparar og seljarar
- diskutere klienten sine kjøps- eller salskrav og gje råd
- organisere trykking av auksjonskatalogar, fastsetje utropsprisar og representere klienten ved auksjonen
- tinge om privat innkjøp og sal av varer som ikkje vert selde på auksjon
- reservere transportar og ta imot fraktavgifter frå klienten

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Varemeklar
Råvaremeklar
Oljekontraktmeklar

***3422 Speditørar og fraktarar***
Speditørar og fraktarar har ansvaret for fortolling og kontrollerer at forsikringar, eksport-/importlisensar og andre formalitetar er i orden. Fraktarar er også personar som leiger skip for å frakte varer og personar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- ta seg av fortolling ved eksport og import
- kontrollere at forsikringspapira er i orden
- kontrollere at eksport- og importlisensar og andre formalitetar er i orden
- skrive under og levere ut fraktbrev og fraktsetlar
- leige skip for å frakte varer og personar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Speditør
Fraktar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Skipsmeklar 3421

***3423 Kunde-/personalkonsulentar (vikarbyrå)***
Kunde-/personalkonsulentar (vikarbyrå) søkjer personale for arbeidsgjevarar og kontrakterer arbeidskraft for spesielle prosjekt ved etterspørsel frå arbeidsgjevarar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- tilby personar ledige jobbar/vikariat
- diskutere med føretak og organisasjonar kva kvalifikasjonar og andre eigenskapar personar som skal tilsetjast bør ha
- kontrollere at tilsetjingskontraktane er juridisk korrekte og skrive under på dei
- formidle spesielt kvalifiserte personar til spesielle stillingar etter oppdrag

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Kundekonsulent (vikarbyrå)
Rekrutteringskonsulent (vikarbyrå)
Personalkonsulent (vikarbyrå)

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Rettleiar (arbeidsmarknadsetaten) 3444

***3429 Andre forretningsmeklarar***
Til denne gruppa høyrer meklarar og agentar som ikkje er klassifiserte nokon annan stad under yrkesgruppe 342. Her skal ein t.d. klassifisere personar som etablerer forretningskontaktar eller sel føretakstenester som annonseplassar i media, transporttenester o.a., kredittopplysningar og annan føretaksinformasjon. Vidare kan dei ordne kontraktar med idrettsmenn og ulike underhaldningsartistar om framføringar/tilstellingar og om publisering av bøker, teaterproduksjonar eller innspeling, framføring og sal av musikk.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- samle informasjon om tenester som kan seljast og om behova hjå aktuelle kjøparar

- tinge om kontraktar for kjøpar eller seljar si rekning og forklare kjøps- og betalingsvilkår for klienten
- skrive under på kontraktar for seljar eller kjøpar si rekning og kontrollere at kontrakten er gyldig
- sikre at kjøpar får den tenesta som var avtalt og til avtalt tidspunkt

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Litteraturagent
Musikkagent
Idrettsagent

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Forlagsmedarbeidar 2551

### Yrkesgruppe 343
Funksjonærar innanfor økonomi og administrasjon

Yrke innanfor denne gruppa:
3431 Funksjonærar innanfor administrasjon
3433 Revisorar (ikkje statsautoriserte) og rekneskapsførarar
3434 Husøkonomar

#### *3431 Funksjonærar innanfor administrasjon*
Funksjonærar innanfor administrasjon har ansvaret for administrative støttefunksjonar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- skrive utkast til administrativ korrespondanse og protokoll
- kontrollere tidsfristar og at dei vert følgde opp
- reservere og organisere møte og reisearrangement for leiinga og anna personale
- assistere ved førebuing av budsjett, kontrollere utgifter og skrive utkast til kontraktar og innkjøps- eller akkvisisjonsordre
- assistere leiinga og anna personale ved spørsmål av administrativ eller organisatorisk art
- assistere leiinga i å organisere og vere vertskap for gjester eller medlemmer av personale
- skrive referat frå tingingar i juridiske forsamlingar, domstolar o.a. ved hjelp av stenografi e.l.
- skrive og svare på forretningsbrev og annan korrespondanse

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Direksjonssekretær
Sjefssekretær

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Forlagsmedarbeidar 2551

#### *3433 Revisorar (ikkje statsautoriserte) og rekneskapsførarar*
Revisorane (ikkje statsautoriserte) kontrollerer og rekneskapsførarar registrerer finansielle transaksjonar for ulike føretak.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- registrere finansielle transaksjonar for eit føretak etter allmenne bokføringsprinsipp
- verifisere at dokument og register er ekte i samband med betalingar og andre finansielle transaksjonar
- arbeide ut finansielle rapportar for spesifiserte periodar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Revisor (ikkje statsautorisert)
Rekneskapsførar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Statsautorisert revisor 2511

#### *3434 Husøkonomar*
Husøkonomar arbeider ved sjukehus, alders- og sjukeheimar, hotell, administrasjonsbygg, føretak og andre storhushald og er daglege leiarar for rom- og reinhaldspersonalet.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje og forme ut miljøet
- ha budsjettansvar for løn og personale
- ha budsjettansvar for innkjøp og komplettering av utstyr
- ha ansvar for reinhald

Eksempel på yrkestitler som skal klassifiserast her:
Husøkonom
Oldfrue

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Kjøkkensjef 5122

### Yrkesgruppe 344
Lågare saksbehandlarar innanfor offentleg administrasjon

Lågare saksbehandlarar innanfor offentleg administrasjon har meir rutineprega oppgåver, ofte knytte til gjennomføringa av politiske vedtak ved t.d. jamleg handsaming av enkeltsaker. Dei vil og kunne ha ein støttefunksjon overfor høgare saksbehandlarar (yrkesområde 24) gjennom å utføre saksbehandling etter dei retningslinene som er gjevne.

Yrke innanfor denne gruppa:
3441 Tollfunksjonærar
3442 Lågare saksbehandlarar ved likningskontor
3443 Lågare saksbehandlarar ved trygdekontor
3444 Lågare saksbehandlarar ved arbeidskontor
3449 Andre lågare saksbehandlarar innanfor offentleg administrasjon

#### *3441 Tollfunksjonærar*
Tollfunksjonærar kontrollerer personar eller køyrety som kryssar landegrenser, for å overvake at reglar og føresegner vert etterlevde.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- patruljere nasjonale grenser og kystfarvatn for å hindre at personar kjem illegalt inn i landet, og hindre illegal import eller eksport av valuta og varer
- kontrollere reisedokumenta til personar som kryssar nasjonale grenser, for å sjå om dei har dei papir/autorisasjonar og sertifikat som trengst
- inspisere bagasjen til personar som krysser nasjonale grenser, for å kontrollere at reglar og offisielle føresegner vert følgde
- kontrollere transportdokument og last i bilar som kryssar nasjonale grenser, for å sjå om offisielle reglar og føresegner som gjeld transittgods, vert følgde, og at naudsynte avgifter er betalte
- vitne i domstol om omstende ved og resultat av utgreiingar som er gjorde

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Tollkontrollør
Tollar

### 3442 *Lågare saksbehandlarar ved likningskontor*

Lågare saksbehandlarar ved likningskontor granskar sjølvmeldingar, kjøpekontraktar og andre dokument for å avgjere kva skattar og avgifter som skal betalast av privatpersonar og føretak.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- kontrollere sjølvmeldingar, kjøpekontraktar og andre relevante dokument for å krevje inn og rekne ut skattar og avgifter

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Likningssekretær

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Revisor (ikkje statsautorisert) 3432

### 3443 *Lågare saksbehandlarar ved trygdekontor*

Lågare saksbehandlarar ved trygdekontor undersøkjer, handsamar og kontrollerer vedtak om trygdeytingar etter lovverket.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- informere publikum om rettar og plikter i høve til lovverket
- ta imot og kontrollere søknader og førebu og avslutte saksbehandling som gjeld ytingar etter lovverket
- betale ut og kontrollere ytingar etter lovverket

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Lågare saksbehandlar (trygdekontor)

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Førstekonsulent (økonomi og samfunnsvitskap, offentleg administrasjon) 2411

### 3444 *Lågare saksbehandlarar ved arbeidskontor*

Lågare saksbehandlarar ved arbeidskontor har som hovudoppgåve å yte service til arbeidsgjevarar og arbeidssøkjarar. I arbeidet vert det lagt vekt på arbeidsgjevarkontakt, formidling og kvalifisering av arbeidssøkjarar og handsaming av dagpengesøknader.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- registrere arbeidssøkjarar og formidle arbeid til dei
- rettleie publikum om korleis dei sjølve kan finne arbeid og søkje utdanning
- hjelpe arbeidsgjevarar med å dekkje arbeidsoppdrag
- hente inn informasjon om arbeidsmarknaden
- utveksle informasjon med føretak og andre samarbeidspartnarar om utviklinga på arbeidsmarknaden
- medverke til kompetanseheving hjå arbeidssøkjarar
- hjelpe yrkeshemma arbeidssøkjarar med å leggje attføringsplanar i samarbeid med t.d. trygdekontor, sosialkontor eller føretak
- handsame dagpengesøknader

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Rettleiar (arbeidsmarknadsetaten)
Konsulent (arbeidsmarknadsetaten)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Headhunterkonsulent 3423
Vikarbyråkonsulent 3423

### 3449 *Andre lågare saksbehandlarar innanfor offentleg administrasjon*

Andre lågare saksbehandlarar innanfor offentleg administrasjon omfattar alle dei offentlege tenestemenn/-kvinner og funksjonærar som ikkje er med andre stader i yrkesgruppe 344. Her skal ein klassifisere lågare saksbehandlarar innanfor offentleg administrasjon som utfører enkel saksbehandling etter dei retningslinene som er gjevne. Arbeidsoppgåvene som vert utførde, krev større grad av innsikt og forståing enn arbeidsoppgåvene som vert utførde av kontorpersonale.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- vere sekretær for kommunale nemnder og utval og sørgje for at alle opplysningar om saker som skal handsamast vert framskaffa
- byggje på sjølvstendig avveging/skjøn i enkeltsaker etter klart regelverk
- leggje til rette rutinar i arbeidet i høve til regelverket
- stå for kvalitetskontroll av eige arbeid
- ha kontakt med organisasjonar
- overvake at lønsavtalar vert haldne o.a.

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Kultursekretær
Justerkontrollør
Førstesekretær (offentleg administrasjon)

**Yrkesgruppe 345**
Polititenestemenn

Yrke innanfor denne gruppa:
3450 Polititenestemenn

***3450 Polititenestemenn***
Polititenestemenn skal sørgje for å halde ro og orden i samfunnet, førebyggje kriminalitet og forfølgje lovbrot. Polititenestemannsstillingar som krev Politihøgskulen, skal grupperast her.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- sørgje for å oppretthalde offentleg orden og tryggleik
- forfølgje lovbrot
- utføre andre oppgåver som er fastsette etter lov eller sedvane
- freiste å førebyggje eller hindre lovbrot eller forstyrring av orden

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Politiførstebetjent
Lensmannsbetjent

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Politimeister 1227
Lensmann 1227
Politifullmektig 2523
Politiadjutant 2523
Politiinspektør 2523

**Yrkesgruppe 346**
Sosionomar, barnevernspedagogar o.l.

Yrke innanfor denne gruppa:
3460 Sosionomar, barnevernspedagogar o.l.

***3460 Sosionomar, barnevernspedagogar o.l.***
Sosionomar, barnevernspedagogar o.l. driv fagleg sosialt arbeid, gjev rettleiing, støttar klientar i ein vanskeleg livssituasjon og hjelper med å finne løysingar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- hjelpe individ og familiar med personlege og sosiale problem
- samle relevant informasjon om behova klientar har, og opplyse dei om rettane og pliktene deira
- analysere situasjonen til klienten og presentere alternative vegar for å løyse problema
- planleggje, vurdere, betre og utvikle sosiale tenester
- arbeide med å førebyggje kriminalitet eller rehabilitere kriminelle ved å organisere og overvake sosiale aktivitetar for individ eller grupper
- hjelpe fysisk eller mentalt handikappa personar med å få rett behandling og kunne betre vilkåra deira for å fungere i samfunnet
- planleggje, organisere eller tilby heimehjelp

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Sosialkonsulent
Sosialkurator
Sosionom
Barnevernskonsulent
Familierådgjevar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Sosialsjef 1227

**Yrkesgruppe 347**
Yrke innanfor formgjeving, underhaldning og idrett

Yrke innanfor denne gruppa:
3471 Dekoratørar, formgjevarar og reklameteiknarar
3472 Songarar og musikarar i underhaldningsbransjen
3473 Klovnar, tryllekunstnarar, akrobatar o.l.
3474 Inspisientar o.a.
3475 Idrettsutøvarar og -trenarar

***3471 Dekoratørar, formgjevarar og reklameteiknarar***
Dekoratørar, formgjevarar og reklameteiknarar nyttar kunstteknikkar for å lage interiørdekorasjonar og forme ut produkt og reklamemateriell.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- forme ut produkt innanfor industri og reklame, inklusive nye modellar og ny stil på klede og tilhøyr, og søkje ei harmonisering mellom estetikk og tekniske krav
- lage interiørdekorasjonar og planleggje innreiing av private heimar, offentlege bygningar, farty o.a.
- forme ut og måle scenedekorasjonar
- dekorere utstillingsvindauge og andre stader for visning av varer o.a.

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Butikkdekoratør
Grafisk formgjevar
Interiørkonsulent
Dekoratør

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Interiørarkitekt 2141
Sivilarkitekt 2141
Illustratør (høgare grad) 2552

***3472 Songarar og musikarar i underhaldningsbransjen***
Songarar og musikarar framfører musikk, syng eller dansar i underhaldningsbransjen.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- spele eitt eller fleire musikkinstrument aleine eller som medlem av eit orkester
- syngje aleine eller som medlem i grupper

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Popmusikar
Popsongar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Operasongar 2553
Komponist 2553
Dansar (ballett) 2554

### *3473 Klovnar, tryllekunstnarar, akrobatar o.l.*

Klovnar, tryllekunstnarar, akrobatar o.l. underheld publikum på sirkus eller andre stader ved å utføre ulike nummer.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- utføre narrestrekar og fortelje morosame historier
- utføre tryllekunster og illusjons- og hypnosenummer
- utføre vanskelege og spektakulære akrobatikk-, gymnastikk- eller sjongleringsnummer
- dressere og opptre saman med dyr

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Klovn
Tryllekunstnar
Trapeskunstnar
Komikar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Koreograf 2554
Dansar (fridans) 2554

### *3474 Inspisientar o.a.*

Inspisientar o.a. er med i alle delar av ballett-, teater-, film-, fjernsyns- og operaprøver og framsyningar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- ha ansvaret for det organisatoriske i samband med prøver og framsyningar
- hjelpe skodespelarar, dansarar og songarar med kostyme, klede og kreasjonar
- arbeide med å skaffe det tilhøyret (rekvisittane) som trengst til prøver og framsyningar
- presentere utkast, i form av modellar og skisser, med framlegg til scenografien
- kome skodespelarane til hjelp dersom dei gløymer teksten (yte suffli)

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Inspisient
Scenograf
Rekvisitør

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Scenemeister 3131
Instruktør (teater/opera) 2555
Dramaturg 2555

### *3475 Idrettsutøvarar og -trenarar*

Idrettsutøvarar og -trenarar er med i sportsarrangement og planlegg og held kurs i forskjellige sportsaktivitetar som aerobics, (baby-)symjing o.a.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- vere med i sportsstemne
- arbeide ut reglar for sportsstemne/-arrangement og leie dei
- planleggje og leie idrettstrening i helsestudio/idrettsklubbar
- rettleie kursdeltakarar med omsyn til trening og rett kosthald

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Aerobicinstruktør
Idrettsfunksjonær

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Lærar (kroppsøving) 3341

### Yrkesgruppe 348

Religiøse yrke

Yrke innanfor denne gruppa:
3480 Religiøse yrke

### *3480 Religiøse yrke*

Religiøse yrke går ut på å vere med i utøvinga av religiøst arbeid, hjelpe til med forkynninga av ei religiøs lære, utføre kyrkjelydsarbeid o.l.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- organisere og utføre religiøst arbeid for barn og ungdom, f.eks. søndagsskular
- organisere og utføre sosialt og religiøst arbeid for eldre, f.eks. diakonarbeid
- forkynne religiøs lære, t.d. som lekpredikant
- organisere og utføre misjonsarbeid i andre land
- organisere og utføre kyrkjelydsarbeid

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Lekpredikant
Misjonær
Barne- og ungdomssekretær (religiøse organisasjonar)
Diakon
Kyrkjelydssekretær

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Prest 2560
Organist 2553

**Yrkesgruppe 349**
Informasjonsarbeidarar, journalistar, bibliotekarar o.a.

Yrke innanfor denne gruppa:
3491 Informasjonsmedarbeidarar og journalistar
3492 Programsekretærar og programmedarbeidarar
3493 Bibliotekarar

### *3491 Informasjonsmedarbeidarar og journalistar*

Informasjonsmedarbeidarar og journalistar samlar inn og arbeider ut informasjon til intern og ekstern publisering om verksemder/føretak, utfører kjeldevurderingar og etiske vurderingar, redigerer og presenterer nyhende og annan informasjon eller arbeider med verbal og visuell utforming av diverse informasjon.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- finne fram til nøyaktige og korrekte opplysningar av allmenn eller spesiell interesse
- leggje til rette og presentere informasjon
- skrive reportasjar, artiklar, pressemeldingar, notisar o.a.
- samle inn, rapportere og kommentere nyhende og aktuelle hendingar for aviser, radio og fjernsyn
- hente inn informasjon ved hjelp av intervju, fotografering, lydopptak o.a.
- leggje til rette artiklar og telegram frå nyheitsbyrå o.l. og skrive innleiingar og overskrifter
- kontrollere at språk og framstilling ikkje bryt med juridiske og etiske reglar
- ha pressekontakt
- skrive leiarartiklar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Informasjonsmedarbeidar
Journalist

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Informasjonsdirektør 1234

### *3492 Programsekretærar og programmedarbeidarar*

Programsekretærar og programmedarbeidarar legg fram og legg til rette idear til program i radio og fjernsyn. Aktuelle arbeidsfelt kan vere nyhende, sports-, kultur-, drama-, dokumentar-, utanriksstoff osv.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- leggje fram og leggje til rette idear til program, ofte i samarbeid med kollegaer frå forskjellige faggrupper
- forme ut eller hente inn manuskript til program
- drive aktivt reportasjearbeid
- ha ansvar for utval, redigering og framføring av programinnslag, t.d. nyhendemeldingar
- halde seg orientert om arbeidsområdet sitt gjennom litteratur eller personlege kontaktar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Programsekretær (radio/fjernsyn)
Fjernsynsreportar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Programingeniør (radio/fjernsyn) 3131
Journalist 3491

### *3493 Bibliotekarar*

Bibliotekarar står til teneste for brukarar av bibliotek og driv rettleiingsteneste for barn og vaksne.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- følgje med i utgjeving av bøker, faglitteratur osv. og tilrå/stå for innkjøp til biblioteket
- skaffe fram relevante dokument frå inn- og utland
- velje ut og tilrå bøker til dei som bruker biblioteket
- leite fram materiale og gje ut informasjon til brukarar frå sjølve samlinga eller frå informasjonsnettverket til biblioteket
- drive rettleiing for barn og vaksne
- formidle kultur og informasjon gjennom bøker, tidsskrift og andre dokument

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Bibliotekar
Avdelingsbibliotekar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Universitetsbibliotekar 2532

# Yrkesfelt 4

## Kontor- og kundeserviceyrke

Til dette feltet høyrer kontor- og kundeserviceyrke som inneber registrering, organisering, arkivering, tilretteleggjing og innsamling av informasjon og dessutan kontortenester i samband med handtering av pengar, reisearrangement, informasjonsførespurnader og avtaleinngåing.

Dei fleste yrke innanfor dette yrkesfeltet krev kompetanse som svarar til 10-12 års skulegang.

Dette yrkesfeltet er delt inn i følgjande yrkesområde:
41 Kontorarbeid
42 Kundeservicearbeid

## Yrkesområde 41

### Kontorarbeid

Kontorarbeid inneber å registrere, organisere, arkivere og samle inn informasjon som gjeld det aktuelle arbeidsområdet, og å leggje til rette økonomiske, statistiske og andre numeriske data.

Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgrupper:
411 Sekretærar og tastaturoperatørar o.l.
412 Økonomiarbeidarar og andre talbehandlarar
413 Lager- og transportfunksjonærar
414 Bibliotek- og postmedarbeidarar o.l.

### Yrkesgruppe 411

Sekretærar og tastaturoperatørar o.l.

Spesialiseringa av arbeidet innanfor denne gruppa har vorte mindre med åra, og nokre funksjonar har vorte kraftig reduserte. Det er derfor oppretta ei eiga gruppe (4114) for yrke som tek hand om fleire av dei funksjonane som tidlegare ofte var spesialiserte.

Yrke innanfor denne gruppa:
4111 Stenografar, referentar o.l.
4112 Dataregistrerarar (puncheoperatørar)
4113 Sekretærar
4114 Kontormedarbeidarar

#### *4111 Stenografar, referentar o.l.*

Stenografar, referentar o.l. noterer ned munnleg eller skriftleg informasjon i stikkordsform eller som stenogram og skriv ut dokument i klårtekst ved hjelp av tekstbehandling/skrivemaskin.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- utføre avgrensa kontortenester som å arkivere eller ta fotokopiar
- gje att lydbandopptak i skriven form
- skrive ned tale som stenogram
- sjekke referansar og sitat
- skrive etter diktat

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Stenograf
Referent

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Dataregistrerar 4112
Sekretær 4113

#### *4112 Dataregistrerarar (puncheoperatørar)*

Dataregistrerarar (puncheoperatørar) overfører informasjon til kodar, skriv inn numeriske og andre data på elektronisk utstyr for tilrettelegging og overføring eller skriv inn data på kort, band eller diskar ved hjelp av puncheutstyr.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- overføre informasjon til kodar og klassifisere informasjon etter kodar for databehandling
- skrive inn (punche) numeriske og andre data frå kjeldemateriale til datamaskinkompatibelt lagrings- og behandlingsutstyr
- registrere tal, tabellar og tekst og skanne tekst eller bilete
- rette innskrivne data når det trengst

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Puncheoperatør
Dataregistrerar
Kodar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Sekretær 4113
Intervjuar (opinionsmålingar) 5225

#### *4113 Sekretærar*

Sekretærar nyttar skrivemaskin eller tekstbehandlingsutstyr for å kontrollere og skrive korrespondanse og andre dokument, tek hand om innkomande og utgåande post, reserverer møte og avtalar etter ønske. Vidare kontrollerer og registrerer dei permisjonar og andre personalsaker, organiserer og overvaker arkivsystem og tek seg av rutineprega korrespondanse på eiga hand.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- kontrollere og skrive korrespondanse, referat og rapportar etter diktat eller tilpasse skrivne utkast til kontorstandard
- ta hand om innkomande og utgåande post
- lese av optisk, registrere og distribuere post, korrespondanse og dokument
- reservere møte og avtalar etter ønske og hjelpe til med å organisere møte
- kontrollere og registrere permisjonar og andre personalsaker
- organisere og overvake arkivsystem
- ta seg av rutineprega korrespondanse på eiga hand

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Kontorsekretær
Privatsekretær

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Kontorassistent 4114
Legesekretær 5135
Tannlegesekretær 5134
Administrasjonssekretær 3431

### *4114 Kontormedarbeidarar*

Kontormedarbeidarar har rutineprega oppgåver innanfor saksbehandling i samband med administrative oppgåver innanfor innkjøp, økonomi, sal, spedisjon, edb, reklame, personalarbeid, tekstbehandling, korrekturlesning osv.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- skrive korrespondanse, forretningsbrev og andre dokument
- arkivere, kopiere og utføre enkel saksbehandling innanfor t.d. postbehandling
- leggje til rette dei praktiske/tekniske sidene ved møte, seminar o.l.
- skaffe kontorrekvisita
- utføre enkle rekneskapsoppgåver
- stå for forkontortenesta og/eller ekspedisjonstenesta
- samanlikne korrektur og anna materiell som skal trykkjast med originalmateriale
- rette feil og markere tekst som skal trykkjast etter dei reglane som gjeld

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Tekstbehandlar
Korrekturlesar
Kontorassistent
Kontormedarbeidar
(Første-)fullmektig

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Innkjøpsmedarbeidar 3416
Rekneskapsmedarbeidar 4121
Legesekretær 5135

## Yrkesgruppe 412
Økonomiarbeidarar og andre talbehandlarar

Yrke innanfor denne gruppa:
4121 Økonomimedarbeidarar og revisjonsassistentar
4129 Andre talbehandlarar

### *4121 Økonomimedarbeidarar og revisjonsassistentar*

Økonomimedarbeidarar og revisjonsassistentar hjelper til med registrering og utrekning ved rekneskapsføring og bokføring, løns- og produksjonskostnadsrekningar og ved kontant betaling.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- føre inn opplysningar i rekneskaps- og bokføringsregister
- gjere naudsynte utrekningar i samband med rekneskap og bokføring
- utføre andre avgrensa arbeidsoppgåver i samband med rekneskap og bokføring
- rekne ut produksjonskostnad pr. eining ut frå eksisterande opplysningar
- rekne ut løn ut frå opplysningar om timeverk eller individuelt utført arbeid
- ha ansvar for kontantkassar og registrere kontante transaksjonar som høyrer til verksemda, ev. klargjere løningsposar og betale ut løn

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Rekneskapsmedarbeidar
Revisjonsassistent
Kontormedarbeidar (rekneskap)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Revisor (ikkje statsautorisert) 3432
Rekneskapssekretær 4113
Økonomisekretær 4113

### *4129 Andre talbehandlarar*

Andre talbehandlarar samlar inn, set saman og legg til rette tal for analyse- og prognosearbeid o.l.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- rekne ut totalsummar, gjennomsnitt, prosentar og annan detaljinformasjon og presentere tala i tabellform
- utføre avgrensa kontortenester
- halde ved like m.a. meteorologiske instrument
- formidle enkle vervarslingar
- utføre anna talbehandlingsarbeid (ikkje rekneskap)

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Flymeteorologikonsulent

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Meteorolog 2112
Statistikar 2122

## Yrkesgruppe 413
Lager- og transportfunksjonærar

Yrke innanfor denne gruppa:
4131 Lagermedarbeidarar og materialforvaltarar
4132 Logistikarar
4133 Transportfunksjonærar

### *4131 Lagermedarbeidarar og materialforvaltarar*

Lagermedarbeidarar og materialforvaltarar held à jour register over produserte varer og produksjonsmaterialar som vert mottekne, vegne, leverte, sende eller lagra.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- halde à jour lagerregister ved hjelp av edb-program, stadfeste vareutsendingar, vurdere varebehov og rekvirere lagervarer
- ordne og kontrollere kvitteringar og varesendingar og føre relevante register
- ta imot, oppbevare og levere ut verkty, reservedelar eller annan type utstyr og halde à jour relevante register
- vege varer som vert mottekne, leverte, produserte eller sende ut og halde à jour relevante register
- arbeide ut lister over møbel og andre gjenstandar som er mottekne til oppbevaring

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Lagermedarbeidar
Materialforvaltar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Laste- og lossearbeidar 9330

### *4132 Logistikarar*

Logistikarar reknar ut den mengda av materialar som trengst på spesielle tidspunkt for eitt bestemt produksjonsprogram og arbeider ut og kontrollerer produksjonsplanar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- rekne ut mengd, kvalitet og type materialar som trengst for eit produksjonsprogram
- planleggje materialforbruk ved produksjon og sikre at materialar finst når det er bruk for dei, og halde à jour relevante register
- arbeide ut eller assistere ved utarbeiding av produksjonsplanar på grunnlag av ordreinngang, produksjonskapasitet og yteevne
- stadfeste lager, ordne leveransar og undersøkje forseinkingar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Logistikkøkonom
Logistikkandidat

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Materialforvaltar 4131

### *4133 Transportfunksjonærar*

Transportfunksjonærar har ansvaret for kundeservice og lasteplanlegging, fører register over alle sendingar og driftsrutinar, samordnar rutetabellar for tog-, veg- og flytransport og arbeider ut rapportar til leiinga.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- arbeide med flyinformasjon i kontrolltårnet på flyplassar
- ta imot frakt til sending og reservere plass på fly både for gods og personar
- halde à jour register over driftsrutinar og samordne rutetabellar for person- og godstransport
- tilvise plass til farty og sjå til at utrustinga i hamnene fungerer
- dirigere og kontrollere handteringa av gods på ein jernbanestasjon og føre relevante register
- arbeide ut rapportar til leiinga

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Flygeleiarassistent
Hamnebetjent
Jernbanefullmektig
Fraktkonsulent (lufthamn)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Flygeleiar 3144
Speditør 3422

### Yrkesgruppe 414

Bibliotek-, postmedarbeidarar o.l.

Yrke innanfor denne gruppa:
4141 Bibliotek- og arkivmedarbeidarar
4142 Postbod og -sorterarar

### *4141 Bibliotek- og arkivmedarbeidarar*

Bibliotek- og arkivmedarbeidarar utfører bibliotektenester eller arbeidsoppgåver som har med arkivering og klassifisering av informasjon å gjere.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- halde à jour bibliotekregister over innkjøpte, utlånte og tilbakeleverte bøker og andre publikasjonar
- fotokopiere eller reprodusere dokument og annan informasjon
- klassifisere og systematisere arkiverte papir, dokument og annan informasjon

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Bibliotekmedarbeidar
Arkivmedarbeidar
Fullmektig (arkiv)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Bibliotekar 3493
Arkivar 2531
Universitetsbibliotekar 2532

### *4142 Postbod og -sorterarar*

Postbod og -sorterarar sorterer, registrerer, pakkar og deler ut post og postsendingar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- sortere og dele ut post til private hushald og andre
- tømme postkassar
- lesse av og på og bere postsendingar inn og ut
- sortere og føre enkle register over innkomande og utgåande korrespondanse og sende utgåande post for eit føretak

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Postbod
Landpostbod

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Lagerbetjent 4131
Postsjåfør 8321
Pakkar 9320

### Yrkesområde 42

### Kundeservicearbeid

Kundeservicearbeid inneber å arbeide direkte med kundar i samband med handtering av pengar, reisearrangement, informasjonsførespurnader og avtaleinngåing og arbeid ved sentralbord.

Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgrupper:
421 Billettseljarar, kasserarar o.l. servicemedarbeidarar
422 Reisebyrå-, resepsjons- og sentralbordmedarbeidarar o.a.

### Yrkesgruppe 421

Billettseljarar, kasserarar o.l. servicemedarbeidarar

Yrke innanfor denne gruppa:
4211 Billettørar og billettseljarar
4212 Post- og bankkasserarar
4213 Bingovertar o.l.
4214 Pantelånarar
4215 Inkassomedarbeidarar

#### *4211 Billettørar og billettseljarar*

Billettørar og billettseljarar tek imot betaling direkte frå kundar for varer eller tenester.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- ta imot og kontrollere betaling med kontantar, sjekkar eller kredittkort
- gje tilbake vekslepengar og skrive ut kvitteringar
- ferde ut billettar på billettkontor og ta imot tilhøyrande betaling
- betale ut kontantar mot skriftlege tilvisingar
- føre register og balansere mot kassesum
- ta imot kontantinnbetalingar i eit føretak, kontrollere dei mot kassekvittering og andre dokument og klargjere for innsetjing i bank

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Kasserar
Billettseljar
Billetteksped itør

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Postkasserar 4142
Konduktørar og billettørar (om bord i transportmiddel) 5112

#### *4212 Post- og bankkasserarar*

Post- og bankkasserarar arbeider direkte med kundar i bank eller på postkontor i samband med inn- og utbetalingar, veksling eller posttenester.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- ta imot pengar eller sjekkar frå kundar og betale ut pengar til kundar
- betale rekningar og overføre pengar frå ein konto til ein annan o.a.
- veksle pengar frå ein valuta til ein annan
- registrere alle transaksjonar og balansere mot kassesum
- ta imot post og selje frimerke, konvoluttar, kort og andre postrekvisita

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Postkasserar
Bankkasserar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Kundeansvarleg (bank) 3418

#### *4213 Bingovertar o.l.*

Bingovertar o.l. fastset odds, tek imot innsatsar og betaler ut gevinstar ved spel på sportsarrangement og liknande eller passar spelet i ulike spelelokale.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- fastsetje odds
- klargjere og dele ut lister med odds
- dele ut kort, terningar eller snurre eit rulletthjul
- forklare og tolke reglane i eit spelelokale
- kunngjere vinnarnummer, betale ut gevinstar og samle inn pengar frå personar som har tapt

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Bingovert
Totalisatorfunksjonær

#### *4214 Pantelånarar*

Pantelånarar låner ut pengar mot gjenstandar som er deponerte som pant, eller mot eigedom eller annan tryggleik.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- vurdere gjenstandar som vert bodne fram som pant, rekne ut rente og låne ut pengar
- returnere gjenstandar når lånet er tilbakebetalt, eller selje pantegods ved manglande betaling
- låne ut pengar som personlege lån mot tryggleik i framtidig avkasting

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Pantelånar
Pengeutlånar

### *4215 Inkassomedarbeidarar*
Inkassomedarbeidarar krev inn pengar og utfører administrative tenester i samband med det.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- ringje eller skrive til kundar for å krevje inn pengar eller gjere avtale om seinare betaling
- spore opp adresser til kundar og vitje dei for å krevje inn gjeld
- registrere innbetalte beløp
- tilrå rettslege tiltak når betaling ikkje kan skaffast på annan måte

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Inkassomedarbeidar
Inkassator
Konsulent (inkasso)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Likningssekretær 3442
Førstesekretær (trygdekontor) 3443

### Yrkesgruppe 422
Reisebyrå-, resepsjons- og sentralbordmedarbeidarar o.a.

Yrke innanfor denne gruppa:
4221 Reisebyråmedarbeidarar o.l.
4222 Resepsjonistar og opplysningsmedarbeidarar
4223 Sentralbordoperatørar

### *4221 Reisebyråmedarbeidarar o.l.*
Reisebyråmedarbeidarar o.l. tilbyr informasjon og sel reiser og tek seg av naudsynte reservasjonar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- opplyse kundar om reiser og reisemåtar
- selje reiser
- gjere naudsynte reservasjonar
- ferde ut billettar, kupongar og andre dokument
- skrive ut rekningar og ta imot betaling

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Reisebyråmedarbeidar
Bookingassistent
Trainee (reisebyrå)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Billettseljar 4211
Reisekonsulent 3414
Reiseleiar 5113

### *4222 Resepsjonistar og opplysningsmedarbeidarar*
Resepsjonistar og opplysningsmedarbeidarar tek imot kundar eller pasientar, skaffar informasjon og gjer avtalar på vegner av ulike institusjonar, inklusive sjukehus og lege- eller tannlegekontor.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- ta imot kundar eller pasientar, notere førespurnader og skaffe relevant informasjon
- gjere avtalar for kundar eller pasientar
- ta hand om telefonførespurnader som gjeld informasjon eller avtalar
- syne kundar eller pasientar til rett stad eller person
- gjere reservasjonar, registrere hotellgjester eller pasientar, føre register eller levere rekning ved avreise
- tilby informasjonsblad, brosjyrar eller blankettar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Resepsjonist
Nattportier

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Informasjonsmedarbeidar 3491

### *4223 Sentralbordoperatørar*
Sentralbordoperatørar passar ein telefonsentral eller ein del av han og tek hand om lokal-, riks- eller utanlandssamtalar og visse telefonførespurnader.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- etablere kontakt mellom person som ringjer, og person som vert oppringd
- formidle kontakt for utgåande samtalar og dirigere utanlandssamtalar
- ta hand om telefonførespurnader og registrere meldingar

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Sentralbordoperatør

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Sekretær 4113
Resepsjonist 4222

# Yrkesfelt 5

## Sals-, service- og omsorgsyrke

Til dette feltet høyrer personleg tenesteyting i samband med reiser, hushald, matlaging og personleg pleie og omsorg og i samband med apotek, gravferdsbyrå, restaurantar o.a. Vidare høyrer vern mot brann, vaktarbeid, demonstrasjon og sal av varer i engros- og detaljhandel, posering som modell og intervjuarbeid med.

Dei fleste yrke innanfor dette yrkesfeltet krev kompetanse tilsvarande 10-12 års skulegang.

Dette yrkesfeltet er delt inn i følgjande yrkesområde:
51 Personleg tenesteyting og tryggingsarbeid
52 Sals- og modellarbeid o.a.

## Yrkesområde 51

## Personleg tenesteyting og tryggingsarbeid

Personleg tenesteyting og tryggingsarbeid inneber å tilby tenester i samband med reiser, hushald, matlaging, personleg pleie og omsorg, vaktarbeid og vern mot brann og i samband med apotek, gravferdsbyrå, restaurantar o.a.

Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgrupper:
511 Kundebehandlarar om bord i transportmiddel
512 Hushalds- og restaurantpersonale o.a.
513 Pleie- og omsorgspersonale
514 Andre yrke innanfor personleg tenesteyting
516 Rednings- og vaktyrke

### Yrkesgruppe 511

Kundebehandlarar om bord i transportmiddel

Yrke innanfor denne gruppa:
5111 Vertar/vertinner på fly, skip og tog
5112 Konduktørar og billettørar (om bord i transportmiddel)
5113 Reiseleiarar og guidar

#### *5111 Vertar/vertinner på fly, skip og tog*

Vertar/vertinner på fly, skip og tog gjev personleg service til passasjerar og har ansvar for tryggleiken deira, serverer mat og drikke eller planlegg og koordinerer service og sosiale aktivitetar på skip.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- ta imot passasjerar når dei kjem om bord på fly, vise dei til plassane deira og kontrollere at tryggingstilvisingane vert følgde
- forklare korleis tryggingsutstyr som flytevestar og oksygenmaskar skal brukast
- dele ut lesestoff, høyretelefonar, teppe og liknande og svare på spørsmål frå passasjerane
- servere drikke og ferdige måltid
- selje tollfrie varer
- gje passasjerar enklare medisinsk hjelp når det trengst

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Kabinpersonale
Båtvert/båtvertinne
Purser (luftfarty)

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Reiseleiar 5113

#### *5112 Konduktørar og billettørar (om bord i transportmiddel)*

Konduktørar og billettørar (om bord i transportmiddel) samlar inn eller ferdar ut billettar og har ansvar for passasjerane sin tryggleik og komfort på tog, trikk, buss og andre offentlege transportmiddel.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- selje eller samle inn billettar, pass eller avgifter og kontrollere billettar
- ha ansvar for sovevogn på passasjertog og ha ansvar for passasjerane sin tryggleik og svare på spørsmåla deira
- sjå til at tryggingsforskriftene vert respekterte
- gje informasjon til passasjerar, spesielt om haldeplassar/stasjonar og samband med andre ruter
- samarbeide med sjåføren/lokomotivføraren for å halde rutetabellen
- gjere gagnlege tiltak i naudsituasjonar eller ved ulykker

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Konduktør
Togkontrollør

#### *5113 Reiseleiarar og guidar*

Reiseleiarar og guidar følgjer individ eller grupper på sightseeing eller utflukter, fortel om ting det er verdt å sjå, og utfører andre guidetenester.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- følgje turistar og ha ansvar for komforten deira
- guide turistar på sightseeing og fortelje om ting det er verdt å sjå
- guide dei som vitjar museum og utstillingar og gje informasjon på utstillingar
- guide grupper på fabrikkar o.l. og gje relevant informasjon
- føre ekspedisjonar ved fjellklatring, jakt og fiske

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Guide
Reiseleiar

### Yrkesgruppe 512

Hushalds- og restaurantpersonale o.a.

Yrke innanfor denne gruppa:
5121 Internatleiarar
5122 Kokkar
5123 Hovmeistrar, servitørar og barkeeperar

### *5121 Internatleiarar*
Internatleiarar organiserer, har oppsyn med og utfører hushaldsarbeid i internatskular, pensjonat, klubbar, andre føretak og institusjonar og i private hushald.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- tilsetje, lære opp, organisere og ha oppsyn med personale
- kjøpe eller kontrollere kjøp av forsyningar
- kontrollere lager og leveransar av forsyningar

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Internatleiar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Husøkonom 3433

### *5122 Kokkar*
Kokkar førebur og lagar til mat på hotell, restaurantar og andre offentlege matstader, om bord på skip og passasjertog og i private hushald.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje måltid og førebu og lage til mat
- planleggje, ha oppsyn med og samordne kjøkkenarbeid

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Kokk
Kjøkkensjef
Kaldjomfru
Forpleiingssjef

### *5123 Hovmeistrar, servitørar og barkeeperar*
Hovmeistrar, servitørar og barkeeperar serverer mat og drikke på hotell, restaurantar, barar, klubbar, institusjonar og kantiner og om bord på farty og passasjertog.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- servere mat og drikke
- gje råd ved val av vin og servere vin
- servere alkoholhaldige og andre drikker i ein bar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Hovmeister
Servitør
Barkeeper
Kafémedarbeidar

### Yrkesgruppe 513
Pleie- og omsorgspersonale

Yrke innanfor denne gruppa:
5131 Barne- og ungdomsarbeidarar o.l.
5132 Omsorgsarbeidarar og hjelpepleiarar
5133 Heimehjelparar
5134 Tannlegesekretærar
5135 Legesekretærar
5136 Dagmammaer, praktikantar o.l.
5137 Apotekteknikarar
5139 Anna pleie- og omsorgspersonale

### *5131 Barne- og ungdomsarbeidarar o.l.*
Barne- og ungdomsarbeidarar o.l. legg til rette aktivitetar for barn og ungdom, har dagleg ansvar, tilsyn og omsorg for barne- og ungdomsgrupper i institusjon og arbeider med dagtilbod eller fritidstilbod.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- ha dagleg ansvar og tilsyn for ei barnegruppe
- planleggje og gjennomføre aktivitetar for barn og ungdom, ev. i samarbeid med pedagogisk utdanna personale
- ha kontakt og samarbeid med foreldre og førebu og vere med i foreldresamtalar saman med pedagogisk utdanna personale
- stelle og ta hand om andre daglege omsorgsfunksjonar for spedbarn og småbarn
- hjelpe funksjonshemma elevar med daglege gjeremål

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Barnehageassistent
Barnepleiar
Assistent i skulefritidsordningar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Barnevernskonsulent 3460
Sosionom 3460

### *5132 Omsorgsarbeidarar og hjelpepleiarar*
Omsorgsarbeidarar og hjelpepleiarar arbeider både med heimebaserte tenester og ved institusjonar innanfor helse- og sosialsektoren. Arbeidet er retta mot barn og barnefamiliar, fysisk og psykisk funksjonshemma, menneske med sosiale problem og eldre som treng omsorg.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- hjelpe med stell og pleie
- hjelpe til med trening og rehabilitering
- utføre og hjelpe til med daglege gjeremål for pasientar og andre brukarar
- vere med i miljøarbeid og aktivitetar for pasientar og andre brukarar
- informere og samarbeide med pårørande

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Hjelpepleiar
Omsorgsarbeidar

### *5133 Heimehjelparar*
Heimehjelparar hjelper personar som treng pleie og hjelp til daglege gjeremål i sin eigen heim pga. fysisk eller psykisk funksjonshemming eller høg alder.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- hjelpe brukarane med å kle seg, personleg hygiene og måltid
- hjelpe brukarane med husarbeid, innkjøp o.a.

- sjå til at brukaren tek medisinar han/hos treng, og sørgje for at brukaren får naudsynt oppfølging og støtte ut frå ernæringstilstand og fysisk og psykisk helsetilstand

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Heimehjelp
Husmorvikar

### *5134 Tannlegesekretærar*
Tannlegesekretærar legg arbeidet til rette for tannlegen før, under og etter behandling og utfører ulike andre oppgåver ved eit tannlegekontor.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- leggje til rette arbeidet for tannlegen før, under og etter behandling
- utføre profylakse og laboratoriearbeid, røntgen/framkalling, montering og opptak
- føre kartotek, pasientarkiv, tannhelsedata og statistikk
- kalle inn pasientar etter arbeidsplanen
- føre rekneskap
- halde ved like utstyr
- tinge varer og halde varelager og arbeidsklede à jour

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Tannlegesekretær
Tannlegeassistent

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Tannpleiar 3225
Sekretær 4113
Tannteknikar 7311

### *5135 Legesekretærar*
Legesekretærer utfører laboratorietenester, skiftestovearbeid, ekspedisjons-, poliklinikk- og skrivestovetenester og arbeid på forkontor.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- ta blodprøver og -analysar, urinprøver og -analysar, avføringsprøver og -analysar, rekvirere prøver og registrere analysedata i laboratorium
- ta prøver av pasientar, ta imot tilsende prøver, fordele tilsende prøver og registrere prøvesvar på laboratorieavdeling i sjukehus
- ha ansvar for pasientdokumentasjon, mottak av pasientar, tilrettelegging for utreise, telefonservice og tinging av time, økonomi, rekneskap, post og arkiv på ekspedisjon, poliklinikk, sjukepost eller forkontor

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Legesekretær

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Sekretær 4113

### *5136 Dagmammaer, praktikantar o.l.*
Dagmammaer, praktikantar o.l. passar og steller barn i private heimar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- ha dagleg tilsyn med barn i eigen heim eller i heimen til barnet
- passe barn i kortare periodar når foreldra er fråverande
- ha foreldreansvar over kortare eller lengre periodar når foreldra til barnet ikkje er i stand til å ha omsorgsansvar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Dagmamma/dagpappa
Praktikant
Barnevakt
Fostermor/fosterfar

### *5137 Apotekteknikarar*
Apotekteknikarar distribuerer lækjemiddel og gjev fagleg informasjon og service til kundar og brukargrupper så som enkeltpersonar, helseinstitusjonar, legar, tannlegar, veterinærar o.a.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- ekspedere og rettleie kundar om vareutval og bruk av reseptfrie lækjemiddel, sjukepleieartiklar o.l.
- vere med i produksjonsarbeidet i apoteket og fylle opp og gjere ferdig preparat
- arbeide med logistikk, varetinging, varemottak, prismerking og vareplassering
- gjere i stand og levere ut reseptmedisin under fagleg leiing av farmasøyt
- gjere klar ulike tingingar og sendingar
- utføre kontorarbeid og databehandling

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiseres her:
Apotekteknikar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Reseptar 3228
Apotekar 2224
Farmasøyt (cand.pharm.) 2224

### *5139 Anna pleie- og omsorgspersonale*
Anna pleie- og omsorgspersonale arbeider på institusjonar og dagsenter og med transport av sjuke.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- organisere og gjennomføre aktivitetar for eldre og funksjonshemma
- hente, yte førstehjelp og transportere pasientar
- vere med på å lage til og servere måltid
- stå for dagleg reinhald

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Aktivitør
Ambulansesjåfør
Portør
Pleieassistent
Pleiemedhjelpar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Omsorgsarbeidar 5132
Sjukepleiar 3231

**Yrkesgruppe 514**
Andre yrke innanfor personleg tenesteyting

Yrke innanfor denne gruppa:
5141 Frisørar, kosmetologar o.l.
5142 Gravferdsbyrå- og krematoriearbeidarar
5143 Slankevertar, solstudiovertar o.l.
5149 Andre yrke innanfor personleg tenesteyting

***5141 Frisørar, kosmetologar o.l.***
Frisørar, kosmetologar o.l. klipper og set opp hår, barberer og trimmar skjegg, gjev venleiksbehandlingar, legg på kosmetikk og make-up og utfører andre behandlingar for å gje folk betre utsjånad.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- klippe, vaske, farge og setje opp hår
- lage parykkar og tupear
- utføre hud- og fargeanalysar og gje kundane råd etter det
- utføre massasje (manuelt, med apparat eller med eteriske oljer)
- leggje make-up
- utføre manikyr og fotpleie

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Dame-/herrefrisør
Kosmetolog
Sminkør
Aromaterapeut

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Solvert 5143
Badeassistent 5169

***5142 Gravferdsbyrå- og krematoriearbeidarar***
Gravferdsbyrå- og krematoriearbeidarar planlegg gravferder saman med pårørande og hjelper til med ulike tenester i samband med gjennomføringa av gravferder.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- melde dødsfall til offentlege instansar
- ta imot pårørande og vise dei til rette i kyrkje eller kapell
- arrangere båreandaktar
- førebu og arrangere gravferd, kremering og jordfesting

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Gravferdsbyråassistent
Krematoriearbeidar

***5143 Slankevertar, solstudiovertar o.l.***
Slankevertar, solstudiovertar o.l. driv solstudio og slankekurs, registrerer og ekspederer kundar, følgjer opp deltakarar og rettleier kundar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- ekspedere kundar på solstudio
- halde slankekurs
- følgje opp og rettleie kursdeltakarar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Solvert/solvertinne
Slankevert/slankevertinne

***5149 Andre yrke innanfor personleg tenesteyting***
Andre yrke innanfor personleg tenesteyting kan gå ut på å aktivisere og underhalde barn og vaksne, stille horoskop og vere følgje for kundar på restaurantar og liknande.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- aktivisere og underhalde barn og vaksne i hotell, butikkar o.l.
- følgje til butikkar, restaurantar og sosiale aktivitetar
- halde orden på garderoben til arbeidsgjevaren og dei personlege eignelutene hans/hennar
- stille horoskop

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Aktivitetsleiar (hotell, butikksenter)
Astrolog

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Ungdomskonsulent 3460
Aktivitør 5139

**Yrkesgruppe 516**
Rednings- og vaktyrke

Yrke innanfor denne gruppa:
5161 Brannkonstablar o.l.
5162 Fengselsbetjentar
5163 Vaktmeistrar o.l.
5164 Vektarar o.l.
5169 Anna tryggingspersonale

***5161 Brannkonstablar o.l.***
Brannkonstablar o.l. førebyggjer, kjempar mot og sløkkjer brannar, reddar personar og bergar eigedom og eigneluter under og etter brann og større ulykker.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- førebyggje, kjempe mot og sløkkje brannar
- kjempe mot spesielle typar brannar og nytte spesialutstyr i industrien
- førebyggje og sløkkje brannar ved flyplassulykker og redde passasjerar og mannskap
- redde personar og berge eigedom og eigneluter under og etter brann og større ulykker
- førebyggje eller avgrense spreiing av farlege stoff i tilfelle brann eller ulykker

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Brannkonstabel
Røykdykkar
Froskemann (brannstell)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Branninspektør 3151
Branningeniør 3151
Brannmeister 1227

### 5162 *Fengselsbetjentar*

Fengselsbetjentar vaktar og held oppe disiplin blant innsette i fengsel og forbetringsanstaltar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- visitere nykomne innsette, plassere verdisakene deira i trygg forvaring, følgje innsette til celler og låse dei inn
- inspisere celler periodisk
- overvake innsette mens dei arbeider, et og går turar, og patruljere anstaltområdet for å førebyggje fluktforsøk

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Fengselsbetjent
Fengselsaspirant

### 5163 *Vaktmeistrar o.l.*

Vaktmeistrar o.l. utfører førefallande vedlikehaldsoppgåver, held det reint og ordentleg og har ansvaret for teknisk drift i bustadhus, hotell, kontor, kyrkjer, idrettsanlegg o.a.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- vere med på reingjering, enklare reparasjonar og vedlikehald av bygningar innvendig
- sørgje for vedlikehald og rydding av tilhøyrande uteareal
- passe kjelar for varme- og varmvassanlegg
- sjå til at dei som bur i eller nyttar bygningar, ikkje forstyrrar eller misbruker eigedomen
- ha ansvar for avlåsing av bygningar
- utføre dagleg vedlikehald og ha ansvar for den tekniske drifta av idrettsanlegg

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Vaktmeister
Banemeister
Varmemeister (fyringsanlegg)
Kyrkjegardsarbeidar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Vektar 5164

### 5164 *Vektarar o.l.*

Vektarar har tilsyn med og står for kontroll av privat og offentleg eigedom. Vektartenestene kan delast inn i to hovudtypar: stasjonærteneste og mobilteneste. I tillegg utfører vektarane visse spesialtenester som t.d. verditransport. I den mobile tenesta tek vektaren kontrollrundar hjå kundar (abonnentar), og i den stasjonære tenesta held vektaren seg på ein og same stad heile vakta. Kontrollen kan forsterkast og lettast ved bruk av tekniske hjelpemiddel som fjernsynsskjermar, alarmar o.l.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- patruljere bygningar og område for å hindre tjuveri, vald, regelbrot eller anna ugreie
- vere med på verditransport
- kontrollere publikums tilgjenge til bygningar som resepsjonsvakt og eventuelt utføre enkelte sentralbordtenester

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Vektar
Tryggleiksvakt

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Vaktmeister 5163
Badevakt 5169

### 5169 *Anna tryggingspersonale*

Anna tryggingspersonale arbeider som livvakter, livreddarar eller skogvaktarar o.l.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- fungere som livvakt
- overvake strender og badeanlegg for å førebyggje ulykker og redde badande frå drukning
- patruljere naturreservat, vilthegn og skogsområde for å hindre tjuveri og drap av vilt

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Badevakt

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Politimann/politikvinne 3450
Museumsvakt 9152
Parkeringsvakt 9152

**Yrkesområde 52**

**Sals- og modellarbeid o.a.**
Sals- og modellarbeid o.a. inneber å demonstrere og selje varer i detaljhandel, grossisthandel eller liknande, i utsalsbuer og på marknader eller posere som modell for kunstnarleg arbeid og på framsyningar eller drive intervjuarbeid.

Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgrupper:
521 Mannekengar og andre modellar
522 Butikkmedarbeidarar, seljarar o.a.

**Yrkesgruppe 521**
Mannekengar og andre modellar

Yrke innanfor denne gruppa:
5210 Mannekengar og andre modellar

***5210 Mannekengar og andre modellar***
Mannekengar og andre modellar viser klede for sal eller poserer som modellar for reklame eller kunstnarleg arbeid.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- vise motekolleksjonar
- posere som modell ved kunstnarleg fotografering, skulpturarbeid eller måling
- posere som modell ved fotografering eller filming til reklameføremål

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Modell
Mannekeng
Fotomodell

**Yrkesgruppe 522**
Butikkmedarbeidarar, seljarar o.a.

Yrke innanfor denne gruppa:
5221 Butikkmedarbeidarar o.l.
5222 Blomedekoratørar
5223 Dør- og telefonseljarar
5224 Seljarar (en gros)
5225 Intervjuarar

***5221 Butikkmedarbeidarar o.l.***
Butikkmedarbeidarar o.l. demonstrerer og sel varer til kundar i detaljhandel.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- hente varer frå lager til butikk og stille dei ut
- gje opp prisar, kredittvilkår og rabattar
- pakke og ordne levering av varer når det trengst
- skrive rekning, faktura, innhaldsliste eller kvittering
- stadfeste kassekvittering dersom det er naudsynt
- demonstrere varer for å informere kundar om varene og korleis dei fungerer og for å stimulere interessa for å kjøpe

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Butikkmedarbeidar
Ekspeditør
Demonstrasjonsdame/demonstrasjonsmann (sal)
Buseljar
Marknadsseljar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Butikkasserar 4211
Billettseljar 4211

***5222 Blomedekoratørar***
Blomedekoratørar set saman blomar og planter som vert nytta til utsmykking e.l.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- setje opp bukettar, dekorasjonar, brurebukettar, kransar og samanplantingar
- dekorere selskaps- og møtelokale, pynte kyrkjer, festbord o.a. og lage plantearrangement til kontorlandskap
- rettleie kundar i val av blomar og korleis dei skal behandlast
- førebu sal, leggje til rette dekorasjonsunderlag, lage dekorasjonar med tørka blomar o.a.

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Blomedekoratør

***5223 Dør- og telefonseljarar***
Dør- og telefonseljarar sel varer og tenester for føretak ved å gå frå dør til dør eller ved å ringje.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- fortelje om ulike varer eller tenester og om salsvilkåra til føretaket, anten ved å gå frå dør til dør eller ved å ringje
- demonstrere varer ved å fortelje om eigenskapane deira eller vise korleis dei fungerer
- registrere mottekne ordrar og sende dei vidare til føretaket
- distribuere reklame eller leggje igjen prøver
- krevje inn avbetalingsratar når det trengst

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Dørseljar
Telefonseljar

***5224 Seljarar (en gros)***
Seljarar som sel varer eller tenester til butikkar eller andre detaljistar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- demonstrere varer og tenester for detaljistar og fortelje om salsvilkåra til føretaket
- gje opp prisar, kredittvilkår og rabattar
- pakke og ordne levering av varer eller tenester
- skrive rekningar

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Salssjåfør

***5225 Intervjuarar***

Intervjuarar samlar inn data som skal nyttast i statistikksamanheng eller til andre føremål, ved hjelp av spørjeskjema, og overleverer materialet til oppdragsgjevaren.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- avtale møte med privatpersonar og/eller føretak
- stå for utspørjing/intervju anten pr. telefon eller ved personleg frammøte

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Intervjuarar (opinionsundersøkingar)

# Yrkesfelt 6

**Yrke innanfor jordbruk, skogbruk og fiske**
Til dette feltet høyrer yrke som leier og utfører dyrkings- og innhaustingsarbeid i jordbruk, vedlikehald og avverking i skogbruk, dyrkings-, innhaustings- og anleggsarbeid i hagebruk og gartneri, oppdrett og røkt av dyr og fiske og fangst.

Dei fleste yrka innanfor dette yrkesfeltet krev kompetanse som svarar til 10-12 års skulegang.

Dette yrkesfeltet er delt inn i følgjande yrkesområde:
61 Yrke innanfor jordbruk
62 Yrke innanfor skogbruk
63 Yrke innanfor oppdrett av fisk o.l.
64 Yrke innanfor fiske og fangst

## Yrkesområde 61

**Yrke innanfor jordbruk**
Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgrupper:
611 Korn-, grønsak-, frukt- og bærprodusentar og gartneriarbeidarar
612 Husdyr-, egg- og mjølkeprodusentar o.l.
613 Plante- og husdyrprodusentar (kombinasjonsbruk)

### Yrkesgruppe 611
Korn, grønsak-, frukt- og bærprodusentar og gartneriarbeidarar

Yrke innanfor denne gruppa:
6111 Korn-, grønsak-, frukt- og bærprodusentar
6112 Gartneriarbeidarar

#### *6111 Korn-, grønsak-, frukt- og bærprodusentar*
Korn-, grønsak-, frukt- og bærprodusentar planlegg og gjer arbeidet som er naudsynt for å dyrke avling som kveite, ris, poteter, kål osv. og frukt, bær og nøtter for sal.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- avgjere kva sort eller kva mengd som skal haustast
- kjøpe frø, gjødsel osv.
- leige tilleggsjord eller drive med jordforbetring
- investere i bygningar, arbeidsdyr, maskineri og utstyr
- arbeide med jorda og dyrke, plante og hauste avling
- lagre og oppbevare produkt
- pleie og stelle arbeidsdyr, maskinar og utstyr
- levere og selje landbruksprodukt

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Gardbrukar (kornproduksjon)
Fruktprodusent

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Jordbærplukkar 9210

#### *6112 Gartneriarbeidarar*
Gartneriarbeidarar plantar og dyrkar grønsaker, tre, buskar, blomar og andre vekstar og produserer stiklingar, laukar og frø for sal.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- avgjere kva sort eller mengd som skal haustast
- kjøpe frø, gjødsel osv.
- leige tilleggsjord eller drive med jordforbetring
- investere i bygningar, maskineri og utstyr
- produsere plantar, lauk og frø
- dyrke blomar, tre, buskar og andre vekstar
- dyrke plantar til utstillingar og medisinsk bruk
- levere og selje produkt
- lagre og oppbevare produkt
- halde ved like maskinar og utstyr

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Gartnar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Soppsankar 9210
Anleggsgartnar 7129

### Yrkesgruppe 612
Husdyr-, egg- og mjølkeprodusentar o.l.

Yrke innanfor denne gruppa:
6121 Mjølke- og husdyrprodusentar
6122 Egg- og fjørfeprodusentar
6129 Andre dyreoppdrettarar og -røktarar

#### *6121 Mjølke- og husdyrprodusentar*
Mjølke- og husdyrprodusentar planlegg og gjer arbeid som er naudsynt for oppdrett og stell av husdyr som kyr, sauer, griser, geiter, hestar og rein for å nytte dei som arbeidsdyr og til veddeløp eller for å få mjølk, kjøt, skinn og andre produkt til sal.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- avgjere kva sort eller kva mengd som skal produserast
- kjøpe dyr, produsere og kjøpe fôr osv.
- leige eller drive beitemark
- investere i bygningar, maskineri og utstyr
- fôre, stelle og ha tilsyn med dyr
- mjølke kyr og klippe sauer
- gjere klar dyr og dyreprodukt til sal
- lagre og i noko omfang foredle produkt
- ha tilsyn med gardsbygningar, maskinar og utstyr
- levere og selje landbruksprodukt

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Oppdrettar (husdyrproduksjon)
Bonde (mjølkeproduksjon)

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Stallgut/-jente 9210

***6122 Egg- og fjørfeprodusentar***
Egg- og fjørfeprodusentar planlegg og gjer arbeid som er naudsynt i samband med oppdrett og stell av fjørfe, sal og levering av egg, kjøt og fjør til grossistar, marknadsorganisasjonar eller for sal på marknader.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- kjøpe kyllingar og produsere og kjøpe fôr
- leige eller investere i bygningar, maskineri og utstyr
- fôre, stelle og ha tilsyn med fjørfe og samle inn egg
- gjere klar fjørfe og fjørfeprodukt til sal
- lagre og i noko omfang foredle produkt
- ha tilsyn med gardsbygningar, maskinar og utstyr
- levere og selje produkt

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Bonde (fjørfe)

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Avdelingsleiar (landbruk) 1221

***6129 Andre dyreoppdrettarar og -røktarar***
Til dette yrket høyrer marknadsorienterte dyreoppdrettarar o.a. som ikkje er klassifiserte andre stader i yrkesgruppe 612. Her skal ein t.d. gruppere avl og oppdrett av ville pattedyr, fuglar, sniglar, ulike typar insekt og andre dyr som vert brukte i dyreforsøk og til sal. Her skal ein også klassifisere dei som steller eller trenar dyr i naturreservat, stall, dyrehagar, sirkus, forskingslaboratorium, dyrepensjonat eller liknande, driv oppdrett og stell av insekt som bier, silkeormar osv. for sal eller leverer honning, bivoks eller silkekokongar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- kjøpe eller setje opp påkravde bygningar, opne eller avgrensa innhegningar, utstyr osv. og halde dei ved like
- avgjere kva sort eller kva mengd dyr som skal avlast
- kjøpe dyr og produsere og kjøpe fôr
- fôre, stelle og ha tilsyn med dyr
- gjere klar dyr og dyreprodukt til sal
- lagre og i noko omfang foredle produkt
- verne dyr, særleg i dyrereservat
- trene dyr til kappløp, sirkusnummer og liknande
- levere og selje produkt

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Oppdrettar (pelsdyr)
Birøktar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Oppdrettar (husdyrproduksjon) 6121

**Yrkesgruppe 613**
Plante- og husdyrprodusentar (kombinasjonsbruk)

Yrke innanfor denne gruppa:
6130 Plante- og husdyrprodusentar (kombinasjonsbruk)

***6130 Plante- og husdyrprodusentar (kombinasjonsbruk)***
Plante- og husdyrprodusentar (kombinasjonsbruk) planlegg og gjer påkravd arbeid for å plante og dyrke grønsaker og buskar. Dei utfører også arbeid med oppdrett og stell og har tilsyn med ulike dyr som skal seljast.

I yrke 6111 vert berre kornprodusentar grupperte, og i yrke 6121 skal ein gruppere dei som berre driv med husdyr.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- avgjere kva sort eller kva mengd som skal produserast
- kjøpe fôr, frø, gjødsel osv.
- leige tilleggsjord eller drive med jordforbetring
- investere i bygningar, arbeidsdyr, maskineri og utstyr
- arbeide med jorda
- dyrke, plante og hauste frå tre og fruktbuskar
- leige eller drive beitemark og plante ulike vekstar
- fôre, stelle og ha tilsyn med dyr
- gjere klar dyr og dyreprodukt til sal
- lagre og i noko omfang foredle produkt
- ha tilsyn med maskinar og utstyr
- levere og selje produkt

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Bonde (kombinasjonsbruk)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Gardbrukar (kornproduksjon) 6111
Oppdrettar (husdyrproduksjon) 6121

**Yrkesområde 62**

**Yrke innanfor skogbruk**
Dette yrkesområdet omfattar følgjande yrkesgruppe:
621 Skogsarbeidarar o.l.

**Yrkesgruppe 621**
Skogsarbeidarar o.l.

Yrke innanfor denne gruppa:
6210 Skogsarbeidarar o.l.

***6210 Skogsarbeidarar o.l.***
Skogsarbeidarar o.l. planlegg og gjer arbeid som er påkravd for å kultivere og avverke skog og selje skogsprodukt.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- planleggje og ta vare på skogen
- avgjere kva tre eller kva mengd som skal fellast
- toppe, blinke og felle tre
- tilverke grove treprodukt direkte på fellingsplassen
- stable tømmerstokkar, leggje dei i tømmerrenner eller fløyte tømmeret
- halde vakt i skogen mot skogbrann og vere med i operasjonar for å få bukt med brann
- levere og selje skogsprodukt
- køyre traktor
- køyre rydde-, plante-, hauste- eller andre spesialmaskinar i skogbruket

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Skogbrukar
Skogsmaskinførar
Skogsarbeidar

## Yrkesområde 63

## Yrke innanfor oppdrett av fisk o.l.
Dette yrkesområdet omfattar følgjande yrkesgruppe:
631 Fiskeoppdrettarar o.l.

### Yrkesgruppe 631
Fiskeoppdrettarar o.l.

Yrke innanfor denne gruppa:
6310 Fiskeoppdrettarar o.l.

### *6310 Fiskeoppdrettarar o.l.*
Fiskeoppdrettarar o.l. utfører arbeid med oppdrett av fisk, musling, østers og andre former for levande dyr eller vekstar i vatn for å selje dei.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- leige eller investere i bygningar, anlegg, maskineri og utstyr
- kjøpe fôr og andre forsyningar
- fôre, stelle og ha tilsyn med fisk, musling, østers eller andre former for levande dyr eller vekstar i vatn
- gjere klar fisk og fiskeprodukt til sal
- ha tilsyn med maskinar og utstyr
- levere og selje fiskeprodukt

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Fiskeoppdrettar
Akvakulturarbeidar

## Yrkesområde 64

## Yrke innanfor fiske og fangst
Dette yrkesområdet omfattar følgjande yrkesgruppe:
641 Fiskarar og fangstfolk

### Yrkesgruppe 641
Fiskarar og fangstfolk

Yrke innanfor den gruppa:
6411 Fiskarar
6412 Fangstfolk

### *6411 Fiskarar*
Fiskarar fangar fisk, skaldyr o.l. for å selje dei eller samlar andre former for levande dyr eller vekstar som lever i vatn.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- ordne og reparere garn, not eller trål eller andre fiskarreiskapar
- manøvrere fiskefarty
- egne og dra line og garn
- samle ulike former av dyr og vekstar frå strand og grunnvassområde
- levere og selje fiskeprodukt
- fiske med garn, not, trål eller andre reiskapar
- reinse, fryse eller salte fiskefangst ute på havet eller på land

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Fiskeskipper (kyst)
Fiskar
Havfiskar
Notbas

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Fiskeindustriarbeidar 8271

### *6412 Fangstfolk*
Fangstfolk driv jakt og fangst på dyr og fuglar o.l. for å selje dei.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- setje saman og reparere feller og nett for å fange fuglar og dyr
- drive jakt på fuglar og dyr
- flå, reinse og handsame fuglar og dyr som skal seljast
- halde ved like fangstutstyret
- levere og selje produkt

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Fangstmann
Kvalfangar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Hjelpearbeidar (fiske) 9210

# Yrkesfelt 7

**Handverkarar o.l.**
Handverkarar o.l. nyttar kunnskapar og dugleik dei har innanfor områda byggje- og anleggsverksemd, utforming, tilpassing, vedlikehald og reparasjon av makineri, utstyr eller verkty, innstilling av maskinverkty, grafisk arbeid eller vidareforedling av matvarer, framstilling av tekstilar eller tre-, metall og andre artiklar, inkludert husflidsartiklar.

Hovudkriteriet for å verte klassifisert her er at arbeidet er utført med maskindrive/elektrisk drive verkty slik at framdrifta i dei ulike delane av produksjonsprosessen er styrd av yrkesutøvaren. Oppgåvene krev forståing for alle stadium i produksjonsprosessen, for materialar og verkty og for føremålet med og eigenskapane til produkta. Dette yrkesfeltet femner difor også om mange yrke som i Noreg ofte vert rekna som industriarbeid.

Dei fleste yrka i yrkesfelt 7 ligg under lov om fagopplæring og krev utdanning på nivå med vidaregåande skule. Det vil likevel vere personar som utøver desse yrka utan å ha fagbrev, men som har tileigna seg kompetanse innanfor arbeidsområdet gjennom lang røynsle i yrket eller ved opplæring innanfor bransje eller føretak.

*Merknader*:
Yrka skal klassifiserast i yrkesfelt 8 dersom arbeidet vert utført med større maskineri og/eller som enkeltoppgåver i lengre produksjonsliner.

Yrka skal klassifiserast i yrkesfelt 9 dersom arbeidsoppgåvene er enkle og rutineprega, hovudsakleg inneber bruk av handreiskapar og manuell kraft og ikkje krev meir enn maksimum 9-årig grunnskule.

Dette yrkesfeltet er delt inn i følgjande yrkesområde:

| | |
|---|---|
| 71 | Steinfag-, bygnings- og anleggsarbeidarar |
| 72 | Metall- og maskinarbeidarar, elektrikarar o.l. |
| 73 | Presisjonsarbeidarar, kunsthandverkarar, grafiske arbeidarar o.l. |
| 74 | Andre handverkarar og fagarbeidarar |

## Yrkesområde 71

**Steinfag-, bygnings- og anleggsarbeidarar**
Steinfag-, bygnings- og anleggsarbeidarar vinn ut og tilverkar mineral frå gruver eller dagbrot, formar og gjer klar stein til bygging eller andre føremål eller byggjer, held ved like og reparerer bygningar og andre byggverk.

Anleggsarbeidarar utfører arbeid som grunnarbeid for byggjebransjen, veg- og flyplassbygging, tunnelarbeid og damanlegg.

Arbeidsoppgåvene varierer frå fysisk krevjande arbeid og bruk av handdrive verkty til arbeidsoperasjonar ved hjelp av svært avanserte maskinar og teknikkar. Arbeidsoppgåvene går ofte føre seg utomhus eller inne i fjell og krev god fysikk, godt handlag og praktisk sans hjå utøvaren.

Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgrupper:

| | |
|---|---|
| 711 | Steinfagarbeidarar, steinhoggarar o.l. |
| 712 | Byggje- og anleggsarbeidarar |
| 713 | Bygningstekniske arbeidarar |
| 714 | Målarar, overflatebehandlarar, bygningsreingjerarar o.l. |

**Yrkesgruppe 711**
Steinfagarbeidarar, steinhoggarar o.l.

Yrke innanfor denne gruppa:
7110 Steinfagarbeidarar, steinhoggarar o.l.

***7110 Steinfagarbeidarar, steinhoggarar o.l.***
Steinfagarbeidarar, steinhoggarar o.l. vinn ut mineralske råstoff til vidareforedling og stein, pukk, grus og sand til byggje- og anleggsføremål.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- nytte boreutstyr, lasteutstyr, transportutstyr, knusarar og hjelpeutstyr for lading
- salvereinske og drive sikringarbeid
- drive tilkomstar, ortar og produksjonsstrosser under jord og brot og uttak i dagen
- byggje støtte for vegger og tak i underjordiske arbeid
- ta ut prøver av kol eller malm til laboratorieanalyse
- vinne ut granitt, kalkstein, skifer, flint eller annan stein frå steinbrot eller krit, grus eller sand frå opne tak
- drive kilar i stein for å dele opp i heller eller blokker
- sortere heller og blokker av granitt, marmor og annan stein
- dele, forme og gjere klar bygnings- og skulpturstein som granitt og marmor ved hjelp av hand eller handstyrt verkty
- lage mønster og merking på stein for saging, sliping, boring og anna ferdigstilling og deling
- gravere teikn, tal eller figurar på steinblokker som vert brukte til monument eller minnesteinar
- reise monument og minnesteinar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Steinbrotsarbeidar
Steinhoggar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Skulptør 2552
Betongvarearbeidar 8214

**Yrkesgruppe 712**
Byggje- og anleggsarbeidarar
Yrke innanfor denne gruppa:
7121 Murarar o.a.
7122 Betong- og grunnarbeidarar (bygg)
7123 Jernbindarar
7124 Forskalingssnikkarar
7125 Tømrarar
7126 Veg- og anleggsarbeidarar
7127 Tunnel- og fjellarbeidarar, sprengingsarbeidarar o.l.
7128 Stillasbyggjarar
7129 Anleggsgartnarar

***7121 Murarar o.a.***
Murarar o.a. murar grunnmurar, piper, peisar og vegger, kler fasadar med stein, held ved like bygningar og utfører flis- og natursteinarbeid.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- leggje murstein, skifer og liknande for å byggje eller reparere vegger, skiljevegger, eldstader, omnar, piper, støttemurar o.l.
- leggje gangvegar, kantstein og fortau med stein

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Murar
Fasadeoperatør (mur)

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Bruleggjar 7129

***7122 Betong- og grunnarbeidarar (bygg)***
Betong- og grunnarbeidarar (bygg) arbeider med fundament for bygg- og anleggskonstruksjonar, utfører grunnundersøkingar og byggjer opp golv eller støyper betongkonstruksjonar under ulike produksjonstilhøve.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- utføre grunnundersøkingar for å vurdere eigenskapane til jordarten med omsyn til stabilitet og telehiv
- byggje opp golv på grunn og lage fundament for bygg- og anleggskonstruksjonar etter teikningar
- utføre drenering og fuktisolering av bygningar og konstruksjonar
- støype betongkonstruksjonar under ulike produksjonstilhøve og med ulike metodar som vinterstøyping, støyping under vatn, sprøytestøyping, handsaming med vakuum, fasadebetong, støyping i glideformer, injisering av konstruksjonar, etterarbeid og rehabilitering av skadd betong
- kontrollere betong ved mottak på byggjeplassen

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Grunnarbeidar (bygg)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Betongindustriarbeidar 8214
Betongvarearbeidar 8214

***7123 Jernbindarar***
Jernbindarar arbeider med å leggje armeringsstål på plass i forskalinga for vegger, dekke, søyler, trapper, fundament osv. Jernbindarar arbeider både med prefabrikasjon og på byggjeplassen.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- lese alle slag armeringsteikningar og bøyelister og kunne utføre arbeidet etter teikningane
- vere med i forskalings-, betong- og grunnarbeid
- byggje stillas for byggje- og anleggsarbeid
- stå for tryggingstiltak i samband med arbeidet
- byggje salingar for grave- og planeringsarbeid

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Jernbindar

***7124 Forskalingssnikkarar***
Forskalingssnikkarar byggjer og monterer forskalingar, byggjer stillas for byggje- og anleggsarbeid og byggjer salingar for grave- og planeringsarbeid.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- forskale vegger, dekke, søyler, trapper og fundament etter teikningar
- byggje salingar for grave- og planeringsarbeid
- byggje stillas som vert nytta i byggje- og anleggsarbeid
- byggje buer i lett bindingsverk med enkel kledning
- vere med i armeringsarbeid og betong- og grunnarbeid

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Forskalingssnikkar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Snikkar 7421

***7125 Tømrarar***
Tømrarar monterer, byggjer, held ved like og reparerer forskjellige byggverk i tre.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- lage, tilpasse og reparere bygg- og anna treverk ved arbeidsbenk og på byggjeplass
- byggje og reise tyngre trestrukturar, t.d. hus
- tilpasse og montere fast inventar og utstyr laga av snikkarar, t.d. trapper, vegger, karmar, dører, vindauge og panel
- lage, reparere og tilpasse kulisser
- byggje, setje saman, endre og reparere treutstyr i togvogner, fly, båtar o.a.

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Bygningssnikkar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Snikkar 7421
Innreiingssnikkar 7421
Møbelsnikkar (handverksproduksjon) 7421

### *7126 Veg- og anleggsarbeidarar*
Veg- og anleggsarbeidarar arbeider med å byggje og halde ved like vegar og parkeringsplassar og gjere grunnarbeid for å setje opp bygningar o.l.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- grave grøfter
- leggje leidningar av betongelement eller plast
- grave ned og montere kummar
- byggje veglekam med dekke
- montere betongelement i grunn
- rette av røyr

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Grunnarbeidar (veg og anlegg)

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Betongarbeidar 7122

### *7127 Tunnel- og fjellarbeidarar, sprengingsarbeidarar o.l.*
Tunnel- og fjellarbeidarar og sprengingsarbeidarar o.l. nyttar og held ved like ulike slag bor og boreutstyr, skyt med sprengstoff og reinskar fjell både før og etter skyting.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- sikre og halde tryggingsprosedyrar og forskrifter
- bestemme plassering av naudsynte eksplosjonar og gje instruksar om boring av hol
- nytte og halde ved like ulike slag boreutstyr

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Tunnel- og fjellarbeidar
Skytebas
Ladar

### *7128 Stillasbyggjarar*
Stillasbyggjarar arbeider i ulike verksemder som bygg og anlegg, verkstader, mekanisk industri, oljeverksemd og industri knytt til oljeverksemd.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- transportere, montere og demontere alle slag stillas
- nytte taljer og vinsjar og dirigere kranar
- lære brukarane av stillaset vernereglar og rett bruk

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Stillasmontør
Stillasarbeidar

### *7129 Anleggsgartnarar*
Anleggsgartnarar arbeider opp parkanlegg o.l., byggjer mindre vegar og plassar, trapper, gjerde o.l. og plantar til og held ved like desse anlegga.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- arbeide opp og halde ved like hageanlegg, parkar, torg, kyrkjegardar og idrettsanlegg
- byggje og halde ved like mindre vegar og plassar, trapper, murar, gjerde o.l.
- utføre natursteinsarbeid i brustein, skifer, granitt o.l. og halde det ved like
- utføre og halde ved like plante- og vegetasjonsarbeid som omfattar trer, buskar, blomar og gras

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Anleggsgartnar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Gartnar 6112

## Yrkesgruppe 713
Bygningstekniske arbeidarar

Yrke innanfor denne gruppa:
7131 Taktekkjarar
7132 Isolatørar og kapslarar
7133 Glasarbeidarar
7134 Røyrleggjarar og VVS-montørar

### *7131 Taktekkjarar*
Taktekkjarar legg og reparerer tak med ulike typar materialar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- dekkje tak med skifer, takstein, asfalt, metallplater eller andre tekkingsmaterialar
- restaurere og rehabilitere tak på eldre hus
- tette tak med ulike slag materialar

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Taktekkjar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Blekkslagar 7213

### *7132 Isolatørar og kapslarar*
Isolatørar og kapslarar fører på eller monterer og reparerer isolasjonsmateriale i bygningar, kjelar, piper eller kjøle- og klimaanlegg.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- setje i plater av varme- og lydisolerande materiale i vegger, golv og tak
- blåse og pakke isolasjonsmateriale inn i holrom i vegger, golv og tak i bygningar
- føre på isolasjonsmateriale på eksponerte flater på piper, kjelar og tankar
- isolere kjøle- og klimautstyr

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Isolatør
Kapslar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Blekkslagar 7213

***7133 Glasarbeidarar***
Glasarbeidarar kuttar, tilpassar og monterer glas i vindauge, dører, butikkruter og andre rammer.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- velje glasruter, skjere dei etter mål og feste dei i vindauge, dører og bygnings- og fasadeelement
- montere glas i overlysruter
- installere glas i butikkvindauge, utstillingar, svingdører og portar
- skjere, montere og installere glas i bly- eller massinginnfatning for å lage dekorative vinduauge og panel
- montere glas i transportmiddel

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Glasmeister
Blyglasmeister

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Operatør (glasproduksjon) 8132
Glasblåsar 7322

***7134 Røyrleggjarar og VVS-montørar***
Røyrleggjarar og VVS-montørar set saman, tilpassar, installerer og reparerer sanitæranlegg eller røyr og røyrleidningsystem.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- kutte, trekkje, bøye, kople, setje saman, installere, halde ved like og reparere røyr, koplingar og utstyr for vatn, varme, sanitær, luft og brannsløkkings- og kjøleanlegg
- installere, halde ved like og reparere røyrleidningsystem i skip, fly, bygningar, industrianlegg osv.
- leggje betong- eller støypejernsrøyr i grøfter for kloakk, avløp eller vassforsyning

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Røyrleggjar (VVS)
Industrirøyrleggjar
Kuldemontør

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Blekkslagar 7213

**Yrkesgruppe 714**
Målarar, overflatebehandlarar, bygningsreingjerarar o.l.

Yrke innanfor denne gruppa:
7141 Målarar og byggtapetserarar
7142 Overflatebehandlarar og lakkerarar
7143 Sandblåsarar o.l.
7144 Feiarar

***7141 Målarar og byggtapetserarar***
Målarar og byggtapetserarar forbehandlar overflater på bygningar o.a., fører på vernande og dekorativt dekke av måling eller anna materiale eller dekkjer innvendige flater med tapet eller anna materiale.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- reingjere og førebu flater for måling, tapetsering o.l.
- føre på måling, lakk og tilsvarande på overflater, tilhøyr og utstyr til bygningar
- føre på tapet eller anna materiale på innvendige vegger og tak i bygningar, skip o.l.
- leggje golvbelegg som linoleum, teppe o.l.

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Målar
Byggtapetserar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Keramisk dekoratør 8131

***7142 Overflatebehandlarar og lakkerarar***
Overflatebehandlarar og lakkerarar fører på dekkmåling, -lakk eller -emalje på metall-, tre- eller andre industrivarer.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- føre på lakk eller anna vernebelegg på bilar og andre køyrety
- vurdere konstruksjon, gjere klar og forbehandle konstruksjonar
- føre på vernebelegg som måling, lakk eller emalje på metall-, tre- eller andre industrivarer

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Billakkerar
Møbellakkerar
Industrilakkerar
Galvanisør

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Målar 7141
Keramisk dekoratør 8131
Operatør (måling- og lakkproduksjon) 8225

***7143 Sandblåsarar o.l.***
Sandblåsarar o.l. gjer klar og reingjer ulike konstruksjonar eller fasadar på bygningar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- reingjere utvendige fasadar av stein, mur, metall eller liknande materialar ved hjelp av kjemikal, høgtrykkspyling eller sandblåsing

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Sandblåsar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Renovasjonsarbeidar 9160

### *7144 Feiarar*
Feiarar arbeider med brannførebyggjande tiltak og førebyggjande tiltak mot avgassutslepp frå oppvarming innanfor industri og bustad.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- feie kanalar, skorsteinar, eldstader og ventilasjonsanlegg
- utføre røykgassmålingar, innjustering og analysar av fyringsanlegg og eldstader
- kontrollere og inspisere i samsvar med regelverk

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Feiarmeister
Feiarsvein

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Renovasjonsarbeidar 9160

## Yrkesområde 72

## Metall- og maskinarbeidarar, elektrikarar o.l.
Desse yrkesutøvarane formar metall ved å støype, sveise o.l. Dei byggjer, held ved like og reparerer tunge metallbyggverk, er med i innstilling, tilpassing, vedlikehald og reparasjon av maskinar og køyrety, elektrisk og elektronisk utstyr eller lagar verkty og andre varer av uedle metall.

Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgrupper:
721 Støyparar, sveisarar, platearbeidarar o.l.
722 Smedar, børsemakarar, låsesmedar o.l.
723 Mekanikarar
724 Elektrikarar, elektronikarar o.l.

### Yrkesgruppe 721
Støyparar, sveisarar, platearbeidarar o.l.

Yrke innanfor denne gruppa:
7211 Støyparar
7212 Sveisarar
7213 Kopar- og blekkslagarar
7214 Platearbeidarar
7215 Riggarar og spleisarar
7216 Dykkarar
7217 Bilskadereparatørar

### *7211 Støyparar*
Støyparar lagar former og kjernar for støyping av metall.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- lage former for hand eller ved hjelp av maskinar ved ein benk for mindre støypearbeid, på støyperigolv eller i byggjegroper for større arbeid
- lage kjernar til bruk i metallstøyping
- smelte og støype metall

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Formar
Kjernemakar
Støypar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Smed 7221
Metallformar 8122
Pressverkoperatør 8122

### *7212 Sveisarar*
Sveisarar nyttar gassflamme, elektrisk boge eller andre varmekjelder for å smelte og dele eller smelte og føye saman metall.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- sveise metalldelar ved hjelp av gassflamme, elektrisk boge eller andre metodar
- nytte motstandsmaskinar
- nytte blåselampe til å lage og reparere blyforingar, røyr og anna blyutstyr
- lodde metalldelar
- kutte metalldelar ved hjelp av gassflamme eller elektrisk boge
- føye saman metalldelar ved handlodding

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Sveisar
Gassveisar
NDT-kontrollør

### *7213 Kopar- og blekkslagarar*
Kopar- og blekkslagarar lagar, installerer og reparerer gjenstandar og delar av plater av stål, kopar, tinn, messing, aluminium eller galvanisert jern.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- merkje metallplater for kutting og forming
- lage og reparere tankar, kjelar o.l.
- lage og reparere takrenner, pipebeslag o.l.

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Blikkenslagarmeister
Ventilasjonsmontør

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Platearbeidar 7214
Bilopprettar 7217
Taktekkjar 7131

### *7214 Platearbeidarar*
Platearbeidarar lagar, set saman og reiser tunge metallbjelkar og kler dei med metallplater til strukturar og byggverk.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- merkje metalldelar som rettleiing for å bore, skjere og forme dei til bruk i bygningar, skip og andre byggverk
- bore, skjere og forme strukturstål i verkstad

- reise ståldelar for bygningar, bruer og andre konstruksjonar
- setje saman og reise rammeverk og andre metalldelar i skipsstrukturar
- forme og tilpasse stålplater på skip under bygging eller reparasjon
- klinke strukturdelar for hand, pneumatisk eller med klinkemaskin

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Tynnplatearbeidar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Blekkslagar 7213

### *7215 Riggarar og spleisarar*
Riggarar og spleisarar reiser utstyr for lyfting og buksering eller installerer og held ved like kjettingar, tau og vaierar på byggjeplassar, skip, olje- og gassborefelt o.l.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- setje opp forskjellige heisar, kabelbanar, taubanar, mobile plattformer, lyfteutstyr o.a. for å flytte folk, materialar og utstyr
- setje saman, reparere og tilpasse feste til vaierar, lyftestropper og kjettingar
- installere og reparere tau, vaierar og kjettingar
- reise og reparere riggar for vass-, olje- og gassboring og installere kjettingar og heise- og boreutstyr
- vere med på kabelmontering ved bygging av hengebruer

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Riggar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Stillasbyggjar 7128

### *7216 Dykkarar*
Dykkarar jobbar under vatn for å inspisere, installere, reparere og fjerne utstyr og byggverk eller overvaker eller leier slikt arbeid.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- byggje og reparere bru-, bryggje- og kaifundament
- inspisere skadar og utføre mindre reparasjonar på skipsskrog og undervassinstallasjonar
- fjerne hindringar under vatn
- bore hol for sprenging under vatn
- overvake eller leie slikt arbeid

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Anleggsdykkar
Klokkedykkar
Kammeroperatør

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Redningsdykkar 5161

### *7217 Bilskadereparatørar*
Bilskadereparatørar byggjer og reparerer karosseri og liknande på køyrety.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- montere og reparere platedelar på køyrety
- montere og demontere karosseridelar
- rette opp og fastsetje posisjon på einingane i høve til vater og lodd
- montere glas og vindauge med lister og forsegling
- reparere og halde ved like hjuloppheng og lysanlegg

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Karosserimakar
Biloppretter

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Billakkerar 7142

## Yrkesgruppe 722
Smedar, børsemakarar, låsesmedar o.l.

Yrke innanfor denne gruppa:
7221 Smedar
7222 Børsemakarar, låsesmedar o.l.

### *7221 Smedar*
Smedar trekkjer tråd, hamrar og smir stenger, stavar, barrar og plater av jern, stål eller anna metall for å lage og reparere forskjellig verkty, gjenstandar eller delar til utstyr o.l.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- varme metall i smie og lage og reparere gjenstandar ved trekking, bøying, kapping, hamring, samanføying og herding
- lage smijernsgjenstandar vha. open eller lukka fallhammar eller presse
- trekkje tråd

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Vognsmed
Hovslagar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Gullsmed 7313
Sølvsmed 7313

### *7222 Børsemakarar, låsesmedar o.l.*
Børsemakarar, låsesmedar o.l. lagar og reparerer verkty, skytevåpen, låsar, stempel og andre metallartiklar og lagar motorar eller maskinkomponentar og -delar, for hand eller med maskindrive verkty.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- lage, halde ved like og reparere stempel, mål og faste delar
- lage motorar eller maskinkomponentar og -delar
- tilpasse og montere delar til stempel

- lage, reparere og modifisere skytevåpen og andre små våpen
- lage, tilpasse, setje saman, reparere og montere låsar og delar til låsar
- lage og reparere metallmønster for støypeformer
- teikne liner og referansepunkt på metallemne som rettleiing til andre arbeidarar som deler, dreier og formar metall på andre måtar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Låsesmed
Børsemakar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Smed 7221

**Yrkesgruppe 723**
Mekanikarar

Yrke innanfor denne gruppa:
7231 Bilmekanikarar
7232 Mekanikarar innanfor flytekniske fag
7233 Landbruks- og anleggsmaskinmekanikarar
7234 Motormekanikarar
7235 Automatikkmekanikarar
7236 Finmekanikarar
7237 Industrimekanikarar

***7231 Bilmekanikarar***
Bilmekanikarar tilpassar, installerer, held ved like og reparerer motorar og mekanisk utstyr på motorsyklar, personbilar, lastebilar og andre motorkøyrety.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- tilpasse, undersøkje og teste motorar
- byte motorkomponentar eller heile motorar
- tilpasse, feilsøkje, justere, demontere, byggje opp att og byte ut defekte delar
- installere eller justere motorar og bremser og justere styring og andre mekaniske/hydrauliske delar på motorkøyrety

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Bilmekanikar
Reparatør (lette køyrety)
Reparatør (tunge køyrety)
Motorsykkelreparatør

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Motormekanikar 7234
Bilopprettar 7217

***7232 Mekanikarar innanfor flytekniske fag***
Mekanikarar innanfor flytekniske fag reparerer, held ved like og skifter delar i motor, kabin, mekanisk utstyr, struktur (venger, stabilisatorar) og mekaniske installasjonar på luftfarty.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- feilsøkje, teste og halde ved like flymotorar
- montere og sluttprøve komponentar i mekanisk utstyr
- halde ved like strukturen til luftfartyet
- byte ut, justere og prøve fast monterte mekaniske installasjonar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Flymotormekanikar
Flystrukturmekanikar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Motormekanikar 7234
Flysystemavionikar 7241
Flykomponentavionikar 7241

***7233 Landbruks- og anleggsmaskinmekanikarar***
Landbruks- og anleggsmaskinmekanikarar tilpassar, installerer, feilsøkjer og reparerer motorar (ikkje motorsykkel, bil- og flymotorar), landbruks-, anleggs- og industrimaskinar og mekanisk utstyr.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- tilpasse, installere, halde ved like motorar, landbruks- og industrimaskinar og mekanisk utstyr
- smørje motorar, maskinar og køyrety
- inspisere og teste nytt maskineri og mekanisk utstyr med omsyn til samsvar med standardar og spesifikasjonar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Landbruksmaskinmekanikar
Anleggsmaskinreparatør

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Bilmekanikar 7231
Motormekanikar 7234

***7234 Motormekanikarar***
Motormekanikarar arbeider innanfor verksemder som reparerer og held ved like mobile og stasjonære forbrenningsmotorar og drivverk, t.d. på båtar, verft og motorverkstader.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- reparere og halde ved like drivverk, aggregat og hydrauliske, pneumatiske og elektriske anlegg på mobile og stasjonære forbrenningsmotorar og drivverk
- bruke tilgjengeleg datateknologi til å løyse oppgåver som å lage arbeidsordrar, finne rett delenummer og ta seg av kunderegister
- ha direkte kontakt med kunden når ein utfører oppdrag

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Motormekanikar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Bilmekanikar 7231
Flymotormekanikar 7232

### *7235 Automatikkmekanikarar*
Automatikkmekanikarar installerer elektriske kablar og styrings- og reguleringsutstyr i automatiske maskinar og automatisk utstyr.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- halde ved like, reparere og kontrollere ulike maskinar og automatiseringsutstyr
- utføre ombygging og montasje i automatiserte prosessar, maskinar og anlegg
- byggje om og modernisere produksjonsutstyr og i nokon grad konstruere nytt utstyr

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Automatiseringsmekanikar
Automatiseringsmontør

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Anleggsmaskinmekanikar 7233
Industrimekanikar 7237

### *7236 Finmekanikarar*
Finmekanikarar monterer og reparerer apparat, instrument og finmekanisk utstyr. Vidare lagar ein finmekanikar i nokon grad utstyr og byggjer om abeidsreiskapar/hjelpemiddel.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- tilpasse maskinar og mekaniske delar
- ta seg av og halde ved like sponfråskiljande maskindrive verkty
- dreie, frese og sveise
- operere ved hjelp av moderne maskindrive verkty

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Finmekanikar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Motormekanikar 7234
Automatikkmekanikar 7235

### *7237 Industrimekanikarar*
Industrimekanikarar lagar, monterer og reparerer maskinar og anna mekanisk utstyr. Dette skjer ved hjelp av verktymaskinar og ulike metodar for samanføying.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- lage, montere og reparere maskinar og anna mekanisk utstyr
- halde ved like og reparere produksjonsutstyret til føretaket
- byggje og installere produksjonsanlegg og drive service og vedlikehald av dette anlegget
- bruke maskindrive verkty

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Industrimekanikar
Riggmekanikar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Bilmekanikar 7231
Motormekanikar 7234

## Yrkesgruppe 724
Elektrikarar, elektronikarar o.l.

Yrke innanfor denne gruppa:
7241 Elektrikarar, elektronikarar o.l.
7242 Service- og telemontørar
7243 Automatikarar, tavlemontørar, viklarar og transformatormontørar
7244 Energimontørar

### *7241 Elektrikarar, elektronikarar o.l.*
Elektrikarar, elektronikarar o.l. set saman, justerer, installerer og reparerer elektrisk maskineri og elektriske apparat og utstyr i bygg, fabrikkar, verkstader, bilar, fly o.a.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- setje saman, justere og reparere forskjellige elektriske maskinar og motorar, generatorar, girvekslarar, instrument og kontrollapparat eller elektriske komponentar til heisar og liknande
- setje saman, justere og reparere elektriske delar i hushaldsapparat, industrimaskinar til eller elektriske apparat i fly, skip og køyrety
- installere, halde ved like og reparere opne og innebygde elektriske leidningsnett og tilhøyrande utstyr som sikringar, brytarar, kontaktar, koplingsboksar osv. i bygningar
- utføre installasjon, montasje, samankopling, justering og regulering av elektrisk utstyr for bestemte føremål innanfor eit visst område etter forskriftene
- feilsøkje og utbetre feil på elektrisk anlegg/utstyr

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Elektroreparatør
Heismontør
Flykomponentavionikar
Elektrikar

### *7242 Service- og telemontørar*
Service- og telemontørar produserer, reparerer og justerer elektronisk utstyr som t.d. audio-,video-, fjernsyns-, tele- og datakommunikasjonsutstyr, medisinsk elektronisk utstyr, radar, data- og kontorteknisk utstyr og kontroll-, alarm- og styringsutstyr og installerer og reparerer telefon- og telegrafutstyr.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- justere, reparere og montere datamaskinar, lyd- og biletsendarar, radarutstyr, elektroniske komponentar i musikkinstrument, medisinsk og industrielt utstyr og signalsystem
- inspisere og teste elektronisk utstyr
- feilsøkje radio og fjernsynsutstyr, lyd- og videospelarar, byte ut defekte delar og utføre reparasjonar og justeringar
- installere og reparere telegraf- og telefonutstyr i sentralar eller hjå individuelle brukarar

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Radio- og TV-reparatør

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Produksjonselektronikar 8282

### *7243 Automatikarar, tavlemontørar, viklarar og transformatormontørar*

Automatikarar, tavlemontørar, viklarar og transformatormontørar held ved like, kontrollerer og reparerer forskjellige slag måle-, styre- og reguleringssystem, installerer og held ved like utstyr i det offentlege og private telenettet, lagar viklingar og gjer vedlikehaldsarbeid på motorar, generatorar og transformatorar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- byggje om eller reparere styre- og reguleringssystem i automatiserte prosessar, maskinar og anlegg
- byggje styreskåp, tavler og pultar
- lage og isolere viklingar for krafttransformatorar, motorar og generatorar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Automatikar
Tavlemontør
Viklar
Transformatormontør

Eksempel på yrkerstittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Kommunikasjonsmontør 7242

### *7244 Energimontørar*

Energimontørar monterer, held ved like og reparerer låg- og høgspenningsluftliner, kabelanlegg og fordelingsanlegg. Energimontørar monterer også utstyr i stasjonsanlegg med bl.a. ansvar for tilhøyrande fjernstyringsanlegg.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- installere, montere, kople saman, justere og regulere elektrisk utstyr
- byggje, reparere og halde ved like kraftleidningar og kabelanlegg
- utbetre feil på elektriske anlegg

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Elverksmontør gruppe A+B
Linemontør

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Elektrikar 7241
Energioperatør 8161

## Yrkesområde 73

## Presisjonsarbeidarar, kunsthandverkarar, grafiske arbeidarar o.l.

Presisjonsarbeidarar, kunsthandverkarar, grafiske arbeidarar o.l. lagar og reparerer presisjonsinstrument, musikkinstrument, smykke, forskjellige gjenstandar i edelmetall, keramikk, porselen og glas, så vel som handarbeid av tre, tekstil, pelsskinn o.l. og arbeid med trykking, innbinding, fotografering og teknisk teikning.

Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgrupper:

| | |
|---|---|
| 731 | Presisjonsarbeidarar i metall o.a. |
| 732 | Keramikarar, glashandverkarar o.l. |
| 733 | Kunsthandverkarar i tre, tekstilar, lêr o.l. |
| 734 | Grafikarar, fotografar o.l. |
| 735 | Tekniske teiknarar |

## Yrkesgruppe 731

Presisjonsarbeidarar i metall o.a.

Yrke innanfor denne gruppa:

| | |
|---|---|
| 7311 | Instrumentmakarar og -reparatørar |
| 7312 | Musikkinstrumentmakarar og -stemmarar |
| 7313 | Gull- og sølvsmedar, gravørar o.l. |

### *7311 Instrumentmakarar og -reparatørar*

Instrumentmakarar og -reparatørar lagar og reparerer mekaniske klokker og ur og nautiske, meteorologiske, optiske, kirurgiske, ortopediske og andre instrument og utstyr.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- lage, justere og reparere mekaniske klokker og ur
- lage, justere og reparere nautiske og meteorologiske instrument
- lage, justere og reparere optiske instrument
- lage, justere og reparere kirurgiske instrument
- lage og reparere protesar og innretningar innanfor medisin, ortopedi og tannhelse

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Urmakar
Ortopediteknikar
Tannteknikar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Optikar 3224

### *7312 Musikkinstrumentmakarar og -stemmarar*

Musikkinstrumentmakarar og -stemmarar lagar, reparerer og stemmer strenge-, blåse- og slagverksinstrument.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- lage og reparere trekkspel og strenge- og blåseinstrument
- lage delar og byggje og reparere orgel
- lage delar til piano og montere og reparere dei
- stemme orgel, piano og andre instrument
- lage og reparere andre instrument

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Musikkinstrumentmakar
Orgelbyggjar
Pianostemmar

### *7313 Gull- og sølvsmedar, gravørar o.l.*

Gull- og sølvsmedar, gravørar o.l. lagar og reparerer smykke og gjenstandar i edelmetall, sliper og monterer edelsteinar og graverer mønster på smykke og gjenstandar i edelmetall.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- støype smykke og andre edelmetallgjenstandar for hand
- lage komplette smykke som ringar, kjede, armband og brosjer
- dele og slipe edelsteinar og montere dei i smykke
- lage og reparere gjenstandar i edelmetall
- valse og hamre edelmetall
- gravere mønster i smykke og gjentandar i edelmetall

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Gullsmed
Sølvsmed
Gravør

### Yrkesgruppe 732

Keramikarar, glashandverkarar o.l.

Yrke innanfor denne gruppa:
7321 Keramikarar og pottemakarar
7322 Glashandverkarar

### *7321 Keramikarar og pottemakarar*

Keramikarar og pottemakarar lagar gjenstandar i keramikk, porselen, tegl og eldfast stein.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- lage gjenstandar i keramikk og porselen
- lage støypeformer i leire eller gips
- forme gjenstandar på dreieskive eller med formingsverkty
- forme gjenstandar ved å støype blaut leire i gipsformer
- handlage byggjesteinar med spesiell form
- handlage gjenstandar ved å presse blaut leire i støypeformer
- operere skruepresse eller hydraulisk presse for å lage produkt av leire
- operere maskin som formar våt leire til vidare arbeid
- lage slipeskiver ved støyping og pressing av slipemasse

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Pottemakar
Keramikar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Keramisk formar 8131
Industrikeramikar 8131

### *7322 Glashandverkarar*

Glashandverkarar blæs og formar gjenstandar frå smelta glas og graverer mønster på glasgjenstandar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- forme smelta glas med blåserøyr, handforming, varming og bøying
- varme, forme og presse optisk glas for å lage linseemne
- gravere monogram og ornament på glasgjenstandar
- gravere dekor, kalibreringsmerke og anna på glasgjenstandar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Glasblåsar
Glasblåsemeister

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Glasmeister 7133

### Yrkesgruppe 733

Kunsthandverkarar i tre, tekstilar, lêr o.l.

Yrke innanfor denne gruppa:
7331 Kunsthandverkarar i tre o.l.
7332 Kunsthandverkarar i tekstilar, lêr o.l.

### *7331 Kunsthandverkarar i tre o.l.*

Kunsthandverkarar i tre o.l. bruker tradisjonelle metodar for å preparere materialane og lagar forskjellige gjenstandar til personleg bruk eller hushaldsbruk eller til dekorasjonsføremål.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- preparere tre, halm, bambus, stein, skjel o.l. materialar
- skjere ut, setje saman, veve, måle og dekorere forskjellige gjenstandar til personleg bruk eller hushaldsbruk
- skjere ut, setje saman, veve og måle forskjellige dekorasjonsgjenstandar som skulpturar, sjakkbrikker, smykke o.l.

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Treskjerar

### *7332 Kunsthandverkarar i tekstilar, lêr o.l.*
Kunsthandverkarar i tekstilar, lêr o.l. bruker tradisjonelle teknikkar og mønster for å lage vovne, strikka og broderte plagg og gjenstandar til personleg bruk eller hushaldsbruk og tradisjonelt fotty, handvesker, belte og anna som høyrer til.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- spinne og farge ull, bomull og andre fibrar
- strikke, veve, brodere og lage kniplingar
- lage og farge forheng med naturlege fargar
- lage tradisjonelt fotty, vesker, belte og anna som høyrer til

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Duodji

## Yrkesgruppe 734
Grafikarar, fotografar o.l.

Yrke innanfor denne gruppa:
7341 Grafikarar (førtrykk) o.l.
7342 Fotografar

### *7341 Grafikarar (førtrykk) o.l.*
Grafikarar (førtrykk) o.l. utfører arbeidsoppgåver innanfor biletframstilling og retusj, formframstilling og grafikk, satsframstilling, ombrekking, framstilling av trykkformer, montasje og utskyting. Produksjonsforma er ofte digital, og sjølve produktet kan vere papirbasert eller ein digital informasjonsberar som t.d. CD-ROM, elektroniske annonsar og presentasjonar på Internett.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- kontrollere materiell for reproduksjon, kvalitetssikre og fastsetje vidare arbeidsprosess
- drive med grafisk utforming og utarbeide typografisk utkast
- rekne ut sats
- utforme og produsere grafikk
- framstille strek, halvtone rasterbilete og utføre separasjon av 4-fargar ved hjelp av mekanisk eller elektronisk utstyr (f.eks. skannarar, kamera osv.)
- utføre elektronisk handsaming av bilete og retusj
- kontrollere fargeseparasjonar ved fotomekanisk eller digitalt prøvetrykk
- stå for kvalitetssikring ved elektronisk handsaming av bilete og fargeseparasjon, Colour Management
- arbeide med sidemontasje, utskyting, manuelt eller elektronisk
- lage trykkformer for papirbaserte og digitale informasjonsberarar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Grafikar (førtrykk) o.l.
Typograf
Repromontør
Reproteknikar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Grafisk trykkjar 8251
Grafikar (kunstnar) 2552

### *7342 Fotografar*
Fotografar tek portrettfotografi og fotografi for presse, reklame osv., framkallar fotografisk film og lagar ferdige kopiar og lysbilete.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- ta portrettfotografi
- ta bilete for presseannonsar og industrielle eller vitskaplege føremål
- framkalle svart-kvitt- eller fargefilm og plater for å lage negativar eller positive lysbilete
- kopiere svart-kvitt- eller fargefotografi

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Fotograf
Pressefotograf
Portrettfotograf
Reklamefotograf

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Filmfotograf 3131
Grafikar (førtrykk) 7341
Retusjør 7341

## Yrkesgruppe 735
Tekniske teiknarar

Yrke innanfor denne gruppa:
7350 Tekniske teiknarar

### *7350 Tekniske teiknarar*
Tekniske teiknarar utarbeider kart, tekniske teikningar og illustrasjonar frå skisser, målingar og andre data og kopierer teikningar og målingar til trykkplater.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- førebu og revidere arbeidsteikningar frå skisser og spesifikasjonar tilrettelagde av ingeniørar og formgjevarar
- nytte datastyrt teikneutstyr for å skape, endre eller lagre papirkopiar eller digitalvariantar av arbeidsteikningar
- styre digitaliseringsbord eller tilsvarande utstyr for overføring av papirkopiar av arbeidsteikningar, kart og anna til digital form
- nytte instrument for å fange topografiske data i analog eller digital form og nytte desse og andre data til å lage eller revidere topografiske, hydrografiske og andre tematiske kart

- lage og revidere illustrasjonar for referansearbeid, brosjyrar og tekniske handbøker som handlar om montering og reparasjon o.l. av maskinar og anna utstyr

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Teknisk teiknar
Kartteiknar

## Yrkesområde 74

### Andre handverkarar og fagarbeidarar

Andre handverkarar og fagarbeidarar lagar matvarer av råvarer frå landbruk og fiskeri og lagar og reparerer varer av tre, tekstilar, pelsskinn, lêr eller andre materialar.

Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgrupper:
741 Slaktarar, bakarar og liknande yrke innanfor næringsmiddelproduksjon
742 Snikkarar, trebehandlarar o.l.
743 Handverkarar innanfor tekstilar, klede o.a.
744 Handverkarar i skinn og lêr o.a.
745 Laborantar

### Yrkesgruppe 741

Slaktarar, bakarar og liknande yrke innanfor næringsmiddelproduksjon

Yrke innanfor denne gruppa:
7411 Slaktarar, fiskehandlarar o.l.
7412 Bakarar og konditorar
7413 Prøvesmakarar og kvalitetsdommarar for mat og drikke
7419 Andre handverkarar innanfor næringsmiddelproduksjon

#### *7411 Slaktarar, fiskehandlarar o.l.*

Slaktarar, fiskehandlarar o.l. slaktar dyr, avlivar fisk, reinsar, deler og lagar til kjøt, fisk og andre matvarer og konserverer matvarer ved tørking, salting og røyking.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- slakte dyr og flå og skjere til slakteskrottar
- dele og lage til kjøt og fisk til sal eller vidareforedling
- lage ferdig ingrediensar og lage pølser o.l. ved bruk av enkle hakke-, blande- og formingsmaskinar
- krydre kjøt, fisk og andre matvarer
- nytte røykomnar til kjøt, fisk og andre matvarer
- koke eller på andre måtar lage til fisk og andre matvarer til sal

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Slaktar
Pølsemakar
Fiskehandlar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Fiskar 6411
Oppdrettar (husdyrproduksjon) 6121

#### *7412 Bakarar og konditorar*

Bakarar og konditorar lagar forskjellige sortar brød, kaker og andre bakevarer og handlaga sjokolade og konfekt.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- bake brød, kaker, kjeks, paiar og anna bakverk
- handlage konfekt av sukker- og sjokoladeblandingar ved hjelp av verkty og noko maskineri

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Bakar
Konditor

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Kokk 5122

#### *7413 Prøvesmakarar og kvalitetsdommarar for mat og drikke*

Prøvesmakarar og kvalitetsdommarar smakar på og vurderer mat og drikke.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- inspisere, teste og smake på mat og drikke på ulike produksjonsstadium for å gradere kvalitet i høvelege klassar.

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Kvalitetsdommar
Smakar

#### *7419 Andre handverkarar innanfor næringsmiddelproduksjon*

Andre handverkarar innanfor næringsmiddelproduksjon lagar meieriprodukt etter gammal handverkstradisjon, konserverer frukt, nøtter o.l. etter handverksmetodar eller utfører andre handverksfag innanfor næringsmiddelproduksjon og preparerer og lagar forskjellige tobakksprodukt for hand.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- koke mjølk, separere fløyte og kinne smør
- yste, skilje ut myse og forme ost
- trekkje ut saft frå forskjellige frukter
- trekkje ut olje frå oljeberande frø, nøtter eller frukter
- koke, salte eller tørke frukt og grønsaker
- lage sigarar, sigarettar, snus og andre tobakksprodukt for hand eller med enkle maskinar
- utføre anna handverk innanfor næringsmiddelproduksjon

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Heimeprodusent av meieriprodukt
Sigarmakar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Operatør av maskinar for vidare arbeid med frukt, grønsaker og nøtter 8276

**Yrkesgruppe 742**
Snikkarar, trebehandlarar o.l.

Yrke innanfor denne gruppa:
7421 Snikkarar
7422 Trebåtbyggjarar
7423 Korgmakarar o.l.

***7421 Snikkarar***
Snikkarar nyttar verkty og trearbeidsmaskinar til å lage, dekorere og reparere tremøbel, innreiingar, modellar og utstyr av tre.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- lage møbel og innreiingar som dører, vindauge, trapper og kjøkkeninnreiingar
- reparere møbel
- montere og installere dører, vindauge og innreiingar
- lage tregjenstandar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Snikkar
Møbelsnikkar (handverksproduksjon)
Innreiingssnikkar (handverksproduksjon)
Bøkkar
Skimakar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Tømrar 7125

***7422 Trebåtbyggjarar***
Trebåtbyggjarar byggjer, reparerer og restaurerer trebåtar og innreier lugarar og styrhus.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- byggje bruks- og lystbåtar
- restaurere og reparere trebåtar
- montere innreiing

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Trebåtbyggjar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Snikkar 7421
Tømrar 7125

***7423 Korgmakarar o.l.***
Korgmakarar o.l. lagar korgmøbel, børstar og kostar og fletter korger.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- lage korgmøbel av rotting, siv, bast, pilgreiner eller liknande materialar
- lage forskjellige slag korger av ulike materialar som siv, bast o.l.
- velje ut og handsame materialar som bust, nylon, fiber og tråd for å lage børstar og kostar

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Korgmakar

**Yrkesgruppe 743**
Handverkarar i tekstilar, klede o.a.

Yrke innanfor denne gruppa:
7431 Vevarar, strikkarar o.l. (innanfor husflidproduksjon)
7432 Skreddarar, kjole- og draktsyarar, modistar o.l.
7433 Buntmakarar
7434 Gradørar
7435 Parykkmakarar
7436 Møbeltapetserarar o.l.

***7431 Vevarar, strikkarar o.l. (innanfor husflidproduksjon)***
Vevarar, strikkarar o.l. innanfor husflidproduksjon spinn og vind garn for hand, vev materiale på handvev, knyter teppe, strikkar klede for hand eller med handstrikkemaskin eller utfører liknande produksjon for hand eller med manuelt drivne maskinar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- spinne og vinde garn for hand
- tre renningar i vevstol for hand
- veve klede, teppe og andre stoff for hand
- handknyte teppe
- strikke klede og andre ting for hand eller med handstrikkemaskin
- lage snorer for hand
- lage nett for hand

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Handvevar
Strikkar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Tekstiloperatør (veving) 8262
Kunsthandverkar (tekstil) 7332

***7432 Skreddarar, kjole- og draktsyarar, modistar o.l.***
Skreddarar, kjole- og draktsyarar, modistar o.l. lagar dressar, drakter og andre klede av stoff, lêr og andre materialar unnateke pels, utfører endringar og reparasjonar eller lagar hattar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- lage frakkar, dressar, skjørt, skjorter, blusar, underty, korsett og andre klede, ofte etter kunden sine eigne ønske
- vere med på å framstille konfeksjon

- lage hattar
- forandre og reparere klede
- lage og ta vare på kostyme til bruk i teater, film og fjernsyn

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Skreddar
Kjole- og draktsyar
Hattemakar
Modist
Kostymemakar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Kunsthandverkar (tekstil) 7332

### *7433 Buntmakarar*
Buntmakarar lagar, endrar og reparerer klede og anna som er laga av pels.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- velje, strekkje og trimme reidde pelsar til å passe til mønsteret som er valt
- lage kåper, jakker og andre pelsklede
- vinne att pels og lêr frå gamle pelskåper
- fôre pelsplagg og trimme blokka pelsplagg
- forandre og reparere pelsplagg

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Buntmakar
Pelsmakar

### *7434 Gradørar*
Gradørar lagar mønster og merkjer og skjer tekstilstoff, lêr og andre materialar i produksjon av klede, hanskar og forskjellige produkt.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- teikne og skjere ut mønster for å lage dressar, drakter, skjorter, blusar, hanskar, hattar, luer og andre klede
- merkje mønster på stoff og lêr for å markere kor det skal skjerast
- skjere materialar etter mønster for å lage klede, hanskar o.l.
- teikne mønster, merkje og skjere ved produksjon av møbeltrekk, lerretsprodukt og paraplyar.

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Gradør
Modellør

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Tilskjerar (konfeksjon) 8265

### *7435 Parykkmakarar*
Parykkmakarar lagar eller utfører endringar og reparasjonar på forskjellige parykkar og tupear som vert laga av naturhår, dyrehår, ull eller syntetiske materialar. Parykkmakarar arbeider også med maskelaging.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- støype og lage maskar
- lage forskjellige parykkar, fletter og tupear etter mål
- frisere, klippe og farge hår
- preparere hår
- endre parykkar

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Parykkmakar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Modist 7432

### *7436 Møbeltapetserarar o.l.*
Møbeltapetserarar o.l. stoppar og trekkjer møbel, lagar madrassar eller lagar og monterer interiørdekorasjonar av tekstil, lêr o.l.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- montere og sikre fjører, polstring og dekke på møbelrammer
- tilpasse og montere trekk og seteputer til bilar, bussar, togvogner og fly
- lage madrassar
- tilpasse og montere interiørdekorasjonar av tekstil, lêr o.l.
- lage og reparere salar og selety, koffertar, handvesker, mapper, lêrbagar o.l.
- skjere ut, forme og stoppe delar til lêrartiklar
- sy lêrsaker for hand eller maskin

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Møbeltapetserar
Salmakar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Byggtapetserar 7141

## Yrkesgruppe 744
Handverkarar innanfor pelsskinn, lêr o.a.

Yrke innanfor denne gruppa:
7441 Skinnreiarar og garvarar
7442 Skomakarar
7443 Taksidermistar

### *7441 Skinnreiarar og garvarar*
Skinnreiarar handsamar pelsskinnfellar slik at dei kan nyttast til å lage klede og anna av pels, og garvarar lagar lêr av huder og skinn.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- sortere pelsskinnfellar, huder og skinn
- fjerne kjøt og feitt frå pelsskinnfellar før handsaming
- fjerne kjøt og hår frå huder

- fjerne lange, grove hår frå pelsar og trimme underliggjande hår til lik lengd
- operere maskinar for å splitte huder
- gjere klar huder for å påføre farge på lêrsida av pelsen
- tilverke og farge lêr
- strekkje og mjukgjere tilverka lêr

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Garvar
Skinnreiar

***7442 Skomakarar***

Skomakarar lagar og reparerer standard eller spesialtilpassa fotty og lagar lêrvarer som koffertar, vesker og belte.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- lage mønster som rettleiing for skjering av skodelar
- skjere ut, preparere og tilpasse skodelar
- sy saman skodelar
- lage standard eller ortopedisk tilpassa fotty etter individuelle krav
- lage andre spesielle typar fotty etter ordre
- undersøkje og leggje "finish" på fotty
- reparere fotty

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Skomakar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Salmakar 7436

***7443 Taksidermistar***

Taksidermistar stoppar ut og konserverer pattedyr, fugl, fisk, krypdyr og insekt.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- preparere dyr for vitskaplege samlarar og biologiske læremiddel
- preparere jakttrofé
- planleggje og byggje biologiske utstillingar

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Taksidermist

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Konservator 2531

**Yrkesgruppe 745**
Laborantar

Yrke innanfor denne gruppa:
7450 Laborantar

***7450 Laborantar***

Laborantar utfører prøvetaking, kjemiske analysar og syntesar, analysar av biologisk materiale og fysisk materialeprøving.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- ta ut prøver og preparere dei for analysar
- utføre analysar etter oppskrift og føreskrivne metodar
- vere med på produktutvikling og/eller metodeutvikling
- på eiga hand utføre tilrigging, kalibrering og kontroll av utstyr
- teste ut og ta i bruk nytt og/eller eksisterande laboratorieutstyr
- stå for dagleg vedlikehald av laboratorieutstyr
- rapportere resultat og avvik både ved utfylling av skjema og i fri tekst

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Faglaborant
Laborant

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Kjemikar 2113

# Yrkesfelt 8

**Prosess- og maskinoperatørar og transportarbeidarar o.a.**
Yrkesfelt 8 omfattar yrke innanfor bergverksdrift o.l., utvinning av råolje og naturgass, industriproduksjon, kraft- og vassforsyning o.a. og transport. Til dette feltet høyrer også førarar av mobile maskinar o.l.

Arbeidet krev røynsle med bruk av maskinar og innsikt i industriell teknologi.

Dei fleste yrka i yrkesfelt 8 ligg under lov om fagopplæring og krev utdanning på nivå med vidaregåande skule. Det vil likevel vere svært mange yrkesutøvarar som har tileigna seg kunnskapar og dugleik gjennom røynsle innanfor yrket eller ved opplæring innanfor bransje eller føretak.

Dette yrkesfeltet er delt inn i følgjande yrkesområde:
81 Prosessoperatørar o.a.
82 Maskinoperatørar
83 Transportarbeidarar og operatørar av mobile maskinar o.l.

## Yrkesområde 81

**Prosessoperatørar o.a.**
Til dette yrkesområdet høyrer yrke innanfor grovarbeiding av råvarer og annan produksjon i metallurgisk prosessindustri o.a., keramikk-, glas-, trelast- og treforedlingsproduksjon, produksjon av raffinerte petroleumsprodukt og annan kjemisk prosessindustri. I tillegg høyrer yrke innanfor bergverksdrift o.l. og innanfor utvinning av råolje og naturgass og kraft- og vassforsyning hit.

Arbeidet krev hovudsakleg røynsle med og forståing for det aktuelle anlegget og evne til å hanskast med maskinelle operasjonar og til å tilpasse seg teknologiske endringar.

*Merknader:*
Yrka skal plasserast i yrkesfelt 7 dersom arbeidet er handverksprega og/eller operatøren sjølv styrer vesentlege delar av arbeidsprosessen.

Yrka skal plasserast i yrkesfelt 9 dersom arbeidsoppgåvene er enkle og rutineprega, hovudsakleg inneber bruk av handreiskapar og manuell kraft og ikkje krev meir enn maksimum 9-årig grunnskule.

Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgrupper:
811 Operatørar i olje- og gassutvinning, bergverk o.l.
812 Operatørar i stål- og annan metallproduksjon o.a.
813 Operatørar i keramikk- og glasproduksjon
814 Operatørar i trelast- og treforedlingsproduksjon
815 Operatørar innanfor produksjon av raffinerte petroleumsprodukt og annan kjemisk prosessindustri
816 Operatørar ved kraftstasjonar og anlegg for forbrenning, vassreinsing o.l.

**Yrkesgruppe 811**
Operatørar i olje- og gassutvinning, bergverk o.l.

Yrke innanfor denne gruppa:
8111 Bergfagarbeidarar
8112 Prosessoperatørar (oppreiing)
8113 Operatørar innanfor olje- og gassutvinning
8114 Brønnserviceoperatørar (olje- og gassutvinning)

***8111 Bergfagarbeidarar***
Bergfagarbeidarar arbeider i gruver og anna bergverk, og arbeidet omfattar uttak av malmar, kol og mineralske råstoff til vidareforedling. Vidare kan arbeidet omfatte uttak av stein, grus, sand, leire o.a. til byggje- og anleggsverksemd o.a.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- sprengje i gruver og steinbrot
- knuse og sortere det utvunne materialet
- nytte boreutstyr, lasteutstyr, transportutstyr, knusarar og hjelpeutstyr for lading
- drive sikringsarbeid

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Gruvearbeidar
Stiger (gruve)
Borevognsoperatør (gruve)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Anleggsmaskinførar 8331
Steinfagarbeidar 7110

***8112 Prosessoperatørar (oppreiing)***
Prosessoperatørar (oppreiing) overvaker gruve- og bergverksprosessen og opererer og overvaker maskineri og utstyr som vert brukt i handsaming av malm og stein.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake utstyr for vasking, separering, luting, filtrering og ekstraksjon og kombinert utstyr for å fjerne avfallsmateriale
- separere metall eller mineralkonsentrat frå malm eller alluvium ved flotasjon, gravitasjon, filtrering eller magnetisk eller elektrostatisk separering

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Oppreiingsarbeidar
Skiftbas (oppreiing)

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Gruvearbeidar 8111

***8113 Operatørar innanfor olje- og gassutvinning***
Operatørar innanfor olje- og gassutvinning set opp og opererer boremaskineri og utstyr og utfører tilhøyrande oppgåver i boreoperasjonar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere rotasjons- og slagbormaskineri og utstyr for å bore olje- og gassbrønnar
- reinse og byte borestrenger, foringar og røyr

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Assisterande borar
Borar
Hjelpearbeidar (borerigg)
Tårnarbeidar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Brønnserviceteknikar 8114

***8114 Brønnserviceoperatørar (olje- og gassutvinning)***
Brønnserviceoperatørar (olje- og gassutvinning) installerer og opererer brønnboringsutstyr.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- måle produksjonseigenskapar i nye produksjonsbrønnar, bl.a. trykkforhold, mengd, gjennomstrøyming av olje og gass og kva brønnane inneheld
- installere produksjonsutstyr (trykk-kontroll-utstyr, prosess- og måleutstyr)
- operere produksjonsutstyr (trykk-kontroll-utstyr, prosess- og måleutstyr)

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Operatør av elektriske kabeloperasjonar
Brønnserviceteknikar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Assisterande borar 8113
Borar 8113

**Yrkesgruppe 812**
Operatørar i stål- og annan metallproduksjon o.a.

Yrke innanfor denne gruppa:
8121 Operatørar i metallurgisk prosessfag
8122 Metallformarar

***8121 Operatørar i metallurgisk prosessfag***
Operatørar i metallurgisk prosessfag opererer og overvaker metallurgiske prosessar innanfor jern-, stål- og aluminiumsverk og smelteverk og nyttar elektrisk energi til smelting/elektrolyse og tilarbeiding av råvarer.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake smelteomnar for å konvertere eller raffinere råjern eller skrapjern til stål
- operere og overvake smelteomnar for konvertering eller raffinering av andre metall
- overvake elektrolyseprosessar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Operatør (smelteverk)
Fagoperatør (metallurgisk prosessfag)
Omnsarbeidar (smelteverk)

***8122 Metallformarar***
Metallformarar tilarbeider metall i fast eller flytande form til halvfabrikat og ferdigprodukt og opererer og overvaker valseverk eller maskinar som støyper metall.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- foredle produkt av aluminium
- valse råmateriale til band og plater
- presse og tilarbeide profilar
- overvake og regulere prosessen ved hjelp av instrument og ulike typar datamaskinar
- gjere klar og omstille til nytt produkt
- rapportere produksjonsdata og prosessforhold
- urføre enklare vedlikehald

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Pressverkoperatør
Trådtrekkjar
Operatør (valseverk)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Støypar 7211
Formar 7211
Operatør (metallvareprodukt) 8211

**Yrkesgruppe 813**
Operatørar i keramikk- og glasproduksjon

Yrke innanfor denne gruppa:
8131 Keramiske formarar og dekoratørar
8132 Operatørar i glasproduksjon
8139 Andre operatørar i glas- og keramikkproduksjon

***8131 Keramiske formarar og dekoratørar***
Keramiske formarar og dekoratørar i industriføretak produserer keramiske produkt og dekorerer for produksjon. I arbeidet vert det brukt både handverkty og maskinar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- lage arbeidsformer i gips eller andre materialar
- lage til masse (t.d. støypeslikkar, rollerpølse, tørre massar for eldfast produksjon o.a.)

- lage til glasur
- glasere ved å dyppe eller sprøyte
- operere og overvake omnar som brenner keramikk, porselen, dekor og glasur
- ta ut og sortere ferdig brent gods
- etterbehandle, eventuelt montere, kontrollere og pakke ferdig gods
- dekorere keramiske produkt for hand og/eller maskinelt

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Keramisk formar
Keramisk dekoratør

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Pottemakar 7321
Støypar (keramikk) 7321

### *8132 Operatørar i glasproduksjon*
Operatørar i glasproduksjon opererer og overvaker maskineri og utstyr for glasproduksjon.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake glassmelteomnar og forskjellige herdeomnar
- operere og overvake maskineri som formar glas ved blåsing eller presstøyping
- operere og overvake produksjonsanlegg for flytande glas
- operere og overvake maskineri som polerer og jamnar glasplater
- operere og overvake maskinar som lagar glasstenger og røyr av glassmelte ved trekking og blåsing

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Glasfagarbeidar (industriell produksjon)
Operatør (glasproduksjon)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Glashandverkar 7322
Glasmeister 7133

### *8139 Andre operatørar i glas- og keramikkproduksjon*
Andre operatørar i glas- og keramikkproduksjon opererer og overvaker maskinar som blandar og preparerer råstoff til produksjon av glas, keramikk, tegl o.l. og lagar glasur til keramiske produkt.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake maskineri som blandar ingrediensar for glasproduksjon (blandeverk)
- operere og overvake maskineri som preparerer leire for produksjon av keramikk og tegl
- operere og overvake maskineri som lagar glasur eller slipemiddel
- operere og overvake maskineri som lagar glasfiber

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Mengjar (glas)
Produksjonsarbeidar (glas, keramikk, porselen)

### Yrkesgruppe 814
Operatørar i trelast- og treforedlingsproduksjon

Yrke innanfor denne gruppa:
8141 Operatørar innanfor produksjon og vidareforedling av trelastprodukt
8142 Operatørar innanfor treforedlingsindustri
8143 Operatørar innanfor spon- og fiberplateproduksjon

### *8141 Operatørar innanfor produksjon og vidareforedling av trelastprodukt*
Operatørar innanfor produksjon og vidareforedling av trelastprodukt opererer og overvaker maskineri og utstyr for trelast, dvs. saging av tømmer og produksjon av parkett, limtre o.l.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake matings- og transportsystem
- operere og overvake sager for å sage plank, bord, lister og bakhun og fjerne vrak frå skurdlast
- operere og overvake maskineri som skjer finér, legg kjernar og pressar ferdig finér
- i nokon grad halde ved like arbeidsverktyet

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Operatør (trelast)
Operatør (parkettproduksjon)
Operatør (limtreproduksjon)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Snikkar 7421
Operatør (spon- og fiberplateproduksjon) 8143

### *8142 Operatørar innanfor treforedlingsindustri*
Operatørar innanfor treforedlingsindustri arbeider med produksjon av tremasse, cellulose og papir.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake anlegg som omdannar tre, papir og anna til cellulose
- operere og overvake anlegg som bleikjer råstoffet
- operere og overvake anlegg som arbeider med og blandar cellulose og andre ingrediensar for å lage masse til papirproduksjon
- operere og overvake papirmaskinar der papir vert laga av våt cellulose, eller der papir vert tørka, pressa, kutta og rulla.
- operere og overvake maskineri for glansing eller anna overflatehandsaming

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Fagoperatør (treforedlingsindustri)
Operatør (cellulose)

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Fagoperatørar (kartonasje) 8253

### *8143 Operatørar innanfor spon- og fiberplateproduksjon*

Operatørar innanfor spon- og fiberplateproduksjon opererer og overvaker produksjonsanlegg for spon- og fiberplater.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- innstille og styre produksjonsmaskinar og utstyr for produksjon
- operere og overvake produksjonsutstyr der sponplater og fiberplater vert laga

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Operatør (spon- og fiberplateproduksjon)
Produksjonsarbeidar (spon- og fiberplateproduksjon)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Operatør (trelast) 8141
Operatør (parkett) 8141

### Yrkesgruppe 815

Operatørar innanfor produksjon av raffinerte petroleumsprodukt og annan kjemisk prosessindustri.

Yrke innanfor denne gruppa:
8151 Operatørar ved anlegg for olje- og naturgassraffinering
8159 Operatørar i annan kjemisk prosessindustri

### *8151 Operatørar ved anlegg for olje- og naturgassraffinering*

Operatørar ved anlegg for olje- og naturgassraffinering opererer og overvaker anlegg og maskinar som arbeider med produkt og biprodukt av olje eller naturgass.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake tårn som destillerer eller raffinerer oljeprodukt
- operere og overvake anlegg som fjernar svovel frå olje, oljeprodukt og biprodukt
- operere og overvake pumpeanlegg som sirkulerer olje, vatn eller kjemikal gjennom raffineriet
- operere og overvake maskinar som blandar petroleum med kjemikal og andre tilsetjingsstoff
- operere og overvake anlegg som raffinerer eller på annan måte arbeider med naturgass

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Driftsoperatør (raffineri)
Prosessoperatør (raffineri)

### *8159 Operatørar i annan kjemisk prosessindustri*

Operatørar i annan kjemisk industri omfattar operatørar av knuse-, male- og blandeanlegg, av varmearbeidande prosessar, av filtrerings-, separasjons- og destillasjonsanlegg og reaktorar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake møller og knuseverk i kjemisk produksjon
- operere og overvake varmearbeidande prosessar i kjemisk produksjon
- operere og overvake filtrerings- og separasjonsanlegg i kjemisk produksjon
- operere og overvake destillasjonsanlegg og reaktorar i kjemisk produksjon
- operere og overvake andre kjemiske produksjonsanlegg

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Fagoperatør (kjemisk prosessindustri)

### Yrkesgruppe 816

Operatørar ved kraftstasjonar og anlegg for forbrenning, vassreinsing o.l.

Yrke innanfor denne gruppa:
8161 Energioperatørar
8162 Operatørar ved forbrennings-, kjøle- og vassreinseanlegg o.a.

### *8161 Energioperatørar*

Energioperatørar opererer og overvaker anlegg for elektrisk eller annan kraftproduksjon og fordelingsanlegg og har ansvaret for vedlikehald av tilhøyrande kontrollrom. Arbeidet vert gjort ved hjelp av instrument, dataskjermar og signal i kontrollrommet på stasjonen og ved inspeksjon av anlegget.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake vasskraftverk, kol-, olje- eller gassfyrte kraftverk og kjernekraftverk
- operere og overvake andre kraftverk som sol-, vind-, jordvarme- og tidvasskraftverk

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Elektromaskinist
Kontrollromsoperatør

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Skipsmaskinist 3141

### *8162 Operatørar ved forbrennings-, kjøle- og vassreinseanlegg o.a.*

Operatørar ved forbrennings-, kjøle- og vassreinseanlegg o.a. opererer kjøle- og ventilasjonsanlegg og anlegg som forbrenner søppel og reinsar vatn.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake forbrenningsanlegg som brenner søppel og anna avfall
- operere og overvake anlegg som reinsar vatn til konsum og anna forbruk
- operere og overvake luft- og gasskompressorar og pumpestasjonar
- operere og overvake kjøleanlegg for lager, industriprosessorar eller skøytebanar
- operere og overvake varme- og ventilasjonsanlegg

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Maskinist (forbrenningsanlegg)
Fagarbeidar (vassreinsingsanlegg)
Kjølemaskinist

## Yrkesområde 82

### Maskinoperatørar

Til dette yrkesområdet høyrer yrke som går ut på å operere og overvake industrimaskinar o.a. på staden eller ved fjernkontroll, for det meste innanfor serieproduksjon av ferdigvarer, og å kontrollere råvarer og ferdigvarer. Dette yrket omfattar også montørar innanfor produksjon av transportmiddel og elektronisk utstyr som set saman delar til produkt etter presise spesifikasjonar og prosedyrar.

Arbeidet krev hovudsakleg røynsle med og forståing for det aktuelle maskineriet og utstyret og evne til å hanskast med maskinelle operasjonar og til å tilpasse seg teknologiske endringar.

Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgrupper:
821 Operatørar innanfor produksjon av metallvarer, betongprodukt o.a.
822 Operatørar innanfor kjemisk-teknisk produksjon
825 Operatørar innanfor grafisk industri, papir- og kartonasjeindustri o.a.
826 Operatørar innanfor tekstil-, pels- og lêrproduksjon
827 Operatørar innanfor næringsmiddelproduksjon
828 Operatørar og montørar innanfor produksjon av transportmiddel og elektronisk utstyr

### Yrkesgruppe 821

Operatørar innanfor produksjon av metallvarer, betongprodukt o.a.

Yrke innanfor denne gruppa:
8211 Operatørar innanfor metallvareproduksjon
8212 Verktymakarar o.l.
8213 Maskinarbeidarar
8214 Operatørar innanfor produksjon av betongprodukt o.a.

### *8211 Operatørar innanfor metallvareproduksjon*

Operatørar innanfor metallvareproduksjon opererer og overvaker automatiske og halvautomatiske tilarbeidingsmaskinar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake ein eller fleire maskinar som utfører stansing, kutting, boring eller andre former for metallarbeiding i serieproduksjon

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Maskinoperatør (metallvareprodukt)
Operatør (metallvareprodukt)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Maskinarbeidar 8213
Dreiar 8213
Fresar 8213
Slipar 8213

### *8212 Verktymakarar o.l.*

Verktymakarar o.l. lagar, reparerer og justerer verkty ved bruk av manuelle eller styrte verktymaskinar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- lage produksjonsverkty og -utstyr
- justere og reparere produksjonsverkty og -utstyr
- bruke manuelle og styrte verktymaskinar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Verktymakar
Dimensjonskontrollør

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Instrumentmakar 7311

### *8213 Maskinarbeidarar*

Maskinarbeidarar lagar dei mekaniske delane til maskinar og anna produksjonsutstyr.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- lage mekaniske delar til maskinar og anna produksjonsutstyr
- arbeide med ulike slag verktymaskinar, ofte datastyrte
- skarpslipe verkty eller maskindelar med slipeskiver eller slipemaskin
- utføre dreiearbeid i metall

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
- Dreiar
- Fresar
- Slipar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
- Elektromekanikar 7241
- Elektromekanisk reparatør 7241
- Maskinoperatør (metallvareprodukter) 8211

### *8214 Operatørar innanfor produksjon av betongprodukt o.a.*
Operatørar innanfor produksjon av betongprodukt o.a. opererer og overvaker maskinar som lagar betong og betong-, sement-, gips- og steinprodukt for byggje- og anleggsverksemd o.a.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake presse-, støype-, slipe- og kuttemaskinar som lagar og ferdigstiller forskjellige prefabrikkerte stein- og betongprodukt, t.d. gjerdestolpar, pipeseksjonar, dreneringsrøyr, veggplater, bygningsseksjonar, bjelkar, boreelement o.a.
- operere og overvake maskinar som blandar sand, grus, sement og vatn til betong

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
- Betongvarearbeidar
- Maskinoperatør (sementproduksjon)
- Asfaltarbeidar (asfaltverk)
- Operatør (gipsplater)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
- Asfaltarbeidar (asfaltlegging) 7126
- Betong- og grunnarbeidar (bygg) 7122

### Yrkesgruppe 822
Operatørar innanfor kjemisk-teknisk produksjon

Yrke innanfor denne gruppa:

| | |
|---|---|
| 8221 | Operatørar innanfor produksjon av hygieniske og farmasøytiske produkt |
| 8222 | Operatørar innanfor ammunisjons- og sprengstoffproduksjon |
| 8223 | Operatørar innanfor gummiproduksjon |
| 8224 | Operatørar innanfor plastfag og plastproduksjon |
| 8225 | Operatørar innanfor måling- og lakkproduksjon |
| 8229 | Operatørar innanfor annan kjemisk-teknisk produksjon |

### *8221 Operatørar innanfor produksjon av hygieniske og farmasøytiske produkt*
Operatørar innanfor produksjon av hygieniske og farmasøytiske produkt opererer og overvaker maskinar som arbeider med ulike kjemikal og andre stoff som vert brukte i produksjon av hygieniske og farmasøytiske produkt og maskinar som produserer slike produkt.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake maskinar som støyper, filtrerer, gjærar, varmar opp, blandar, sliper, mel opp og fortettar materialar som vert brukte i produksjon av hygieniske og farmasøytiske produkt, vaskemiddel og liknande produkt
- operere kontrollmekanismar for å regulere temperatur, trykk, flyt og fart under prosessen
- reingjere og desinfisere utstyr

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
- Operatør (vaskemiddelproduksjon)
- Operatør (farmasøytiske produkt)
- Operatør (sanitærprodukt)

### *8222 Operatørar innanfor ammunisjons- og sprengstoffproduksjon*
Operatørar innanfor ammunisjons- og sprengstoffproduksjon opererer og overvaker maskinar som arbeider med ulike kjemikal og andre materialar som vert brukte i produksjon av ammunisjon og sprengstoff og maskinar som produserer slike produkt.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake maskinar som blandar og på andre måtar arbeider med kjemikal som vert brukte i produksjon av sprengstoff som nitrocellulose, gelatindynamitt og ulike typar drivladningar
- operere og overvake maskinar som lagar lunter til sprengstoff og fyrverkeri
- operere og overvake maskinar som monterer og lader granatar, bomber, rakettar, miner o.l.

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
- Operatør (ammunisjonsproduksjon)
- Operatør (sprengstoffproduksjon)

### *8223 Operatørar innanfor gummiproduksjon*
Operatørar innanfor gummiproduksjon opererer og overvaker maskinar som eltar og blandar gummi, og som produserer ulike komponentar og produkt av naturleg og syntetisk gummi, slik som formstøypt skoty, hushaldsartiklar, isolasjonsmaterialar, delar til industrien eller dekk til syklar, bilar o.l.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake maskinar som eltar og blandar gummi til vidare arbeid
- operere og overvake maskinar som produserer gummiplater eller gummierte tekstilar
- operere og overvake maskinar som sprøytestøyper gummisamansetnader eller formar vulkanisert gummi ved støyping
- operere og overvake maskinar som lagar dekk i former og vulkaniserer og formstøyper eller regummierer brukte dekk

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Operatør (gummiprodukt)
Gummivarearbeidar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Plastformar 8224

### *8224 Operatørar innanfor plastfag og plastproduksjon*

Operatørar innanfor plastfag og plastproduksjon opererer og overvaker maskinar som eltar og blandar kjemiske stoff for å lage ulike plastmaterialar og som produserer plastartiklar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake maskinar som eltar og blandar kjemiske stoff for å lage plastmaterialar
- operere og overvake maskinar som formar plastmaterialar ved formstøyping, sprøytestøyping, kutting og andre metodar
- operere og overvake maskinar som laminerer plast og plastimpregnerte materialar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Plastformar
Plastmekanikar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Gummivarearbeidar 8223

### *8225 Operatørar innanfor måling- og lakkproduksjon*

Operatørar innanfor måling- og lakkproduksjon arbeider i industrien med drift av maskinar og utstyr for produksjon av lakk, måling og liknande produkt.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- kontrollere, justere, operere og overvake maskinar
- halde ved like produksjonsutstyret
- kontrollere råvarene og gjere klar materialar
- innstille og omstille maskinane til nytt produkt

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Operatør (måling- og lakkproduksjon)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Operatør (plastprodukter) 8224
Industrimålar/-lakkerar 7142

### *8229 Operatørar innanfor annan kjemisk-teknisk produksjon*

Til dette yrket høyrer maskinoperatørar innanfor kjemiske produkt som ikkje er klassifiserte andre stader, t.d. operatørar av maskinar som produserer kjemisk baserte produkt som linoleum, stearinlys, halogengassar o.l.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake maskinar som framstiller linoleum, stearinlys, fyrstikker, halogengassar og andre kjemiske produkt

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Operatør (stearinlysproduksjon)

## Yrkesgruppe 825

Operatørar innanfor grafisk industri, papir- og kartonasjeindustri o.a.

Yrke innanfor denne gruppa:
8251 Grafiske trykkjarar
8252 Bokbindarar
8253 Operatørar innanfor kartonasje
8254 Fotolaborantar

### *8251 Grafiske trykkjarar*

Grafiske trykkjarar opererer og overvaker forskjellige typar maskinar som trykkjer på papir, plast, metall eller andre aktuelle materialar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- innstille, starte, styre og overvake trykkjemaskinar og trykkjeprosessen
- halde ved like, kontrollere og justere trykkjemaskinar
- vurdere og handsame ulike trykkjematerialar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Grafisk trykkjar
Serigraf
Silketrykkjar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Grafikar (kunstnar) 2552
Grafisk formgjevar 3471
Typograf 7341

### *8252 Bokbindarar*

Bokbindarar gjer ferdig trykksaker i den form og storleik som er fastsett for produktet, anten det er bøker, hefte, brosjyrar, tidsskrift e.l.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- restaurere bøker
- nytte bokbinding- og ferdiggjeringsmaskinar/-utstyr
- innstille, starte, styre og overvake produksjonsprosessen
- halde ved like, kontrolle og justere det maskinelle utstyret
- vurdere og handsame ulike materialar og klistrestoff

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Bokbindarassistent
Operatør (bokbinding)
Maskininnbindar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Grafisk trykkjar 8251

***8253 Operatørar innanfor kartonasje***
Operatørar innanfor kartonasje opererer og overvaker maskinar som lagar esker, konvoluttar, posar og anna av papir, papp, cellofan og liknande materialar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake maskinar som limer papir til papp og kuttar og brettar papp til esker
- operere og overvake maskinar som lagar drikkebeger og andre behaldarar av papp eller papir
- operere og overvake maskinar som kuttar, brettar og limer papir til konvoluttar eller posar

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Fagoperatør (kartonasje)

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Bokbindar 8252

***8254 Fotolaborantar***
Fotolaborantar opererer og overvaker utstyr som lagar fotografisk film og papir, og som framkallar eksponert fotografisk film og lagar kopiar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake utstyr som lagar fotografisk film og papir
- operere og overvake maskinar for handsaming av fotografiske plater
- operere og overvake utstyr som arbeider med film og fotografiske plater til negativar eller lysbilete
- operere og overvake utstyr som kopierer, forstørrar eller forminskar fotografi

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Fotoassistent
Fotokopieringsarbeidar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Fotograf 7342
Filmfotograf (fjernsyn, video, film) 3131

**Yrkesgruppe 826**
Operatørar innanfor tekstil-, pels- og lêrproduksjon

Yrke innanfor denne gruppa:
8261 Spinne- og nystemaskinoperatørar
8262 Veve- og hekle-/strikkemaskinoperatørar o.l.
8263 Industrisyarar
8264 Tekstiloperatørar innanfor fiskereiskap
8265 Tilskjerarar
8266 Operatørar innanfor farging, vasking og reinsing o.a. av tekstilar o.l.
8267 Operatørar innanfor produksjon av sko, vesker o.a.
8269 Andre operatørar innanfor tekstilproduksjon o.l.

***8261 Spinne- og nystemaskinoperatørar***
Spinne- og nystemaskinoperatørar opererer og overvaker maskinar som preparerer fibrar og spinn og nystar garn og tråd.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake maskinar som arbeider med einsarta tekstilfibrar
- operere og overvake maskinar som reinsar tekstilfibrar
- operere og overvake kardemaskinar
- operere og overvake maskinar som spinn tråd og garn og nystar opp på sneller

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Fagoperatør (garnframstilling/spinning)

***8262 Veve- og hekle-/strikkemaskinoperatørar o.l.***
Veve- og hekle-/strikkemaskinoperatørar o.l. opererer og overvaker maskinar som vev, heklar eller strikkar o.l. stoff og enkelte ferdigvarer som teppe o.a.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake maskinar som vev, heklar eller strikkar o.l. ty, stoff, kniplingar, teppe, trikotasje o.a.

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Tekstiloperatør (veving)
Tekstiloperatør (trikotasje)

***8263 Industrisyarar***
Industrisyarar opererer og overvaker maskinar som lagar og reparerer klede og anna av tekstilstoff, pelsskinn eller lêr eller broderer mønster.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake ein- eller fleirtråds symaskinar som lagar eller reparerer klede, hanskar og andre produkt av tekstilstoff, pelsskinn eller lêr
- operere og overvake ein- eller fleirtråds maskinar som broderer mønster på tekstilar eller andre materialar
- operere og overvake maskinar som skjer til stoff

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Industrisyar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Skreddar 7432
Kjole- og draktsyar 7432

***8264 Tekstiloperatørar innanfor fiskereiskap***
Tekstiloperatørar innanfor fiskereiskap opererer og overvaker ulike maskinar som produserer fiskereiskap.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- framstille fiskereiskap
- overvake maskinar som tvinnar, flettar og fargar tau og nett
- etterbehandle og montere dei produserte reiskapane
- kontrollere produkta

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Fagoperatør (fiskereiskap)
Bindar
Bøtar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Tekstiloperatør (farging, trykking, etterbehandling) 8266

### *8265 Tilskjerarar*
Tilskjerarar arbeider med vanlege standardiserte plagg og opererer maskinar i samband med utlegging av stoff, oppmerking av mønsterdelar og utskjering.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- skjere til stoff etter mønster
- skjere til stoff etter målebestillingar
- gradere storleik og forme og endre mønster

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Konfeksjonstilskjerar
Mønsterkonstruktør
Tilskjerar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Syar (konfeksjonsindustri) 8263
Tekstiloperatør (farging, trykking, etterbehandling) 8266

### *8266 Operatørar innanfor farging, vasking og reinsing o.a. av tekstilar o.l.*
Operatørar innanfor farging, vasking og reinsing o.a. av tekstilar o.l. opererer og overvaker maskinar som bleikjer, fargar, vaskar, reinser og på andre måtar handsamar fibrar, garn, tråd, tekstilstoff, pelsskinn og lêr eller tekstil-, pels- eller lêrvarer

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake maskinar som handsamar tekstilprodukt for å gjere dei lysare eller gje dei ein spesiell farge
- operere og overvake maskinar som vaskar eller tørreinsar tekstilstoff, pelsskinn eller lêr for å fjerne skit, ureinleik, overskytande kjemikal eller anna
- operere og overvake maskinar som krympar eller stryk stoff
- operere og overvake maskinar som impregnerer tekstilar med kjemikal for å gjere dei vasstette
- operere og overvake maskinar som pressar, strekkjer eller gjev glans eller anna overflatebehandling av tekstilar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Tekstiltrykkjar
Tekstilreinhaldar
Vaskeriarbeidar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Kunsthandverkar (tekstil) 7332

### *8267 Operatørar innanfor produksjon av sko, vesker o.a.*
Operatørar innanfor produksjon av sko, vesker o.a. opererer og overvaker maskinar som produserer og reparerer skoty, handvesker, koffertar og andre artiklar, i hovudsak laga av lêr.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake maskinar som merkjer mønster og skjer skodelar
- operere og overvake maskinar som syr saman skodelar eller kantar, polerer og påfører ornament eller anna overflatebehandling
- operere og overvake maskinar som lagar koffertar, handvesker, belte og anna tilhøyr, salar, halsband og selety

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Operatør (produksjon av sko, vesker o.a.)
Operatør (lêr- og skinnproduksjon)

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Tilskjerar 8265

### *8269 Andre operatørar innanfor tekstilproduksjon o.l.*
Dette yrket omfattar operatørar innanfor tekstil-, pels- og lêrproduksjon som ikkje er klassifiserte andre stader.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake maskinar som formar og lagar hattar av tekstil, skinn eller lêr
- operere og overvake maskinar som lagar forskjellige produkt som snorer og annan pynt
- operere og overvake maskinar som handsamar huder i oppløysningar og etterbehandlar dei til lêr
- operere og overvake maskinar som fargar lêr

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Operatør (lêrfarging)

### Yrkesgruppe 827
Operatørar innanfor næringsmiddelproduksjon

Yrke innanfor denne gruppa:
8271 Fagarbeidarar innanfor tilarbeiding av fisk og fiskeprodukt
8272 Operatørar innanfor tilarbeiding av kjøt og kjøtprodukt
8273 Operatørar av maskinar for framstilling av meieriprodukt

8274 Operatørar av møller for korn og krydder
8275 Operatørar av maskinar for framstilling og handsaming av bakverk og korn- og sjokoladeprodukt
8276 Operatørar av maskinar for handsaming av frukt, grønsaker og nøtter
8277 Bryggjarar og maskinoperatørar innanfor framstilling av mineralvatn, øl og andre drikkevarer
8279 Operatørar innanfor annan næringsmiddelproduksjon

### 8271 *Fagarbeidarar innanfor tilarbeiding av fisk og fiskeprodukt*

Fagarbeidarar innanfor tilarbeiding av fisk og fiskeprodukt opererer og overvaker maskinar innanfor produksjon og vidare handsaming av fisk, skaldyr og biprodukt av desse.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- ta imot og kontrollere råvarer
- operere og overvake maskinar som fileterer, reinskjer og flekkjer fisk
- kontrollere og registrere kvalitetsavvik i produksjonsprosessen

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Fagarbeidar (fiskeindustri)

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Fiskehandlar 7411

### 8272 *Operatørar innanfor tilarbeiding av kjøt og kjøtprodukt*

Operatørar innanfor tilarbeiding av kjøt og kjøtprodukt opererer og overvaker maskinar som slaktar dyr, flår skrottar, deler opp slakt og lagar kjøtprodukt.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- ta imot og kontrollere råvarer
- arbeide med ulike maskinar som slaktar dyr, deler opp kjøt i standarddelar og kvernar og blandar kjøt
- kontrollere og registrere kvalitetsavvik i produksjonsprosessen

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Fagoperatør (kjøtindustri)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Slaktar 7411
Pølsemakar 7411

### 8273 *Operatørar av maskinar for framstilling av meieriprodukt*

Operatørar av maskinar for framstilling av meieriprodukt opererer og overvaker maskinar som arbeider med mjølk og fløyte og lagar meieriprodukt.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake maskinar som pasteuriserer, homogeniserer og varmebehandlar mjølk og fløyte
- operere og overvake maskinar som lagar kondensert mjølk eller tørrmjølk
- operere og overvake maskinar som lagar smør, ost og andre mjølkebaserte produkt
- ta imot og kontrollere råvarer
- kontrollere og registrere kvalitetsavvik i produksjonsprosessen

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Kinnar
Maskinoperatør (meieri)
Ystar

### 8274 *Operatørar av møller for korn og krydder*

Operatørar av møller for korn og krydder opererer og overvaker maskinar som knuser, mel, blandar og handsamar korn, krydder o.l. på andre måtar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake maskinar som lagar mjøl og kraftfôr eller handsamar ris
- operere og overvake maskinar som mel korn og krydder
- ta imot og kontrollere råvarer
- kontrollere og registrere kvalitetsavvik i produksjonsprosessen

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Fagoperatør (korn- og kryddermølle)
Møllemeister

### 8275 *Operatørar av maskinar for framstilling og handsaming av bakverk og korn- og sjokoladeprodukt*

Operatørar av maskinar for framstilling og handsaming av bakverk og korn- og sjokoladeprodukt opererer og overvaker blande-, formings- og bakemaskinar som lagar brød, kjeks, pasta, sjokolade og liknande produkt.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake maskinar som blandar mjøl med andre ingrediensar og lagar deig for produksjon av brød, kjeks, pasta o.l.
- operere og overvake maskinar som pressar og formar deig
- operere og overvake omnar for baking av brød, pasta o.l.
- operere og overvake maskinar som lagar kornblandingar (frukostblandingar o.l.)
- operere og overvake maskinar som lagar sjokolade og konfekt
- ta imot og kontrollere råvarer
- kontrollere og registrere kvalitetsavvik i produksjonsprosessen

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Bakeriarbeidar
Operatør (bakverk og korn- og sjokoladeprodukt)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Bakar 7412
Konditor 7412

### *8276 Operatørar av maskinar for handsaming av frukt, grønsaker og nøtter*

Operatørar av maskinar for handsaming av frukt, grønsaker og nøtter opererer og overvaker maskinar som trekkjer ut saft frå frukt og grønsaker og olje frå frø, nøtter og frukt eller handsamar frukt, grønsaker og nøtter ved tørking, koking, hermetisering eller frysing.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake maskinar som trekkjer ut saft frå frukt og grønsaker og ved oppvarming eller pressing
- operere og overvake maskinar som trekkjer ut og raffinerer olje frå oljeberande frø, nøtter og frukt
- operere og overvake maskinar som lagar margarin o.l. frå animalsk eller vegetabilsk olje
- operere og overvake maskinar som preparerer frukt, grønsaker og nøtter for vidare handsaming
- operere og overvake maskinar som tørkar, kokar, hermetiserer, fryser eller handsamar frukt, grønsaker og nøtter på annan måte
- ta imot og kontrollere råvarer
- kontrollere og registrere kvalitetsavvik i produksjonsprosessen

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Operatør (oljepresse)
Operatør (fruktpresse)

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Møllar 8274

### *8277 Bryggjarar og maskinoperatørar innanfor framstilling av mineralvatn, øl og andre drikkevarer*

Bryggjarar og maskinoperatørar innanfor framstilling av mineralvatn, øl og og andre drikkevarer opererer og overvaker maskinar for framstilling av drikkevarer (ikkje frukt- og grønsaksaft).

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake maskinar for malting, brygging, gjæring og tapping av øl
- operere og overvake maskinar for framstilling av mineralvatn
- operere og overvake maskinar som handsamar poteter, korn o.a. for å lage brennevin, og kontrollere gjæringsprosessen
- operere og overvake maskinar som handsamar druer og anna frukt for å lage vin, og kontrollere gjæringsprosessen
- operere og overvake destillasjonsprosessar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Operatør (bryggjeri)
Tapperioperatør
Bryggjar

### *8279 Operatørar innanfor annan næringsmiddelproduksjon*

Operatørar innanfor annnan næringsmiddelproduksjon opererer og overvaker maskinar som handsamar tobakk og lagar sigarettar, og andre tobakksprodukt og maskinar som blandar og handsamar teblad og kaffibønner.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake maskinar som hansdamar tobakk for å lage sigarettar og andre tobakksprodukt
- operere og overvake maskinar som produserer sigarettar og andre tobakksprodukt
- operere og overvake maskinar som tørkar og handsamar teblad og blandar forskjellige kvalitetar av te
- operere og overvake maskinar som hansdamar honning
- operere og overvake maskinar som brenner kaffibønner
- operere og overvake maskinar som knuser te eller mel kaffi
- operere og overvake maskinar innanfor annan næringsmiddelproduksjon

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Operatør (tobakksproduksjon)
Maskinførar (næringsmiddelindustri)
Kaffibrennar

### Yrkesgruppe 828

Operatørar og montørar innanfor produksjon av transportmiddel og elektronisk utstyr

Yrke innanfor denne gruppa:
8281 Montørar innanfor produksjon av transportmiddel
8282 Operatørar og montørar innanfor produksjon av elektronisk utstyr

### *8281 Montørar innanfor produksjon av transportmiddel*

Montørar innanfor produksjon av transportmiddel set saman enkeltdelar i produksjonen av transportmiddel.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- setje saman større og mindre enkeltdelar av mekanisk utstyr, motorar o.a. til transportmiddel
- ulike former for sveising

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Montør (produksjon av transportmiddel)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Bilmekanikar 7231
Flymotormekanikar 7232

***8282 Operatørar og montørar innanfor produksjon av elektronisk utstyr***
Operatørar innanfor produksjon av elektronisk utstyr opererer og overvaker maskinar som lagar elektroniske halvfabrikat og ferdigvarer, og montørar innanfor produksjon av elektronisk utstyr set saman større og mindre delar av elektronisk utstyr.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- setje saman enkeltdelar av elektronisk utstyr
- skru, sveise, lodde eller lime saman elektroniske delar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Produksjonselektronikar
Elektromekanisk montør

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Elektrikar 7241
Elektromotorreperatør 7241
Telekommunikasjonsmontør 7242

## Yrkesområde 83

## Transportarbeidarar og operatørar av mobile maskinar o.l.
Transportarbeidarar og operatørar av mobile maskinar o.l. køyrer og passar tog og motorvogner eller køyrer, opererer og overvaker mobile industri- og anleggsmaskinar, opererer kranar, heisar o.a. eller utfører dekksarbeid om bord i farty.

Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgrupper:
831 Lokomotivførarar o.l.
832 Motor- og sporvognførarar
833 Operatørar av andre mobile maskinar o.l.
834 Dekks- og maskinmannskap (skip)

### Yrkesgruppe 831
Lokomotivførarar o.l.

Yrke innanfor denne gruppa:
8311 Lokomotivførarar og lokomotivkontrollørar
8312 Skiftekonduktørar

***8311 Lokomotivførarar og lokomotivkontrollørar***
Lokomotivførarar og lokomotivkontrollørar køyrer eller assisterer ved køyring av lokomotiv for transport av passasjerar og gods.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- køyre eller assistere ved køyring av damp-, elektrisk- eller diesellokomotiv
- ha ansvaret for tryggleiken ved køyring av tog
- lære opp nytilsette

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Lokomotivførar
Lokomotivførarassistent

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Sporvognførar 8322

***8312 Skiftekonduktørar***
Skiftekonduktørar kontrollerer det tekniske ved vognene. M.a. sjekkar dei bremser.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- dele opp og skifte saman tog (både person- og godstog)
- kontrollere det tekniske ved vogner
- nytte skifteaggregat
- kontrollere lastereglar
- nytte databasert godstransportinformasjon
- nytte truckar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Skifteformann
Skiftekontrollør

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Lokomotivkontrollør 8311
Truckførar 8333

### Yrkesgruppe 832
Motor- og sporvognførarar

Yrke innanfor denne gruppa:
8321 Bil-, drosje- og varebilførarar
8322 Buss- og sporvognførarar
8323 Lastebil- og vogntogførarar

***8321 Bil-, drosje- og varebilførarar***
Bil-, drosje- og varebilførarar køyrer bilar, drosjar og varebilar for å transportere passasjerar, varer eller post.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- ha ansvaret for at køyretyet er i forskriftsmessig stand
- frakte passasjerar og varer

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Drosjesjåfør
Vare- og budbilsjåfør
Pizzasjåfør

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Bussjåfør 8322
Lastebilsjåfør 8323

***8322 Buss- og sporvognførarar***
Buss- og sporvognførarar køyrer bussar og sporvogner for å transportere passasjerar, post eller gods.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- ha ansvaret for at køyretyet er i forskriftsmessig stand
- frakte passasjerar og gods
- selje og kontrollere billettar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Bussjåfør
Trikkeførar
T-baneførar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Billettør 4211
Billettekspeditør 4211
Konduktør 5112

***8323 Lastebil- og vogntogførarar***
Lastebil- og vogntogførarar køyrer og passar tunge motorkøyrety for å transportere gods, væsker o.l.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- ha ansvaret for at køyretyet er i forskriftsmessig stand
- frakte gods og varer

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Lastebilsjåfør
Bokbussjåfør
Tankbilsjåfør

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Bussjåfør 8322
Lokomotivførar 8311

**Yrkesgruppe 833**
Operatørar av andre mobile maskinar o.l.

Yrke innanfor denne gruppa:
8331 Anleggsmaskinførarar
8332 Kran- og heisførarar o.l.
8333 Truckførarar

***8331 Anleggsmaskinførarar***
Anleggsmaskinførarar køyrer, opererer og overvaker maskinar som grev, jamnar, planerer og pakkar jord og masse og legg dekke av asfalt og betong.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- køyre og operere maskinar med rørleg skovl eller grabb for å grave ut og flytte jord, stein, sand og grus eller for å utføre rivingsarbeid
- køyre og operere grøftegravarar for å lage grøfter til vass- og avløpsrøyr, olje- og gassleidningar o.l.
- køyre og operere høvel for å flytte, fordele og jamne jord, sand, snø o.a.
- operere pålemaskinar for å ramme stål-, tre- eller betongpålar ned i bakken
- operere valsemaskinar for å komprimere og jamne massar ved veganlegg o.l.
- operere maskinar som legg ut og jamnar betong eller asfalt ved veganlegg o.l.

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Fagarbeidar (maskinførar)
Gravemaskinkøyrar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Truckførar 8333

***8332 Kran- og heisførarar o.l.***
Kran- og heisførarar o.l. opererer kranar og andre heisinnretningar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake mobile eller stasjonære kranar med faste eller rørlege bommar
- operere og overvake utstyr for heising, firing eller lyfting av mannskap og materialar på byggjeplassar eller i gruver
- operere og overvake skiheisar o.l.
- operere og overvake kabelutstyr e.l. for overfiring av mannskap og materialar
- operere og overvake maskineri som opnar og stengjer vippebruer

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Kranførar
Heisførar
Taubaneførar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Fagarbeidar (maskinførar) 8331

***8333 Truckførarar***
Truckførarar køyrer, opererer og overvaker lyftetruckar eller liknande køyrety.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- operere og overvake lyftetruckar o.l. for å laste og losse, transportere, lyfte og stable pallar med gods i terminalar, hamner, lager, fabrikkar o.l.

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Truckførar

**Yrkesgruppe 834**
Dekks- og maskinmannskap (skip)

Yrke innanfor denne gruppa:
8341 Dekksmannskap (skip)
8342 Maskinmannskap (skip)

### *8341 Dekksmannskap (skip)*

Dekksmannskap utfører arbeid med lasting og lossing, vedlikehaldsarbeid og anna førefallande arbeid om bord på skip.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- stå utkikksvakt
- styre skip i samsvar med instruksjonar
- handtere fortøyingar
- utføre vedlikehaldsarbeid, måling og rustpikking
- køyre vinsjar og kranar
- gjere klar til lasting og lossing
- reingjere dekk, tankar og lasterom

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Matros
Lettmatros
Jungmann

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Dekksoffiser 3142

### *8342 Maskinmannskap (skip)*

Maskinmannskap utfører arbeid i maskinane på skip og andre farty.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å

- utføre maskinvaktteneste
- halde ved like maskinar
- reingjere og halde ved like maskinrom
- halde ved like pumper og pumperom på tankskip

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Smørjar (skip)
Reparatør (skip)

# Yrkesfelt 9

## Yrke utan krav til utdanning

Til dette yrkesfeltet høyrer yrke som består av enkle og rutineprega oppgåver og som hovudsakleg krev bruk av handreiskapar og fysisk innsats.

Dei fleste yrke innanfor dette yrkesfeltet har ingen krav til utdanning.

Dette yrkesfeltet er delt inn i følgjande yrkesområde:
91 Hjelpearbeidarar innanfor tenesteyting
92 Hjelpearbeidarar innanfor jordbruk, skogbruk og fiske
93 Hjelpearbeidarar innanfor bygg, anlegg, industri osv.

## Yrkesområde 91

### Hjelpearbeidarar innanfor tenesteyting

Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgrupper:
912 Ymist arbeid for privatpersonar og -hushald
913 Reingjering og anna hushaldsarbeid i føretak og og privathushald
914 Reingjering av bygningar, køyrety o.l.
915 Bod, dørvakter o.l.
916 Renovasjonsarbeidarar o.l.

### Yrkesgruppe 912

Ymist arbeid for privatpersonar og -hushald

Yrke innanfor denne gruppa:
9120 Ymist arbeid for privatpersonar og -hushald

#### *9120 Ymist arbeid for privatpersonar og -hushald*

Ymist arbeid for privatpersonar og -hushald inneber ulike servicetenester på staden som t.d. å klippe plen og mòke snø.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- klippe plen og luke i hage
- rydde innkjøyrsel, fortau o.l. for snø
- reingjere og pusse sko

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Snømòkar

### Yrkesgruppe 913

Reingjering og anna hushaldsarbeid i føretak og privathushald

Yrke innanfor denne gruppa:
9131 Reingjering/husarbeid i privathushald
9132 Reingjeringspersonale i føretak o.l.
9133 Kjøkken- og matanretningsassistentar

#### *9131 Reingjering/husarbeid i privathushald*

Reingjeringspersonale i privathushald utfører reingjeringsarbeid, handlar inn hushaldsvarer, lagar mat, serverer og utfører andre oppgåver i eit privat hushald.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- støvsuge, vaske golv, polere møbel, tørke støv o.l.
- vaske og stryke klede
- vaske opp
- lage og servere mat og drikke
- handle inn matvarer osv. til hushaldet

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Hushjelp
Vaskehjelp (privatheim)

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Vaskehjelp (kontor) 9132
Praktikant 5131

#### *9132 Reingjeringspersonale i føretak o.l.*

Reingjeringspersonale i føretak o.l. utfører reingjeringsarbeid i føretak, hotell, kontor og andre institusjonar og på flyplassar, tog, bussar o.l.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- støvsuge, vaske golv, polere møbel, tørke støv, tømme søppelkorger o.l.
- reie senger, vaske og gjere i stand rommet til neste gjest

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Stovejente
Reinhaldsassistent
Forpleiingsassistent (skip)

#### *9133 Kjøkken- og anretningsassistentar*

Kjøkken- og anretningsassistentar utfører ymist arbeid i kjøkkenavdelinga, t.d. enklare matlaging, gjer førebuande arbeid med råvarer, utporsjonering av mat og koking av kaffi. Dei er også ansvarlege for orden og reinhald i anretningen.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- lage enklare mat
- førebu arbeid med råvarer for matlaging
- porsjonere ut mat
- ekspedere matretter frå sjølvserveringsdisk
- koke kaffi
- rydde og vaske opp
- halde orden og reingjere anretningen

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Kjøkkenassistent
Kjøkkenhjelp
Anretningsassistent

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Reingjeringshjelp (føretak) 9132
Hushjelp 9131

**Yrkesgruppe 914**
Reingjering av bygningar, køyrety o.l.

Yrke innanfor denne gruppa:
9141 Vindaugspussarar
9142 Bilklargjerarar

***9141 Vindaugspussarar***
Vindaugspussarar vaskar og pussar vindauge og glasfasadar o.l.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- vaske og pusse vindauge og glasfasadar

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Vindaugspussar

***9142 Bilklargjerarar***
Bilklargjerarar utfører arbeid med å vaske og reinse bilar innvendig og utvendig, utfører ymist anna bilpleiearbeid og gjer også bilar klare til sal.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- vaske og polere bilar innvendig og utvendig
- reinse og støvsuge bilar innvendig o.l.
- fjerne voksbelegg, plast o.l. på nye bilar
- gjere nye bilar klare til levering til importør

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Bilpleiar
Bilmottakar
Bilreinsar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Bilmekanikar 7231
Bilopprettar 7217
Bilseljar 5221

**Yrkesgruppe 915**
Bod, dørvakter o.l.

Yrke innanfor denne gruppa:
9151 Bod o.l.
9152 Vakter og dørvakter
9153 Målaravlesarar o.l.

***9151 Bod o.l.***
Bod ber ut og leverer meldingar, pakkar og andre sendingar innanfor eit føretak eller mellom føretak, til hushald eller andre stader eller ber bagasje på hotell, stasjonar eller flyplassar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- bere ut og levere aviser, reklamemateriell o.l.
- bere ut meldingar, pakkar eller andre sendingar internt eller eksternt
- bere og levere bagasje på hotell, stasjonar, flyplassar og andre stader

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Avisbod
Sykkelbod

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Vare- og bodbilsjåfør 8321

***9152 Vakter og dørvakter***
Vakter og dørvakter passar parkeringsplassar, hus og andre eigedomar, samlar inn billettar og tilviser plassar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- stå ved inngangen til restaurantar og andre underhaldningsetablissement, kontrollere om gjestene har rett til å kome inn, og gje naudsynt informasjon
- passe på hus og andre eigedomar for å hindre innbrot, brann o.l.
- samle inn billettar og tilvise folk plass t.d. på sportsarenaer, kino, teater osv.
- passe offentlege toalett
- arbeide på parkeringsplassar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her er:
Dørvakt
Toalettvakt
Portier

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Tryggingsvakt 5169
Vektar 5164

***9153 Målaravlesar o.l.***
Målaravlesarar o.l. les av målarapparat for verobservasjonar, elektrisitets-, gass- eller vassforbruk, fyller på vareautomatar og tømmer myntboksar og parkeringsautomatar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- lese av målarar for å registrere forbruk av elektrisitet, gass, vatn o.l.
- fylle på vareautomatar og tømme myntboksar
- tømme parkeringsautomatar eller andre myntboksar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Målaravlesar
Vêrobservatør

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Meteorologifullmektig 4129

**Yrkesgruppe 916**
Renovasjonsarbeidarar o.l.

Yrke innanfor denne gruppa:
9160 Renovasjonsarbeidarar o.l.

***9160 Renovasjonsarbeidarar o.l.***
Renovasjonsarbeidarar o.l. hentar søppel og avfall frå hushald, gardar, føretak og andre stader og feiar og held reint på gater, stasjonar, flyplassar, i parkar og andre offentlege plassar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- hente søppel og avfall, laste det over på køyrety og transportere det til avfallsanlegg
- stå for driftsoppgåver på avfallsanlegg
- feie gater, stasjonar, flyplassar og liknande offentlege plassar
- plukke søppel og feie og rake i parkar

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Renovasjonsarbeidar
Renovatør

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Vaktmeister 5163
Feiar 7144

## Yrkesområde 92

## Hjelpearbeidarar innanfor jordbruk, skogbruk og fiske
Dette yrkesområdet omfattar følgjande yrkesgruppe:
921 Hjelpearbeidarar innanfor jordbruk, skogbruk og fiske

**Yrkesgruppe 921**
Hjelpearbeidarar innanfor jordbruk, skogbruk og fiske

Yrke innanfor denne gruppa:
9210 Hjelpearbeidarar innanfor jordbruk, skogbruk og fiske

***9210 Hjelpearbeidarar innanfor jordbruk, skogbruk og fiske***
Hjelpearbeidarar innanfor jordbruk, skogbruk og fiske hjelper til med hausting og sanking av grønsaker, bær, frukt og andre vekstar.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- hauste frukt, grønsaker og andre vekstar
- sanke bær, sopp og andre skogsvekstar
- samle sjøgras, algar, muslingar og andre blautdyr

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Jordbærplukkar
Soppsankar

Eksempel på yrkestittel som **ikkje** skal klassifiserast her:
Avløysar 6121

## Yrkesområde 93

## Hjelpearbeidarar innanfor bygg, anlegg, industri osv.
Dette yrkesområdet er delt inn i følgjande yrkesgrupper:
931 Hjelpearbeidarar innanfor bygg, anlegg, vedlikehald o.l.
932 Hjelpearbeidarar innanfor industri
933 Hjelpearbeidarar innanfor lager og godshandtering

**Yrkesgruppe 931**
Hjelpearbeidarar innanfor bygg, anlegg, vedlikehald o.l.

Yrke innanfor den gruppa:
9310 Hjelpearbeidarar innanfor bygg, anlegg, vedlikehald o.l.

***9310 Hjelpearbeidarar innanfor bygg, anlegg, vedlikehald o.l.***
Hjelpearbeidarar innanfor bygg, anlegg, vedlikehald o.l. utfører enkle og rutineprega arbeidsoppgåver.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- grave og fylle igjen hol og grøfter, spreie ut grus o.l. og utføre liknande arbeidsoppgåver i samband med bygging av vegar og jernbanar
- reinske opp murstein i nedrivne murbygningar og utføre andre enkle arbeidsoppgåver på rivingsplassar
- fjerne ulike hindringar i samsvar med instruksjon
- bere sement til murarar eller hjelpe til på byggjeplassar på annan måte
- utføre hjelpearbeid i steinbrot

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Hjelpearbeidar (veg)
Hjelpearbeidar (bygg)

**Yrkesgruppe 932**
Hjelpearbeidarar innanfor industri

Yrke innanfor denne gruppa:
9320 Hjelpearbeidarar innanfor industri

***9320 Hjelpearbeidarar innanfor industri***
Hjelpearbeidarar innanfor industri utfører enkle og rutineprega arbeidsoppgåver i samband med produksjonen eller pakkar materiale eller produkt for hand.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- pakke materiale eller produkt for hand i kartongar, esker, posar og sekker eller for transport/lagring
- flytte, lyfte, bere, laste, losse eller reinse råmateriale eller ferdige produkt

Eksempel på yrkestittel som skal klassifiserast her:
Pakkar

**Yrkesgruppe 933**
Hjelpearbeidarar innanfor lager og godshandtering

Yrke innanfor denne gruppa:
9330 Hjelpearbeidarar innanfor lager og godshandtering

***9330 Hjelpearbeidarar innanfor lager og godshandtering***
Hjelpearbeidarar innanfor lager og godshandtering handterer gods og pakkar, ber, lastar og lossar varer og utstyr.

Til arbeidsoppgåvene kan det høyre å
- laste og losse varer
- pakke møbel, maskinar, apparat o.a. som skal flyttast
- bere gods som skal lastast eller lossast frå lastebilar, farty, fly e.l.
- utføre andre enkle arbeidsoppgåver på lager

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Godshandterar
Hjelpearbeidar (flyttebil)
Hjelpearbeidar (lager)
Bryggjearbeidar

Eksempel på yrkestitlar som **ikkje** skal klassifiserast her:
Truckførar 8333
Kranførar 8332

# Yrkesfelt 0

**Militære yrke og uoppgjeve**
Til dette yrkesfeltet høyrer personell som gjer teneste i Forsvaret anten som yrkesmilitære eller som vernepliktige.

Tilsette i sivile yrke i Forsvaret vert plasserte i sine respektive yrke.

Yrke som ikkje kan identifiserast pga. for få opplysningar, vert også plasserte i dette feltet.

Dette yrkesfeltet er delt inn i følgjande yrkesområde:
00 Uoppgjeve eller yrke som ikkje kan identifiserast
01 Militære yrke

**Yrkesområde 00**

**Uoppgjeve eller yrke som ikkje kan identifiserast**
Dette yrkesområdet omfattar følgjande yrkesgruppe:
000 Uoppgjeve eller yrke som ikkje kan identifiserast

**Yrkesgruppe 000**
Uoppgjeve eller yrke som ikkje kan identifiserast

Yrke innanfor denne gruppa:
0000 Uoppgjeve eller yrke som ikkje kan identifiserast

***0000 Uoppgjeve eller yrke som ikkje kan identifiserast***
Her plasserer ein yrke som ikkje lèt seg plassere i andre yrke pga. manglande eller utilstrekkelege opplysningar.

**Yrkesområde 01**

**Militære yrke**
Dette yrkesområdet omfattar følgjande yrkesgruppe:
011 Militære yrke

**Yrkesgruppe 011**
Militære yrke

Yrke innanfor denne gruppa:
0111 Meinige
0112 Befal I
0113 Befal II

***0111 Meinige***
Meinige omfattar meinig og korporal som gjer teneste i Forsvaret eller Sivilforsvaret.

***0112 Befal I***
Befal I omfattar befal frå sersjant til kaptein eller frå kvartermeister II til kapteinløytnant.

Eksempel på yrkestitlar som skal klassifiserast her:
Sersjant
Fenrik
Løytnant
Kaptein

***0113 Befal II***
Befal II omfattar befal med høgare grad enn kaptein eller kapteinløytnant.

# Publiserte standardar for norsk statistikk

*Published standard for Norwegian Statistics*

**I serien Standardar for statistikk (SNS)**
*Issued in the series Standards for Norwegian Statistics (SNS)*

Kontoplanen i nasjonalregnskapet. Ajourført mai 1989 *Accounting system of the National Accounts. Updated May 1989.* 1989-95s.
(SNS NR. 1) 45 kr ISBN 82-537-3792-5

Standard for næringsgruppering *Standard Industrial Classification.* 1983-49s. (SNS NR. 2) 35 kr ISBN 82-537-2806-9

Standard for handelsområder. Etter kommuneinndelingen pr. 1. januar 1989. 1989-39s.
(SNS nr. 4) 20 kr ISBN 82-537-2212-5

Standard for kommuneklassifisering *Standard Classification of Municipalities.* 1985-46s.
(SNS nr. 4) 20 kr ISBN 82-537-2212-5

Standard for inndeling etter sosioøkonomisk status Standard Classifications of Socioeconomic Status. 1984-32s. (SNS nr. 5) 12 kr ISBN 82 537-2073-4

**I serien Noregs offisielle statistikk (NOS)**
***Issued in the series Official Statistics of Norway (NOS)***

Klassifikasjon av sykdommer, skader og dødsårsaker. Norsk utgave av ICD-9 Systematisk del. Opptrykk. 1993-310s. (NOS C 107) 210 kr ISBN 82-537-2966-9 ISSN 0333-1741

Klassifikasjon av sykdommer, skader og dødsårsaker. Norsk utgave av ICD-9 Stikkordsregister. Opptrykk. 1993-153s. (NOS C 108) 150 kr ISBN 82-537-2350-4 ISSN 0333-1741

Klassifikasjon av sykdommer, skader og dødsårsaker. Norsk utgave av *International Classification of Diseases, Ninth Revision (ICD-9)*. Systematisk del. Revidert 1990. 1990-310s. (SNS nr. 6) 100 kr ISBN 82-537-2966-9 Stikkordregister. Opptrykk 1992. 153s. (SNS nr. 6) 115 kr ISBN 82-537-2350-4

Standard for utdanningsgruppering i offentlig norsk statistikk Revidert 1989 Norwegian Standard Classification of Education Revised 1989. 1989-161s. (SNS nr. 7) 60 kr ISBN 82-537-2793-3

Internasjonal standard for varegruppering i statistikken over utenrikshandelen (SITC-Rev. 3). 1989-96s. (SNS nr. 9) 55 kr ISBN 82-537-2741-0

# Referansar til Standard for yrkesklassifisering

**ILO**
International Standard Classification of Occupations: ISCO-88. Geneva, International Labour Office, 1990, ISBN 92-2-106438-7

**The University of Warwick**
Institute for Employment Research Implementing a Common Classification of Occupations across Europe (ISCO-88 (COM). Peter Elias and Margaret Birch (September 1995)

# Dei sist utgitte publikasjonane i serien Noregs offisielle statistikk

## *Recent publications in the series Official Statistics of Norway*

Meirverdiavgift på 23 prosent kjem i tillegg til prisane i denne oversikta dersom ikkje anna er oppgitt

C 488 Befolkningsstatistikk 1997: Hefte III Oversikt *Population Statistics 1997: Volume III Survey.* 1998. 156s. 115 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4592-3

C 489 Lakse- og sjøaurefiske 1997 *Salmon and Sea Trout Fisheries 1997.* 1998. 41s. 75 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4595-8

C 490 Dødsårsaker 1995 *Causes of Death 1995.* 1998. 226s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4598-2

C 491 Olje- og gassvirksomhet 3. kvartal 1998: Statistikk og analyse *Oil and Gas Activity 3rd Quarter 1998: Statistics and Analysis.* 1998. 120s. 110 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4604-0

C 492 Barnehager 1997 *Kindergartens 1997.* 1999. 58s. 105 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4605-9

C 493 Jordbruksstatistikk 1997 *Agricultural Statistics 1997.* 1999. 150s. 115 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4606-7

C 494 Lønnsstatistikk 1997 *Wage Statistics 1997.* 1998. 103s. 100 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4607-5

C 513 Regionale inndelinger: En oversikt over standarder i norsk offisiell statistikk *Regional Classifications: An Overview of Standards in Norwegian Official Statistics.* 1999. 117s. 125 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4608-3

C 514 Lastebiltransport 1995-1997 *Road Goods Transport 1995-1997.* 1999. 136s. 125 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4632-6

C 515 Regnskapsstatistikk for finansielle foretak 1990-1997 *Accounting Statistics for Financial Enterprises 1990-1997.* 1999. 100s. 125 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4633-4

C 516 Helseundersøkelsen 1995 *Health Survey 1995.* 1999. 221s. 170 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4634-2

C 518 Energistatistikk 1997 *Energy Statistics 1997.* 1999. 129s. 125 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4653-9

C 519 Sosialstatistikk 1997 *Social Statistics 1997.* 1998. 56s. 105 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4655-5

C 520 Pleie- og omsorgsstatistikk 1997 *Nursing and Care Statistics 1997.* 1999. 73s. 105 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4656-3

C 521 Standard for yrkesklassifisering *Standard Classification of Occupations.* 1999. 127s. 125 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4657-1

C 522 Det europeiske nasjonalregnskapssystem ENS 1995. 1999. 429s. 210 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4660-1

C 523 Kulturstatistikk 1997 *Cultural Statistics 1997.* 1999. 125s. 125 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4662-8

C 524 Folke- og boligtelling 1990: Dokumentasjon og hovedtall *Population and Housing Census 1990: Documentation and Main Figures.* 1999. 205s. 170 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4664-4

C 525 Olje- og gassvirksomhet 4. kvartal 1998: Statistikk og analyse *Oil and Gas Activity 4th Quarter 1998: Statistics and Analysis.* 1999. 72s. 105 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4666-0

C 526 Statistisk varefortegnelse for utenrikshandelen 1999: Tillegg til Månedsstatistikk for utenrikshandelen 1999. 1999. 188s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4667-9

C 527 Commodity List. External Trade 1999: Supplement to Monthly Bulletin of External Trade 1999. 1999. 147s. 125 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4668-7

C 528 Kriminalstatistikk 1997 *Crime Statistics 1997.* 1999. 119s. 125 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4672-5

C 529 Kommune-Norge i tall 1997. 1999. 61s. 105 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4681-4

C 533 Byggjearealstatistikk 1998 *Building Statistics 1998.* 1999. 52s. 105 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4691-1

C 535 Utenrikshandel 1998 *External Trade 1998.* 1999. 150s. 140 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4695-4

C 538 Kvartalsvis nasjonalregnskap 1978-1998 Produksjon, anvendelse og sysselsetting. 1999. 113s. 125 kr inkl. mva. ISBN 82-537-4700-4

C

*Returadresse:*
Statistisk sentralbyrå
N-2225 Kongsvinger

Publikasjonen kan tingast frå:

Statistisk sentralbyrå
Salg- og abonnementservice
N-2225 Kongsvinger

Telefon: 62 88 55 00
Telefaks: 62 88 55 95

*eller:*

Akademika - avdeling for
offentlege publikasjonar
Møllergt. 17
Postboks 8134 Dep.
N-0033 Oslo

Telefon: 22 11 67 70
Telefaks: 22 42 05 51

ISBN 82-537-4705-5
ISSN 0333-1741

Pris kr 125,00 inkl. mva

Statistisk sentralbyrå
Statistics Norway

9 788253 747057

Falch Hurtigtrykk, Oslo 16861 www.falch.no